- Undersøkelsen framhever betydningen av at organisasjonen er godt administrert, evner å løse konflikter og gir tilstrekkelig opplæring, samt at frivillige får arbeidsoppgaver som oppleves nyttige og har klart definerte mål. Dette er forhold som henger nært sammen med både generell tilfredshet, lojalitet og tilhørighet, samt vilje til å fortsette.

«Motivasjonssvikt og misnøye med organisering kan redusere tilfredshet og gjøre at man vurderer å slutte, men når det kommer til stykket, er det ofte livssituasjonen som er utslagsgivende»

Wollebæk m.fl. 2015:144

«Når tallene viser at noen grupper systematisk blir sjeldnere spurt enn andre, tyder analysene på at det finnes et nokså stort urealisert potensiale for frivillighet i den norske befolkningen»

Wollebæk m.fl. 2015:159

Sentrale referanser:

Clary, E. G., Snyder, M. & Ridge, R. (1992). Volunteers' Motivations: A Functional Strategy for the Recruitment, Placement and Retention of Volunteers. *Nonprofit Management & Leadership*, 2, 233-350

Musick, M. A. & Wilson, J. (2008). *Volunteers: A social profile*: Indiana University Press
Musick, M. A. & Wilson, J. (2008). *Volunteers: A social profile*: Indiana University Press.

Wollebæk, D. & Sivesind, K. H. (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi. Frivillig innsats i Norge 1997-2009*. Rapport 3/2010. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom Uni Rokkansenteret og Institutt for samfunnsforskning.



DEN NORSKE KIRKE

Stavanger bispedømmeråd 2020-2023

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Gunnar Rønnestad	502	21/00740-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
24/21	Stavanger bispedømmeråd 2020-2023	22.03.2021

Høringssvar: Regler for tilkjenning av medlemskap for personer som ikke er bosatt i riket eller norske borgere bosatt i utlandet

Vedlegg:

20_04772-2Regler for tilkjenning av medlemskap for personer som ikke er bosatt i riket eller norske borgere bosatt i utlandet - høring med vedlegg.pdf

Saksorientering

I § 4 i kirkeordningen som trådte i kraft ved nyttår 2021, er medlemskrav for Den norske kirke – foruten dåp – at man er bosatt i riket eller norsk borger bosatt i utlandet. Videre heter det at biskopen etter nærmere regler vedtatt av Kirkemøtet kan bestemme at andre personer som ikke oppfyller disse kriteriene kan bli medlem av Den norske kirke. Kirkemøtet må derfor vedta et regelverk som kan oppfylle kravet i kirkeordningen.

I vedlagt høringsnotat fremlegger Kirkerådet følgende forslag til regler for tilkjenning av medlemskap for personer som ikke er bosatt i riket eller norske borgere bosatt i utlandet:

§ 1 Når særlige grunner taler for det, kan biskopen bestemme at en person som ikke er bosatt i riket, men som oppholder seg her, kan bli medlem av Den norske kirke.

§ 2 Søknad om medlemskap fremmes av menighetsrådet i det soknet der den det søkes for har sin tilknytning. I søknaden skal det gis en beskrivelse av bakgrunn, rettslig og kirkelig status samt hvilken type tilknytning vedkommende har til menigheten.

§ 3 Biskopen kan også bestemme at en person som ikke er norsk statsborger og som er bosatt i utlandet kan bli medlem av Den norske kirke. Den som ønsker å bli medlem, fremmer selv søknad for biskopen i det bispedømme der vedkommende har en tilknytning.

§ 4 Når biskopen har gjort vedtak om tilkjenning av medlemskap, sendes melding om dette til Kirkerådet slik at opplysninger blir inntatt i medlemsregisteret.

§ 5 Den som står oppført i medlemsregisteret på disse vilkår, har så langt det lar seg gjøre selv ansvar for å melde fra om endring i status for medlemskap, enten dette gjelder flytting til et annet sokn eller til utlandet eller utmelding av Den norske kirke. Det skal også gis melding dersom medlemmet skifter status til bosatt i riket.

I høringsnotatet blir det redegjort for det fremlagte forslaget til regler.

Stiftsdirektøren legger til grunn at fremlagt forslag kan støttes.

Forslag til vedtak

Stavanger bispedømmeråd støtter fremlagt forslag til regler for tilkjenning av medlemskap for personer som ikke er bosatt i riket eller norske borgere bosatt i utlandet.



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Stavanger bispedømmeråd
Lagårdsveien 44

4010 STAVANGER

Dato: 15.02.2021

Vår ref: 20/04772-2 jm782

Deres ref:

Regler for tilkjenning av medlemskap for personer som ikke er bosatt i riket eller norske borgere bosatt i utlandet - høring

Til

Biskopene
Bispedømmerådene

I § 4 i kirkeordningen som trådte i kraft ved nyttår 2021, er medlemskrav for Den norske kirke – foruten dåp – at man er bosatt i riket eller norsk borger bosatt i utlandet. Videre heter det at biskopen etter nærmere regler vedtatt av Kirkemøtet kan bestemme at andre personer som ikke oppfyller disse kriteriene kan bli medlem av Den norske kirke. Kirkemøtet må derfor vedta et regelverk som kan oppfylle kravet i kirkeordningen.

Vedlagt ligger forslag til et slikt regelverk, som med dette sendes på høring. Reglene skal etter planen vedtas på Kirkemøtet 2021. Kommentarer til reglene bes sendt Kirkerådet innen **mandag 15. april**.

Med vennlig hilsen

Ingrid Vad Nilsen
direktør

Ole Inge Bekkelund
seksjonsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:
Høringsnotat

Mottakere:

Agder og Telemark bispedømmeråd	Postboks 208	4662 KRISTIANSAND S
Borg bispedømmeråd	Bjarne Aasgt. 9	1606 FREDRIKSTAD
Bjørgvin bispedømmeråd	Postboks 1960	5817 BERGEN
Hamar bispedømmeråd	Postboks 172	2302 HAMAR
Nidaros bispedømmeråd	Kongsgårdsgata 1a,Erkebispegården	7013 TRONDHEIM
Nord-Hålogaland bispedømmeråd	Postboks 790	9258 TROMSØ
Oslo bispedømmeråd	Postboks 9307 Grønland	0135 OSLO
Stavanger bispedømmeråd	Lagårdsveien 44	4010 STAVANGER
Sør-Hålogaland bispedømmeråd	Tolder Holmers vei 11	8003 BODØ
Tunsberg bispedømmeråd	Postboks 10 Kaldnes	3119 TØNSBERG
Møre bispedømmeråd	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Hamar biskop	Postboks 172	2302 HAMAR
Preses i Bispedømmet	Postboks 799 Sentrum	0106 OSLO
Nidaros biskop	Kongsgårdsgata 1a,Erkebispegården	7013 TRONDHEIM
Oslo biskop	Postboks 9307 Grønland	0135 Oslo
Bjørgvin biskop	Postboks 1960	5817 BERGEN
Nord-Hålogaland biskop	Postboks 790	9258 TROMSØ
Møre biskop	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Agder og Telemark biskop	Postboks 208	4662 KRISTIANSAND S
Stavanger biskop	Lagårdsveien 44	4010 STAVANGER
Tunsberg biskop	Postboks 10 Kaldnes	3119 TØNSBERG
Borg biskop	Bjarne Aasgt. 9	1606 FREDRIKSTAD
Sør-Hålogaland biskop		

HØRINGSNOTAT:

Tilkjenning av medlemskap i Den norske kirke

Kirkerådet 5. februar 2021

Bakgrunn

Kirkeordningen § 4 første og annet ledd definerer hvem som kan være medlem i Den norske kirke. Foruten kravet om dåp, er kravet at man er bosatt i riket eller norsk statsborger bosatt i utlandet.

Kirkeordningen åpner for at biskopen kan bestemme at personer som ikke oppfyller kravene til medlemskap i § 4 første ledd kan bli medlemmer av Den norske kirke. Det skal skje etter egne regler vedtatt av Kirkemøtet.

Medlemskap for personer som befinner seg i Norge

Formuleringen «bosatt i riket» er overtatt fra kirkeloven. Den betegner en person som har fast adresse i Norge minst halvparten av årets dager. Det er en underliggende forutsetning at vedkommende dermed også har oppholdstillatelse som gjelder for mer enn seks måneder. Personer som ikke har oppholdstillatelse eller som har oppholdstillatelse for inntil seks måneder, regnes ikke som bosatt i riket.¹

I Kirkerådets første utkast til kirkeordning var betegnelsen «bosatt» foreslått endret til «med lovlig opphold». Endringen var ment å fange opp at gruppen som har lovlig opphold i Norge er noe større enn dem som regnes som bosatt.² Den inneholder også bl.a. asylsøkere som venter på svar på sin søknad. Det kan også gjelde andre personer uten folkeregistrert adresse.

Endringen ble kritisert i høringsrunden, og som en konsekvens foreslo Kirkerådet at kirkelovens formulering ble videreført, men at det i tillegg gis en åpning for at biskopen etter nærmere regler vedtatt av Kirkemøtet i særlige tilfeller kan tildele medlemskap også til personer som ikke er bosatt i riket. Dette ble vedtatt av Kirkemøtet. Følgelig er det nå behov for å fastsette regler knyttet til denne bestemmelsen.

Kravet om å være bosatt er nært knyttet til tilhørigheten til et bestemt sokn. Den som ikke har fast bosted, er heller ikke knyttet til et sokn, og har dermed heller ikke noe sted hvor medlemskapet kan komme til uttrykk. For den gruppen det her er snakk om, vil det dermed være nødvendig at vedkommende biskop som treffer vedtak om medlemskap samtidig bestemmer hvilket sokn det nye medlemmet skal tilhøre. På grunn av den manglende faste adressen er det heller ikke i utgangspunktet opplagt

¹ Sistnevnte gruppe kan likevel få tildelt et d-nummer, som er alternativ til fødsels- og personnummer, men hvor første siffer er plussset på med fire.

² Jf. Forskrift om sosiale tjenester for personer uten fast bopel i Norge
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1251>

hvilken biskop som skal treffe vedtak, men det legges her til grunn at det i utgangspunktet er biskopen på det stedet der personen faktisk oppholder seg.

Det legges også til grunn at personer som ønsker å bli medlemmer har en form for tilknytning til en menighet, og at det er denne tilknytningen som ligger til grunn for ønsket om medlemskap. Det vil derfor være naturlig at det er menigheten som søker på vegne av den enkelte som ønsker å bli medlem.

Tilkjenning av medlemskap for personer i denne gruppen vil utløse fulle medlemsretter etter kirkeordningen. Vedkommende vil kunne stemme ved kirkelige valg og være valgbar til kirkelige ombud både på soknenivå og nasjonalt nivå på linje med øvrige medlemmer i Den norske kirke.

Det må legges til grunn at det bare er i helt spesielle tilfeller og etter grundige undersøkelser, at biskopen vil treffe avgjørelse om å gi medlemskap til personer som ikke er bosatt i riket. Det menighetsrådet som søker må oppgi hvilken rettslig status den omsøkte har, det vil si om vedkommende enten er asylsøker hvor søknaden ikke er endelig avgjort, i så fall hvor langt prosessen er kommet, eller om vedkommende er ureturnerbar. Videre hvilken kirkelige status vedkommende har, det vil si når og hvor vedkommende er døpt, og eventuell opprinnelig kirketilknytning. For at biskopen skal ha tilstrekkelig beslutningsgrunnlag, vil det også være nødvendig å vite hvilken forbindelse det er mellom menighetsrådet som søker og den det søkes for.

Medlemskap for personer i utlandet som ikke er norske borgere

Som nevnt er medlemskap for personer som ikke befinner seg i riket begrenset til personer med norsk statsborgerskap. Disse har i dag ikke mulighet til å stemme ved kirkelige valg og er heller ikke valgbare. Trossamfunnsloven åpner for at Kirkemøtet kan gi regler som endrer dette. Kirkerådet vil komme tilbake til dette spørsmålet i forbindelse med saken om endringer av kirkevalgeregler m.m. til Kirkemøtet 2022.

Det kan imidlertid også tenkes personer med tilknytning til Norge og Den norske kirke, men som ikke er statsborgere, vil ha et ønske om å stå oppført som medlemmer. Det vil særlig kunne gjelde personer med en nær tilknytning til norske borgere, f.eks. ektefeller eller barn som er født i utlandet, men av ulike grunner ikke er norske borgere. Også for personer i denne gruppen vil det kunne være aktuelt for biskopen å bestemme at vedkommende kan være medlem av Den norske kirke. Det antas at en slik mulighet vil være ukontroversiell og av minimal betydning for Den norske kirkes totale medlemstall.

Registrering

Biskopen som har tilkjent medlemskap for en person i en av gruppene over, sender melding om dette til Kirkerådet. Det er grunn til å tro at kun et lite antall personer vil bli gitt medlemskap på denne måten, og det foreslås derfor at Kirkerådet tar seg av all saksbehandling som er knyttet til registrering av disse gruppene med medlemmer. Ettersom de ikke har en folkeregistrert adresse, legges det til grunn at medlemsregisteret inneholder kontaktinformasjon, evt. kontaktpersoner, for det angjeldende medlem.

Ettersom endring i medlemsstatus ikke skjer automatisk, vil de aktuelle medlemmene selv bli ansvarlig for å melde endringer til registeret. Det gjelder flytting til et annet sogn i Norge, flytting/hjemsendelse til utlandet og utmelding, evt. som følge av overgang til et annet kirkesamfunn.

Det er grunn til å anta at personer uten bosted som registreres på denne måten står i risiko fra å bli utvist fra riket. Forslaget til regler tar ikke stilling til om medlemskapet i så fall skal falle bort, eller om de vil kunne videreføres som medlemmer. Det kan være grunn til å falle ned på det siste. Disse vil da være å regne på linje med personer som er registrert etter § 3. Det må under alle omstendigheter lages en rutine for sletting fra registeret etter en viss periode etter siste kontakt.

Forslag til regler for tilkjenning av medlemskap for personer som ikke er bosatt i riket eller norske borgere bosatt i utlandet

Gitt med hjemmel i kirkeordning for Den norske kirke § 4 første ledd

§ 1 Når særlige grunner taler for det, kan biskopen bestemme at en person som ikke er bosatt i riket, men som oppholder seg her, kan bli medlem av Den norske kirke.

§ 2 Søknad om medlemskap fremmes av menighetsrådet i det soknet der den det søkes for har sin tilknytning. I søknaden skal det gis en beskrivelse av bakgrunn, rettslig og kirkelig status samt hvilken type tilknytning vedkommende har til menigheten.

§ 3 Biskopen kan også bestemme at en person som ikke er norsk statsborger og som er bosatt i utlandet kan bli medlem av Den norske kirke. Den som ønsker å bli medlem, fremmer selv søknad for biskopen i det bispedømme der vedkommende har en tilknytning.

§ 4 Når biskopen har gjort vedtak om tilkjenning av medlemskap, sendes melding om dette til Kirkerådet slik at opplysninger blir inntatt i medlemsregisteret.

§ 5 Den som står oppført i medlemsregisteret på disse vilkår, har så langt det lar seg gjøre selv ansvar for å melde fra om endring i status for medlemskap, enten dette gjelder flytting til et annet sogn eller til utlandet eller utmelding av Den norske kirke. Det skal også gis melding dersom medlemmet skifter status til bosatt i riket.

Vedlegg I: Kirkeordningen § 4

§ 4 Medlemskap og tilhørighet

Dåp er en forutsetning for medlemskap i Den norske kirke.

Bare person som er bosatt i riket og norsk statsborger bosatt i utlandet, kan være medlem av Den norske kirke. Biskopen kan etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet bestemme at også andre personer kan være medlem av kirken.

Barn anses å høre inn under Den norske kirke fra fødselen dersom foreldrene er medlemmer.

Et barn registreres som tilhørig når foreldrene gir melding om det. Foreldrene må gi slik melding også når barnet anses å høre inn under Den norske kirke fra fødselen. Melding kan gis selv om bare en eller ingen av foreldrene er medlem av Den norske kirke. Når barnet har fylt 18 år uten å ha blitt medlem, faller tilhørigheten bort.

Kirkemøtet fastsetter nærmere regler om framgangsmåte for inn- og utmelding samt for registrering av tilhørighet i Den norske kirke.

Biskopen avgjør i tvilstilfelle om en person skal anses som medlem av Den norske kirke.

Vedlegg 2: Fra kirkemøtesak KM 06/19

For øvrig har det blitt vurdert nærmere hvorvidt dåp bør være det eneste vilkåret for medlemskap i Den norske kirke. Det kan være gode grunner til fortsatt å ha noen tilknytningskrav som forutsetning for å være medlem i Den norske kirke i tillegg til kravet om dåp. I forbindelse med kirkevalg vil for eksempel medlemmene få tilsendt valgkort, og det er behov for sikker og entydig identifikasjon av de registrerte medlemmene. Utformingen av det foreslåtte vilkåret om lovlig opphold i riket har blitt kritisert, og det foreslås å ta dette ut av forslaget. Hensikten var å *utvide* muligheten for å kunne bli medlem i Den norske kirke. Det foreslås at denne muligheten formuleres på en annen måte. Det er tatt inn et forslag om at biskopen kan godkjenne andre enn fast bosatte som medlemmer etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet. Dette vil kunne gi en åpning for at for eksempel asylsøkere vil kunne bli medlem i kirken. Medlemskap er uansett ikke noen betingelse for at presten likevel utfører kirkelige handlinger som dåp, vielse m.v.

Til: KR-Postmottak
Emne: Årsrapport fra Stavanger bispedømme
Vedlegg: Årsrapport for Stavanger bispedømme 2020.pdf; Strategi for Stavanger bispedømme 2019-2021.pdf; Årsplan 2020.pdf; Årsplan 2021.pdf

Hei!

Vedlagt ligger årsrapport 2020 fra Stavanger bispedømme, med vedlegg.

Mvh

Geir Skårland

Avdelingsleder menighetsutvikling, Stavanger bispedømme

+ 47 51 84 62 88 / + 47 41 60 76 24

gs496@kirken.no

www.kirken.no/stavanger

Følg oss på Facebook  [Stavanger bispedømme](#) og [Stavanger biskop Anne Lise Ådnøy](#)



DEN NORSKE KYRKJA
Stavanger bispedømme

Årsrapport for 2020

Stavanger biskop og bispedømmeråd



DEN NORSKE KYRKJA
Stavanger bispedømme

Innhald			
I		Vurdering frå leiarane	3
II		Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda	5
		Nøkkeltal frå bispedømmet	6
III		Årets aktivitetar og resultat	7
	A	Samla oversikt over resultat, måloppnåing	7
		Ressursbruk	8
	B	Resultatmål og nøkkelindikatorar	9
	1.	Gudstenesteliv	9
		Kyrkjeleg vigsel	11
		Kyrkjeleg gravferd	12
		Samisk gudstenesteliv	13
	2.	Dåp og trusopplæring	14
		Oppslutning om dåp	14
		Oppslutning om trusopplæringstiltak	18
		Oppslutning om konfirmasjon	21
		Trusopplæring for vaksne	24
	3.	Kunst og kultur	26
		Kor	28
		Opne kyrkjer	29
	4.	Kyrkje og samfunn	30
		Diakonal betjening	30
		Fellesskap for nye i Noreg	31
		Religionsdialog	33
		Digitalt nærvær	34
		Kyrkja i det offentlege rommet	39
		Kyrkje-skule-barnehage-samarbeid	41
		Inkluderande kyrkjeliv	42
		Diakonale arbeidsfelt	44
		Pilegrimar	47
		Misjon	49
	5.	Rekruttering, frivillige og ungdom	50
		Rekruttering til vigsla stillingar	50
		Frivillig teneste	53
		Arbeidsmiljø	55
		Tilbod til unge og ungdomsdemokrati	56
	6.	Bemanning – presteskap og administrasjon Ungdomsdemokrati	59
	C	Biskopen si verksemd	60
IV		Styring og kontroll i verksemda	61
	A	Helse, miljø og tryggleik	61
		Sjukefråvær	61
	B	Likestilling	62
	C	Vurdering av risikoen for misleghald	63
V		Vurdering av framtidsutsikter	64
VI		Årsrekneskap	68

Forsidebilde: Ei gudsteneste blir sendt frå Nærbo kyrkje. Foto: Torgeir Hauge/NK Media

I. Vurdering frå leiarane

Kyrkje er fellesskap.

For kvarandre si skuld måtte me i 2020 setta fellesskap på pause. For fyrste gong sidan Jesu tid blei det ikkje halde fysiske gudstenester i påska. Det blei lange periodar utan nattverdfeiring. Viljen til omsorg måtte finna nye vegar.

I staden skjedde mykje me ikkje hadde planlagt. Kyrkjemusikarar, trusopplærarar og prestar dukka opp med korte filmar på Facebook og kyrkjelydar fekk tusenvis av visningar av gudstenester på nett. Tilsette og frivillige kjøpte og lærte seg å bruka videoutstyr. Telefonen fekk eit oppsving. Bålpanne- og drive-in-gudstenester dukka opp for fyrste gong. Folk vendte seg meir mot dei næraste og meir mot den digitale verda på same tid.

Å ikkje kunna samlast og å måtta halda avstand skapar kyrkjeleg krise. For bispedømmet har stabil finansiering gjort at dei ytre rammene har vore trygge. Det er verksemda som har fått dei største endringane. Me har statistikk frå 2020, men han ser annleis ut. Tradisjonelle former for gudstenester, kyrkjelege handlingar og kyrkjelydsarbeid fekk nye rammer. Kyrkjelydane har måtta gjera mange vurderingar under vilkår som endrar seg frå veke til veke. Kyrkje på nett blei eit satsingsområde på ein heilt annan måte enn me såg føre oss.

Alle verksemdsområde måtte tenka nytt. Kreativiteten og innsatsviljen kyrkjelydane har vist at kyrkja er ei kompetanseverksemd med dyktige og engasjerte medarbeidarar.

Året som gjekk har kravd meir enn vanleg av både leiarar og medarbeidarar. Derfor har me prioritert hyppige møtepunkt mellom leiarar og tilsette, mellom biskop og prostar, prostar og kyrkjevevjerer og mellom biskop, bispedømmeråd og styret i kyrkjevevjerlaget. Kontakten har gjort at me har avdekkja utfordringar tidleg og funne felles løysingar på mykje av det som har utfordra oss. Det nye bispedømmerådet har arbeidd godt, men også sakna å ikkje kunna møtast ansikt til ansikt.

I året som gjekk har me opplevd to ting samtidig: Me har hatt større nytte av å stå saman og kunne samarbeide, parallelt med at det har vore viktig at kyrkjelydane er sjølvstendige einingar der vegen til handling er kort. For dei lokale einingane som var usikre har det vore viktig å kunna dela erfaringar med andre og få støtte og gode råd.

Arbeidet Kyrkjerådet har gjort med kontakt med nasjonale styresmakter og felles smittevernvegleiing har vore svært viktig for kyrkjelydane. Diskusjonar om detaljar i desse må sjåast i perspektiv av at dette har vore nødvendige verktøy i eit tid me har trengt å stå saman, men me har trengt ein klar, felles stemme for at trussamfunnet samtidig kan få sin nødvendige plass i samfunnet og ta del i dugnaden for å redda liv.

Ein gong i løpet av året blei det eit smitteutbrot knytt til ei gudsteneste, sjølv om smittevernrutinane i utgangspunktet var gode. Utbrotet blei handtert godt av kommune og kyrkje saman. Elles er det halde tusenvis av gudstenester og kyrkjelege handlingar utan at det har oppstått alvorlege hendingar. Tilsette, frivillige og deltakarar har kunna kjenna seg trygge.

Me har også stått saman som kyrkje på nett. Tala for kor mange som har stoppa opp ved digitale kyrkjeklypp er større en talet på kor mange som elles kjem til gudsteneste i løpet av eit år, sjølv om dette elles ikkje kan samanliknast.

Samtidig har kyrkjelydar og leiing vore opptekne av at det diakonale er viktigare enn det digitale. Til dels har det vore vanskeleg å operera diakonalt når ein ikkje kan tilby fellesskap på same måte. Samtidig finst det gode eksempel på alt frå quiz for lokalsamfunnet, systematiske ringerundar, tilsendte helsingar i inkluderingsarbeidet, samarbeid med NAV og kommunar og «walk and talk» som ei ny samtaleform. Me har ikkje vore rigga for ei systematisk og samla satsing, men har sett og delt gode initiativ lokalt.

I 2020 kunne me også lysa ut nye diakonstillingar. Som i fjor fekk me fleire søknadar enn me kunne innvilga, men dei nye ressursane gjev styrka tilbod til unge i Tysvær og Stavanger og diakonstillingar i tre område som tidlegare ikkje har hatt tilsett diakon.

Sola kyrkje blei vigsla 17. oktober 2020. Kyrkja ligg flott plassert i sentrum av Sola. Det har vore debatt om den nye kyrkja, men godt samarbeid med kommunen gjennom prosessen.

I eit uvanleg år har også noko vore stabilt. Medlemstalet viser dei same trendane som fjoråret. Nå er det 322 527 kyrkjemedlemmar i Stavanger bispedømme, 67 prosent av dei som bur i fylket. På bispedømmenivå er utviklinga stabil, med ein nedgang i medlemstalet på 0,4 % dei siste tre åra. Talet på innmelde og utmelde ligg på det nivået som er vanleg dei åra det ikkje er kyrkjeval.

Det har vore litt fleire kyrkjelege gravferder i 2020 enn i 2019. Oppslutninga om konfirmasjon er også stabil i prosent, sjølv om det har vore færre konfirmantar i årskullet. Talet på vigslar har ikkje gått like mykje ned som dei fleste andre stader i landet, sjølv om det har vore rundt 20 prosent færre av dei. Av naturlege grunnar er mange av desse utsette til etter pandemien.

Truleg har også nokre foreldre valt å utsetja eller eventuelt å ikkje døypa barn. Når det blir mogleg å samlast som vanleg, håpar me å gjera ein innsats for at gruppa som ikkje vel dåp kan bli så lita som mogleg. Frå 2018 til 2019, der me nå har tal som viser kor mange i årskullet som er døypte, gjekk oppslutninga om dåp i årskullet opp frå 55 til 59 prosent. I 2020 melder mange prestar at familiar har sett pris på dåp i eigne gudstenester, så dette håpar me å kunna leggja til rette for oftare framover.

Me veit framleis ikkje kor me landar etter pandemien. Det er også opp til kva me sjølv gjer. Me trur likevel at denne tida har vist eit kreativt potensial i kyrkjelydane, ei styrke til å stå i utfordringar i organisasjonen vår og eit stort behov for det kyrkja kan gje, både til vanleg og i krise. Ved starten på 2021 er me framleis i prosess for å takla pandemien, men også i gang med førebuingar for tida som kjem.

Stavanger, 12. mars 2020



Liv Heidrun Skaar Heskestad
leiar, Stavanger bispedømmeråd



Anne Lise Ådnøy
biskop

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal frå året

Organisering og formål

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd er ein del av Den norske kyrkja, med Kyrkjemøtet som leiande organ på nasjonalt nivå. Biskop og bispedømmeråd har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og dekker Rogaland fylke.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk, med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde fylgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrev frå Kyrkjerådet.

Stavanger biskop har tilsynsmynde for heile den kyrkjelege verksemda, leier prestetenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevarar for prestane i det daglege. Dei er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekka og nærja det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestar. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmekontoret er organisert i to avdelingar, i avdeling for personal-, økonomi og forvaltning og i avdeling for kyrkjelydsutvikling. Bispedømmerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Kyrkjemøtet sitt visjonsdokument og eigen strategi og årsplan for Stavanger bispedømme ligg til grunn for verksemd og aktivitetar.

I Stavanger bispedømme er det 90 sokn, med tilhøyrande sokneråd. Tre sokn har forsøk med samanslått sokneråd, slik at det i praksis er 88 sokneråd i funksjon. Det er 23 kommunar, med tilhøyrande kyrkjelege fellelråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrkjelege fellelråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet samarbeider med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom samarbeidsrådet for menighet og misjon.

Organisasjonen

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemmar og biskopen. Anne Lise Ådnøy har vore biskop sidan 17. mars 2019. Biskop og bispedømmeråd har felles administrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger. Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er dagleg leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes. Biskop og bispedømmekontor har 14,75 faste årsverk, for tida fordelt på 17 personar.

Nøkkeltal frå bispedømmet

PROSTI	MEDLEMMAR	INNBYGGJARAR	PROSENT I KYRKJA	ENDRING I MEDLEMSTAL FRÅ 2019	ENDRINGAR FRÅ 2018
Dalane	17186	17310	72 %	-124	-240
Stavanger-prostia	86971	144 147	60%	-408	-818
Haugaland	41632	41881	72 %	-249	-494
Jæren	50214	50197	72 %	17	53
Karmøy	32210	32213	76 %	-3	-146
Ryfylke	18422	19374	78 %	-952	-1032
Sandnes	49353	48588	60 %	765	720
Tungenes - Stv	26539	32627	81 %	261	260
Stavanger bispedømme	322 527	482 645	67 %	-1 351 (0,4%)	-2 648 (0,8 %)

PROSTI	INNMELDINGAR			UTMELDINGAR			PROSTI	INNMELDINGAR			UTMELDINGAR		
	2018	2019	2020	2018	2019	2020		2018	2019	2020	2018	2019	2020
Dalane	17	26	12	46	59	48	Karmøy	15	29	16	106	147	81
Domprostiet	23	56	25	208	337	218	Ryfylke	18	13	3	65	98	66
Ytre Stavanger	27	41	30	160	271	187	Sandnes	36	60	32	189	304	216
Haugaland	18	27	25	157	226	145	Tungenes	21	20	13	120	185	140
Jæren	33	49	50	201	268	202	Sum	208	321	206	1252	1895	1303

VOLUMTAL FOR BISPEDØMMET	2016	2017	2018	2019	2020
Tal døypte	3591	3320	3095	3155	2671
Tal konfirmerte	3931	3749	3727	3759	3634
Tal kyrkjelege vigsler	816	773	733	628	491
Tal kyrkjelege gravferder	2724	2738	2702	2710	2769
Tal gudstenester totalt	5642	4592	5395	5506	4592
Tal gudstenestedeltakarar	697 336	667 375	640 606	638 467	288 838

NØKKELTAL, REKNESKAP	2016	2017	2018 ¹	2019	2020
Tal årsverk	107	108	110	111,79	111,1
- av desse i presteneste	93	94	95	98,05	97,4
Samla tildeling budsjettgr. 1A	100 024 000	111 010 000	102 259 000	99 971 000	100 449 000
Driftsutgifter	93 965 358	105 720 279	97 220 526	101 811 000	100 218 000
Lønsdel av driftsutgifter	88,5 %	91 %	90,6 %	87,0 %	88,9 %
Del lønn brukt i prestenesta	77,9 %	79,10 %	79,0 %	77,9 %	79,7 %
Lønn og godtgjering pr. årsverk	800 668	887 645	801 082	792 693	802 000

¹ Frå 2018 inngår ikkje pensjonskostnadar eller arbeidsgjevaravgift i tala, slik at dei ikkje er samanliknbare med tidlegare år. Tala på årsverk er henta frå årsrekneskopen.

III. Årets aktiviteter og resultat

Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde

A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk i lys av pandemien og kyrkje på nett

2020 blir eit år der resultatata ikkje kan samanliknast med verken året før eller året etter, sidan ei av oppgåvene for kyrkja har vore å ikkje samla for mykje folk, av omsyn til smittevern. Noko kan me likevel seia om tala.

Kva har vore utfordrande i korona-tida?

Tre viktige område har hatt store utfordringar, når det ikkje har vore mogleg å samlast på vanleg måte.

Diakonale fellesskap for vaksne har vore sett på pause. Mykje av kyrkja sitt diakonale arbeid er fellesskapsbyggande arbeid. Dette har det ikkje vore mogleg å flytta inn på digitale arenaar. Det har vore færre kulturarrangement. Mindre aktivitet fører også til færre frivillige.

I fleire periodar har ein ikkje kunne samla barn og unge slik ein plar. Halvparten av timetilbodet i trusopplæringa måtte utgå. Spesielt på større stader har dette utfordra trusopplæring og kontinuerleg arbeid, mens det har vore enklare å halda aktiviteten oppe der deltakarane høyrer til same kohort. Mange kyrkjelydar har laga digitale alternativ, men det er ikkje det same å sjå ein video eller møtast digitalt som å vera på same stad.

Gudstenestedeltakinga i 2020 ligg på under halvparten av det vanlege. Samtidig har det vore ein eksplosiv vekst i tilbod og deltaking på digitale gudstenester. Det er også klart færre døypte i 2020 enn me trur det ville vore i eit normalt år. Delen gravferder i kyrkja er tilbake på 2018-nivå. Verst har det kanskje vore at det har vore grenser for kor mange som kan samlast i gravferd. Me har høyrte mykje om at mange har sakna å vera fleire saman i sorga.

Stabilitet

Tala for trusopplæring og konfirmasjon viser stabilitet på viktige område for kyrkja. Det er også halde mange gudstenester, sjølv i eit år der mykje måtte avlysast.

Sjølv om det er samla inn noko mindre til misjonsprosjekta i kyrkjelyden, svarar ikkje nedgangen til kva ein kunne venta i eit år utan mange vanlege samlingspunkt. Det har også vore fleire tilbod til unge enn me kunne frykta.

Område med vekst

Før året tok til såg me ein positiv trend i oppslutning om dåp, med ein vekst frå 2018 til 2019 på fire prosent i kor mange i årskullet som blei døypte. Tala for pilegrimsarrangement, grønne kyrkjelydar og kyrkjelydar med tilbod om ulike typar inkluderingsarbeid er også positive.

Vekst i 2020 såg me aller mest i å vera kyrkje på nett. På kort tid blei det etablert eit stort tilbod om digitale gudstenester, konsertar og andre tilbod. Rundt 140 000 menneske er registrerte som deltakarar på strøyma gudstenester, mens over 725 000 har vore innom. Over 225 000 har vore innom konsertar og nær 50 000 har sett trusopplæringstiltak. Medlemsundersøkinga viser at det mest populære var tilbod frå eigen kyrkjelyd.

Ressursbruk

I året som gjekk har nokre oppgåver vore dei same som dei plar. Nokre har det vore fleire av, mens andre har falle bort.

Året har kravd meir av leiarane i kyrkja. Undersøkingar, erfaringar og rapportar viser at leiarar stort sett har hatt meir å gjera og større press dette året enn til vanleg. Dei har hatt ansvar for krisehandtering, meir personaloppfølging og endringar i verksemda. Me gler oss over at undersøkingar også gjev mykje positive tilbakemeldingar på korleis leiinga har takla dette og ser at hyppige møtepunkt, gode rutinar og godt samarbeidsklima både mellom leiarar og leiarar og medarbeidarar har betydd mykje.

Sjølv om nokre oppgåver har blitt borte og arrangement har blitt avlyste, har året også kravd meir av dei tilsette i både prestetenesta og administrasjonen. Dei har måtta tilpassa seg heimekontor, ta i bruk digitale verktøy og omstilla seg til nye arbeidsmåtar under pandemien. Mange oppgåver i prestetenesta og bispedømmeadministrasjonen har også vore dei same, men har blitt utført under nye rammevilkår.

Mykje ledige ressursar i prestetenesta har gått til digitale tiltak. Prestane har halde gudstenester på nett og delt erfaringar og tankar på sosiale medium. Kyrkjemusikarar har halde digitale konsertar og trusopplærarar og kateketar har laga program på nett for barn og unge og ringt rundt til konfirantar. Arrangement som skulle ha vore fysiske har blitt flytta til YouTube, Facebook og Teams.

Me har ikkje full oversikt over alt som har skjedd innan diakoni. Me veit at mange har gått turar og tatt kontakt på telefon med folk dei elles møter til vanleg. Nokre har vore med på å handla for folk. Tilbod om middag på kyrkjelyden sitt eldresenter har blitt til tilbod om å få middag levert på døra. Eit av dei mest vellukka tiltaka har vore samarbeid mellom kyrkjelydar og NAV om julegåver til menneske med utfordrande økonomi og livssituasjon. Diakonien har bevega seg mellom grenser for kva som kan gjerast og kva som er mogleg.

Det har vore færre utgifter til reiser og arrangement i 2020 enn det er til vanleg. Bispedømmet har likevel fått nytta dei økonomiske ressursane. Tre stillingar bispedømmet har prosjektsamarbeid om ville vore utsette for permitteringar om ikkje bispedømmet midlertidig hadde tatt ansvar for løn og alternativ verksemd. Bispedømmet har også tildelt kyrkjelydar meir prosjektstøtte enn vanleg ut frå restmiddel og OVF-middel, ikkje minst til å vera kyrkje på nett.

Kyrkja sin viktigaste ressurs er dyktige og engasjerte tilsette og frivillige. Størstedelen av dei økonomiske ressursane går til dette. Også i år har det likevel vore mogleg med nokre samlingar og møtepunkt, som til dømes rådsleiarsamling i starten på januar, digitalt forum for trusopplæring og konferanse om diakonalt entreprenørskap. Rådsleiarsamlinga gav viktig inspirasjon og opplæring i starten på perioden og fekk mykje gode tilbakemeldingar. Bispedømmeadministrasjonen har også på ulike måtar hatt kontakt med ulike grupper av tilsette. Innafor inkluderande kyrkjeliv har ein også fylgt opp frivillige leiarar.

Kommunikasjonsarbeid har vore sentralt heile året. Her har me brukt meir tid og gjort meir enn me plar, både overfor kyrkjelydar og i media. Dette har vore svært viktig for å vera kyrkje i eit år der mykje måtte gjerast annleis enn me hadde tenkt.

B. Resultatmål og nøkkelindikatorar

1. Gudstenestelivet blomstrar

1.1. Mål: Vekst i talet på deltakarar pr. gudsteneste

Nøkkelindikator: *Gudstenestedeltaking delt på gudstenestefrekvens*

Tal frå SSB viser at det blei strøyma 276 gudstenester frå Stavanger bispedømme i 2020. Til saman 143 000 såg meir enn 85 % av gudstenestene.

Rambøll har også kartlagt korleis kyrkjelydane jobba digitalt våren 2020. Frå Stavanger bispedømme svarte 67 sokn på undersøkinga om våren og 74 på hausten. Tala viser mellom anna at Stavanger hadde flest deltakarar i landet på digitale gudstenester våren 2020, med 598 625 som såg gudstenester på nett. Til saman har dei digitale gudstenestene hatt rundt 733 000 visningar på over 3 sekund, som betyr at nokon minst har stoppa opp ved dei og ikkje scrolla rett forbi.

Noko av skilnaden mellom tala frå SSB og tala frå Rambøll handlar også om at Rambøll sin statistikk også dekker korte gudstenester, preikevideoar, andaktar, bønner og preiker, andakter og bønner i tekstform på nett.

Digitale gudstenester har uansett nådd langt og vore viktige.

Me har også gjort oss refleksjonar rundt digitalt gudstenesteliv. Mange har sagt at dei saknar det konkrete fellesskapet og nattverden. Folk saknar å synge saman og møta folk dei høyrer saman med. Nokon blir slitne av digitale gudstenester og får ikkje det same ut av dette som å vera til stades, mens andre har sagt dei trivst med gudsteneste på skjerm.

Medlemsundersøkinga viser at kyrkja når lengst på nett overfor dei som allereie er kyrkjeleg engasjerte. Folk er mest interesserte i sendingar frå eigen kyrkjelyd og folk dei kjenner, sjølv om nokon også har sett tilbod på tvers. Me har høyrte historier om at sendingar har betydd mykje for folk.

Me har hatt eit godt samarbeid med Aftenbladet og andre mediehus rundt høgtidene. Dei har vore interesserte i kva kyrkja har gjort under pandemien. Me tok imot tilbod om å bruka deira plattform til sendingar i høgtidene. Størst nedslagsfelt fekk truleg tre «Gospel Church» med Stavanger Gospel Company frå St. Petri kyrkje, to i påsken og ein om hausten, med over 27000 visningar på ei gudsteneste.

TV Haugaland viste også interesse for å strøyma gudstenester tidleg i pandemien. Dei fekk så gode sjåartal at dei etablerte eit fast tilbod om TV-gudstenester frå kyrkjelydane i både Karmøy og Haugaland prosti. Mange tusen har sett gudstenester mens dei ikkje har kunne gå i kyrkja.

Prostar melder at kyrkjelydar har vore ivrige etter å gjera det som har vore mogleg. Kyrkjelydar har hatt drive-in-gudstenester, kyrkjevandringar og utegudstenester. Det har vore god oppslutning om desse tilboda. Utfordringa er at dei ofte er meir ressurskrevjande å få til enn vanlege gudstenester. Folk likar likevel det som er litt annleis.

Totalt sett har rundt 288 000 menneske vore med på fysiske gudstenester. Dette er litt under halvparten av det som er vanleg. Sett ut frå periodar der det ikkje var mogleg å samlast eller der deltakartalet har vore avgrensa, kunne resultatet vore verre.

Erfaringane frå dei periodane der det har vore mogleg å samla folk har vore blanda. Me høyrer at dei som har møtt fram har sett stor pris på å kunne møtast, sjølv om det har vore ei merkeleg fellesskapsoppleving å måtta holda avstand til kvarandre, ikkje ha kyrkjekaffi og ikkje feira nattverd.

Fleire stader har det også tatt tid før deltakinga har kome tilbake på normalt nivå når det har blitt opna opp. Det kan ha fleire årsaker, frå at folk har vent seg av med å gå på gudsteneste til at dei er forsiktige av smittevernomsyn eller ikkje vil ta plassen frå andre. Noko av gudstenestedeltakinga knytt til trusopplæring og konfirmasjon har også blitt redusert. Svaret på kva som skjer og kva som ligg bak får me ikkje før samfunnet blir normalisert. Eit av dei store spørsmåla nå er korleis me kan opna opp så flest mogleg tek del i fellesskapet framover.

I 2020 har kyrkjelydane arbeidd med justert grunnordning. Denne prosessen har også blitt prega av korona-året. Mange har utsett arbeidet, sidan det ikkje har vore lett å møtast for å føra dei nødvendige samtalane lokalt.

Bispedømmet har mange kyrkjelydar som finn seg godt til rette innafør rammene Kyrkjemøtet har vedtatt, men også mange som ønsker å søkja dispensasjon for å bruka lokale ordningar vidare, ikkje minst når det gjeld liturgisk musikk. Mange peikar på at det ikkje er liturgiske detaljar som er det sentrale for kyrkjelyden, men lokalt eigarskap og engasjement.

Fleire prostar uttrykker bekymring for at det er for høg gjennomsnittsalder på dei som kjem til gudsteneste til vanleg i forhold til kven ein ønsker å inkludera. Konfirmantar blir sjeldan motiverte for å gå til gudsteneste gjennom deltakinga i konfirmasjonstida, og få av dei som er med på gudstenester som ein del av trusopplæringa brukar gudstenesta utanom ved særskilte høve. Gudstenesta spelar på ei teologisk forståing og ein kulturell tradisjon som ein treng ein erfaring og kunnskap for å erfara fylden av. Reint sosiologisk kan også gudstenestefellesskapet vera eit fellesskap folk er varsame med å nærma seg.

Medlemsundersøkinga viser også at ein relativt låg del av dei som deltek på gudsteneste gjer det ut frå det dei sjølv opplever som religiøse behov. Det er altså ei sentral strategisk, pedagogisk og teologisk utfordring for kyrkja å oppnå samsvar mellom kor sentral og viktig ein tenkjer gudstenesta er og kor breitt og djupt ho når ut. Mange er innom, men den faste og jamne deltakinga er sårbar på lang sikt, viss ein ikkje også klarer skapa fornying i dei lokale gudstenestefellesskapa. Derfor har me også planar om eit prosjekt om gudstenester for barn.

Me håpar arbeidet med justert grunnordning vil verka positivt, sjølv om me ser prosessen skapar uro og frustrasjon fleire stader nå. Digitale tilbod gjev nye moglegheiter. Me har starta viktige samtalar om heilskap i tilbodet vårt, mellom trusopplæring, konfirmasjon, kvardagskyrkje og gudstenestefeiring. Dei kyrkjelydane som lukkast best ser ut til å vera dei som investerer i gudstenesta si og lukkast med involvering, kyrkjemusikalsk arbeid, gudstenester for fleire generasjonar og synergi mellom gudstenesta, lokalsamfunnet og livet elles i kyrkjelyden.

1.2. Mål: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Nøkkelindikator: Talet på vigslar.

	2018	2019	2020
<i>Den norske kyrkja (i Norge)</i>	7 630	6 805	4 560
<i>Stavanger bispedømme</i>	733	628	491
<i>Del vigslar i Den norske kyrkja</i>	36 %	34 %	28 %
<i>Del borgarlege vigslar</i>	38 %	45 %	51 %
<i>Del vigslar i utlandet</i>	17 %	13 %	11 %
<i>Del vigslar i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja</i>	9 %	8 %	8 %
<i>Vigslar i alt</i>	20 949	19 855	16 151

I 2020 har det vore færre vigslar i alt, rundt 20 prosent færre enn året før. Nedgangen i bispedømmet ligg på nivå med nedgangen i talet på alle typar vigslar nasjonalt, mens kyrkja sin del av vigslar nasjonalt har gått enno meir ned.

Me ser og høyrer at mange par tek i bruk borgarleg vigsel i regi av kommunen. Denne typen vigslar har kanskje vore mindre sårbare for utsetting på grunn av pandemien, sidan ein del av desse truleg ikkje ønsker å samla like mykje folk som i kyrkjelege vigslar. Dette er nok likevel ikkje heile forklaringa, her er det også ein reell nedgang.

Det er interessant at det er eit spenn mellom medlemsundersøkinga og statistikken her. Sju av ti medlemmar i kyrkja sa i siste medlemsundersøking at dei gjerne ville gifta seg i kyrkja. Blant dei yngste seier heile tre av fire dette. Dette tyder på eit potensial for å vinna folk tilbake til kyrkjeleg vigsel. Det kan også tyda på at å velja borgarleg vigsel for mange handlar meir om form og praktiske tilhøve enn om avstand og nærleik til kyrkja, sidan såpass høg del av medlemmane gjerne vel kyrkjeleg vigsel.

I 2021 ønsker me å drøfta kyrkjeleg vigsel i prostemøte, sjå kva me kan gjera gjennom kommunikasjonsarbeid og gjera synleg at også kyrkja kan tilby vigslar som ikkje krev store selskap og utgifter. For å kunna ta tak i dette, treng me likevel å fyrst koma ut av pandemien.

I tillegg er dei tiltaka som styrkar folk si generelle tilknytning til kyrkja også viktig for oppslutninga om vigsel og kyrkjelege handlingar generelt. Det er god teologi for kyrkja å engasjera seg i kjærleik, og vigslar gjev oss kontakt med mange unge vaksne i ein viktig fase av livet.

1.3. Mål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd blir halden oppe

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelege gravferder

Resultat og utvikling

KYRKJELEGE GRAVFERDER						
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal på gravferder	2628	2724	2738	2702	2710	2769
Døde i Rogaland	2959	3038	2981	3049	3027	3177
Gravferdsprosent i kyrkja	89 %	90 %	92 %	87 %	90 %	87 %

I Stavanger bispedømme er oppslutninga om kyrkjeleg gravferd relativt stabil. Det var fleire gravferder i 2020 enn i 2019, men også fleire døde, slik at delen gravferder er tilbake til 2018-nivå. Dei siste åra har delen kyrkjelege gravferder variert mellom 87 og 92 prosent.

Det er ei viss spenning rundt utviklinga framover. I fleire deler av bispedømmet har prostar og kyrkjeverjer nyttige kontaktmøte med gravferdsbyrå. Førebels er det ikkje aktørar som aktivt konkurrerer med kyrkja slik at me kan sjå effekt av det. Dette er likevel ikkje noko me kan utelukka. Medlemsundersøkinga seier at 83 prosent av medlemmane ville valt kyrkjeleg gravferd. Oppslutninga om dette aukar med alderen. Det kan koma av generasjonsskilnadar, men også av at dei eldste har erfaringar av at dette er noko kyrkja gjer på ein god måte.

Prostane melder at det kan vera utfordrande for prestar å stå i spennet mellom dei liturgiske og musikalske rammene og ønske frå familiar om å bruka innspelt musikk. Kyrkjemusikarar peikar med rette på at levande musikk fungerer betre enn å sitja saman og høyra på eit opptak, men symbolverdien av kva musikk som blir valt kan vera vanskeleg å handtera. Me ønsker å gå inn i dette gjennom god dialog med både prestar, musikarar og gravferdsbyrå. I praksis er det sjeldan kyrkjelydane ikkje finn gode løysingar, men det handlar også om ikkje praktisera rammene for stramt.

Sidan midt i mars har det vore avgrensingar i kor mange som kan vera til stades i gravferder. Prostane melder at dette har vore krevjande, for tilsette og pårørande. Innan rammene har ein lagt godt til rette, men saknet av å kunna vera fleire og ikkje måtta halda avstand har vore stort.

Eit av prosjekta bispedømmerådet har støtta, har vore minnekonsertar i fleire kyrkjelydar rundt helgemesse, for alle som har mista nokon. Gjennom prosjektet blei kyrkjene opna for ei brei gruppe og møtt med musikk til trøyst og livet vidare. Etter pandemien kan liknande prosjekt, markeringar og sørgegudstenester vera noko folk kan bruka i sorga, til dømes rundt helgemesse 2021.

1.4. Mål: Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Nøkkellindikator: Talet på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

Me har tematisert både samiske og kvenske innslag i gudstenestelivet i prostemøte i 2020. Ingen kyrkjelydar har dette som ein del av si faste ordning, men me oppmodar prestar til å lære seg den samiske velsigninga, bruka samiske og kvenske salmar og vera merksame på når dette kan vera spesielt viktig.

6. februar blei Samefolkets dag for fyrste gong feira i Vår Frelzers kirke i Haugesund. Ein svært aktiv komité arbeidde med gudstenesta og skapte det prosten fortel om som ei stor oppleving for alle involverte. Gudstenesta inneheldt joik akkompagnert av bomme, lesingar på nordsamisk, nattverdrød etter samisk oppskrift og servering av bidos etter gudstenesta. Det var godt frammøte og fine tilbakemeldingar.

Det var også gudsteneste i Domkyrkja i Stavanger 6. februar, og begge desse kyrkjelydane hadde tilsvarende planar for 2021.



Samefolkets dag feira i Vår Frelzers kirke: Sander Lindtner Sevland på runebomme, prost Rune Steensnæs Engedal og joiker Siri Guttorm Hetland.

2. Dåp og trusopplæring

2.1. Mål: Oppslutninga om dåp held seg oppe

Nøkkellindikator: Talet på døypte barn

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

I fleire år har me sett nedgang i dåpstal, og dette har fått stor kyrkjeleg merksemd. Det var derfor gledeleg at me såg ei positiv vending i bispedømmet i årsrapporten for i fjor.

Det seier seg sjølv at mange av dei barna som er fødte i 2020 ikkje er døypte enno. Mange blir heller ikkje døypte det fyrste kvartalet av livet, slik tradisjonen seier. I tala frå medlemsregisteret ser me at av dei 2671 som blei døypte i 2020 var 764, nær 30 prosent, fødte i 2019. Det er altså som vanleg forseinkingar i tala, slik at me først ser utviklinga eitt år seinare. Dette gjer det vanskeleg å setta opp og tolka dåpsstatistikk.

Her er tala for 2015-2020, viss me deler dei døypte inn i årskull:

DÅP						
	Født 2015	Født 2016	Født 2017	Født 2018	Født 2019	Født 2020*
Fødte	6128	6109	5917	5539	5381	5282
Døypte **	3676	3591	3346	3065	3149	2671
Dåpsprosent av fødte	60 %	59 %	56 %	55 %	59 %	*
Medlemsprosent av fødte	59 %	56 %	55 %	54 %	54 %	*
Medlemmar og tilhøyrande	4274	4131	3984	3567	***	
Medlemmar i årskullet	3594	3438	3258	2968	2879	1753
Dåpsprosent av kyrkjetilhøyrande	84 %	84,5 %	82,1 %	83 %	***	

* Ikkje alle barn som er fødte i 2020 er døypte i løpet av året. I 2020 blei 764 barn som var fødte i 2019 døypte. Derfor kan me ikkje lesa trendar som er nyare enn 2019-tala.

** Talet for døypte inkluderer også døypte i andre årskull.

*** Frå 2019 er ordninga med tilhøyrande borte, slik at me ikkje lenger har tal for dette.

Før pandemien ser me ein markert vekst i relasjonen mellom talet på fødte og talet på døypte. Talet på medlemmar i 2019-kullet er på same nivå som medlemmar i 2018-kullet. Me reknar dette som det mest relevante talet i forhold til å måla oppslutninga om dåp.

Kyrkja sitt mål er at oppslutninga om dåp skal halda seg oppe, og dette målet blei nådd frå 2018 til 2019. Dette kan vera ein effekt av dåpssatsing i kyrkjelydane og fleire år med trusopplæring. I medlemsundersøkinga ser me sterkare oppslutning om kyrkja blant dei som er under 30 år enn dei som er mellom 30 og 50 år. Det er også positivt at det blir døypt fleire

totalt sett i relasjon til kor mange som blir fødde, denne delen var opp fire prosentpoeng frå 2018 til 2019.

Stavanger bispedømmeråd og kyrkjelydane i Stavanger bispedømme har jobba målretta med dåp sidan 2014. Me har sett dåp på agendaen og vore kreative for å finna ulike tiltak me vil satsa på. Det er gjort eit stort arbeid på kommunikasjon og i å gjere dåp synleg i kyrkja. Me har høyrte om mange som har møtt utfordringa med tiltak, for eksempel gjennom samarbeid med helsestasjonar og meir fokus på dåp på kyrkjelydsarrangement for målgruppa.

Inntrykket vårt er at det generelt er høgt medvit om dåpsopplutning blant kyrkjeveverjer, prostar og lokale kyrkjelydar. Mange års fokus på mange arenaar gjer at me sjeldan møter kyrkjelydar som ikkje er klare over utfordringa eller tenkjer ho er viktig å prioritera. Utan å ha systematisk dokumentasjon på det, vil me tru at eit fleirtal av kyrkjelydane har hatt konkrete dåpssatsingar.

I august 2020 hadde me ein digital dåpsfestival kor me blant anna møtte sokneprest Alastair Wood frå Den anglikanske kyrkja, som driv eit flott og kreativt folkekyrkjeleg dåpsarbeid i sin kyrkjelyd, med vekt på å at små og store skal oppleve dåpen som eit viktig høgdepunkt. Wood utnyttar symbola i dåpen og mange sanslege verkemiddel i liturgien og kyrkjerommet. Me møtte også Harald Hegstad, som presenterte boka si: "Dåpen. En nådens kilde."

I medlemsundersøkinga seier om lag 8 av 10 medlemmar at dei ville valt dåp. Det ligg på nivå med kor mange av dei kyrkjetilhøyrande som blei døypte, så lenge me hadde tal for dette. Dei som har sterkast tilknytning til kyrkja sluttar meir opp om dåp, så å fokusera på tru og kyrkjetilknytning er ein nøkkel for å halda på oppslutninga. I dette ligg det og eit potensiale for kyrkja i å gjera medlemmar medvitne om å tala varmt om den dåpen dei sjølv seier dei ville ha valt.

I undersøkingar ser me at folk tek medvitne val om dåp. Det tyder på at det stort sett er grunnleggande haldningar til tru, dåp og kyrkje, og ikkje praktisk tilrettelegging som avgjer om folk vel dåp eller ikkje. Det siste kan spela inn i einskildtilfelle, men elles er det nok tanken om at barn må få velja sjølv som er den største risikofaktoren.

Tala for 2019 seier oss at mange foreldre framleis ønsker dåp som ritual og at dette held seg relativt stabilt her i bispedømmet. Det ser ut til at tradisjonar der familien er samla står sterkt i vårt bispedømme. Dåpen fungerer som eit ritual som stadfestar kven ein vil vera som familie.

2020 blir likevel eit annleis år. Truleg har mange utsett dåp i koronaåret. Det er sannsynleg at fleire av desse kan bli døypte når det blir mogleg med dåpsselskap og dåpsfeiring på vanleg måte, men det er også ein risiko for at nokon hopper over dåpen.

Me ser tilbake på eit år der feiring av dåp var noko av det einaste ein har kunne vore samla om i kyrkjelydane. Samtidig har dei strenge restriksjonane med omsyn til kor mange som kan vera til stades gjort det krevjande for dåpsfamiliane å avgjera om dei ville gjennomføra eller utsetta dåpen. Prostane har merka seg ein drastisk nedgang i dåpstala i 2020. Det er håp om at nokre har utsett dåpen til etter pandemien, men det er også ein risiko for at fleire har valt dåpen bort. Når samfunnet opnar, blir det viktig med tiltak på dette området.

2020 blei eit år med endringar i dåpspraksis me ikkje kunne sjå på førehand. Me har grunn til å tru at i nokre av dei mindre kyrkjelydane er tala for dåp stabile. Lågt smittetrykk har gjort at ein oftare har hatt høve til å samla fleire, noko som har gjort at ei eventuell utsetting ikkje har blitt så lang. I byane er nok både utsettingar og etterslep større.

Drop-in-dåp.

Drop-in-dåp er ei arbeidsform som brer om seg. Dei tilsette som har prøvd dette sit med mange positive erfaringar, til dømes i Bogafjell og i Domkyrkja og St Petri kyrkjelyd. Kyrkjelydane fortel at menneske i alle aldrar kjem til desse gudstenestene. Felles er at dei har tenkt på dette valet lenge. Dei kjem gjerne frå ulike kyrkjelydar og det kan sjå ut til at behov for anonymitet gjer at dei oppsøker ei anna kyrkje enn si eiga.

Det er ulike haldningar til drop-in-dåp i vårt bispedømme og me ser at det må gjerast eit godt gunnlagsarbeid i forkant av den nasjonale satsinga på dette i 2022. Prostane blir sentrale i dette arbeidet. Me håpar at ei nasjonal satsing vil gje mange av kyrkjelydane mot til å prøva dette.

Kva skjer lokalt?

Når me ser på tala for dåp i ulike regionar, ser me at dei to byområda Sandnes og Stavanger er prega av stabilitet frå 2015 til 2019, men begge har hatt ei auke frå 2018-2019. Haugesund har hatt ei auke på 8 % frå 2018-2019. Randaberg, Egersund, Hå, Time og Vindafjord har alle hatt ei auke i tala. Det er Sokndal, Sauda og Lund som har hatt den største nedgangen i bispedømmet frå 2018 til 2019, så noko av utviklinga frå byane kan ha nådd distrikta. Med andre ord har me kyrkjelydar i ulike fasar som treng ulike tiltak i sitt arbeid med dåp.

Utfordringane skuldast ikkje at fleire vel namnefest i regi av Human-Etisk Forbund. Dei har hatt jamn nedgang dei siste åra, frå 190 i 2011 til 128 i 2019. Dei som ikkje vel dåp vel altså bort tradisjonelle markeringar i det heile.

Sandnes, Stavanger og Haugesund har vore aktive i dåpssatsinga i bispedømmet. Me trur det har effekt å invitera aktivt, legga godt til rette og skapa flotte feiringar av nye kyrkjemedlemmar. Me håpar teikna på at innsats og kvalitet på arbeidet over tid gjev effekt vil inspirera til vidare satsing.

Når det gjeld påmelding til dåp, har det blitt gjort mykje utviklingsarbeid dei siste åra. Me ser at dei store fellesråda har utvikla gode felles verktøy for kyrkjelydane samla, til dømes Sandnes, Haugesund og Stavanger. Her har ein samla påmelding til dåp for dei ulike kyrkjelydane. Dei mindre kyrkjelydane har stått meir aleine i dette arbeidet, men inntrykket vårt er at alle kyrkjelydar nå har digital påmelding til dåp. Det er eit viktig skritt i riktig retning, i ei verd der me veit at unge foreldre søker på internett for å finna informasjon.

Til sist er det foreldra og deira haldning til kyrkje, tru og tradisjon som er viktigast for valet av dåp. Alt positivt arbeid kyrkja gjer slår positivt ut for dåp.

Vegen vidare

Midt i alt som har vore vanskeleg, har 2020 også gitt nye, positive opplevingar knytt til dåp. Frå den eine dagen til den andre måtte kyrkjelydane tenkje på korleis dei nå kunne tilby dåp. Me har høyrte mange forteljingar om nære og fine dåpsseremoniar der berre dei næraste har

vore til stades. Dåpssamlingar har blitt til enkeltsamtalar. Ein farfar sa i ei dåpsgudsteneste: “Tenk at me har heile denne kyrkja for oss sjølve.”

I ei tid der dåp er noko av det einaste ein har hatt høve til å feira, kan me håpa at dåp kjem styrka ut. Tida framover vil seie om dåpsgudstenester for ein og ein familie blir meir vanleg. Dette treng ikkje vera problematisk i forhold til også å leggja godt til rette for dåp i gudstenester der heile kyrkjelyden er til stades, slik at dette består som eit like naturleg val. Kyrkja er fullt og heilt til stades i begge formene og kvar har si styrke.

Det er behov for å kommunisera ei open dåpspraksis til breidda av folket. Det inneber blant anna at det aldri er for seint å la seg døypa. Oppfatninga om at berre spedbarn blir døypte lever i folket. Her kan me bli betre på å dela dei gode fortellingane om større barn, ungdom og vaksne som let seg døypa, og me kan oppmoda lokale kyrkjelydar til å dela slike historier breitt når dei får lov. Ei reklamekampanje frå Kyrkjerådet der tre sysken blei døypte, viser at slike forteljingar kommuniserer godt og blir delt vidare av mange.

I 2021 lanserer me eit nytt opplegg for dåpssamtalar. Me ønsker å gje dåpsfamiliane passende og god informasjon i forkant av dåp og at dei møter ei kyrkje som bryr seg. Det skal vera ei høgtidsstund når barnet blir bore til dåp. Familien skal få presentert tilbodet om ei trusopplæring fylt av liv. Det nye opplegget blei vist fram på eit webinar om dåpssamtalen i regi av Kyrkjerådet og er mogleg å skaffa seg for alle kyrkjelydar i landet. Det byggjer på symbol for innhaldet i dåpen og gjer det mogleg å gjennomføra dåpssamlingar og samtalar som ei vandring i kyrkja eller gjennom symbolkort.

I 2021 vil me også arbeida vidare med eigarskap til dåpsarbeidet. Forsking frå professor Hans Austnaberg (VID Misjonshøgskolen: 2020) peiker på at presten i stor grad eig arbeidet med dåp aleine. Slik ein har fokusert på eigarskap i trusopplæringa, vil me ha fokus på eigarskap til dåp for å utvikla kvaliteten i dåpsarbeidet. Eigarskap blir eit tema på ein dåpslunsj me har planar for.

Den største risikofaktoren i dåpsarbeidet er kva haldningar foreldre har til kyrkja og til dåp. At kyrkja nasjonalt nå satsar så tungt på dåp og kommunikasjon håpar me vil bidra til at forteljingar om dåp blir synlege og inspirerer til å døypa.

Som vanleg vil me halda oppe fokuset på dåp i utviklingssamtalar, på visitasar og i fagsamlingar. Sjølv om det ikkje berre er direkte dåpsrelaterte tiltak som påverkar val om dåp, er det viktig at dåpsarbeidet held høg kvalitet og har fokus. Me oppmodar framleis til å halda samtalen om dåp varm i sokna, mellom anna ved hjelp av “10 dropar om dåp”, som er eit samtalereiskap for dåpsarbeid i sokna som kan brukast jamleg.



Ein søndag i november døypte sokneprest Dag Tormod Milje desse barna i Nedstrand kyrkje.

2.2. Mål: Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Nøkkelindikator: Deltakardel på utvalde, landsomfattande tiltak

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

GJENNOMSNI TTLEG OPPSLUTNING I TRUSOPPLÆRINGSTILTAK					
Alder	Tiltak	2017	2018	2019	2020
0 år	Samtale før dåp	98 %	102 %	97%	97%
4 år	Utdeling av bok	55 %	52 %	50%	44%
6 år*	Tidsavgrensa tiltak for 6-åringar	33 %	34 %	34%	38%
8 år	Tårnagenthelg	42 %	35 %	37%	37%
Ca. 11 år	Lys Vaken	31 %	30 %	30%	35%
15 år	Konfirmasjon	86 %	84 %	85%	86%
16 år	Tiltak året etter konfirmasjon	19 %	20 %	16%	11%

Tala viser at den gjennomsnittlege oppslutninga i trusopplæringstiltak har halde seg relativt stabil dei siste åra. Dette gjeld òg 2020, til trass for krevjande kår for trusopplæringa under koronaepidemien. Tala kan lesast i lys av at det er opna for ei koronarapportering for kyrkjelydane, der ein kan leggja inn digitale sjåarar på ulike sendingar og materiell levert på døra til born og unge. Tala er eit teikn på at det har vore drive slik verksemd i stor grad, og det vitnar om omstillingsevne og kreativitet i kyrkjelydane.

Det tidsavgrensa breiddetiltaket for 6-åringar har hatt nokså jamn oppslutning dei siste åra, men har i 2020 hatt ei auke på 4 % til 38 %. mens 4-års tiltaket har gått ned med 6 % til 44 %. Tiltaket er godt etablert, men har fått mindre merksemd dei siste åra.

Oppslutning om Tårnagenthelga har hatt ei positiv utvikling, og dette tiltaket har blitt populært i kyrkjelydane. Tiltaket fungerer særst godt mange stader. Mange kyrkjelydar rapporterer om stor trivsel blant barna. Resultatet ligg stabilt på 37 %.

Lys vaken har vore utfordrande å arrangera dette året. Det er truleg at det store oppsvinget i tala skuldast digitalt opplegg og heimlevering av ressursar.

Breiddetiltak for ungdom året etter konfirmasjon viser ei betydeleg nedgang frå 20 til 2020 på heile 9 %. Talet har vore lågt i fleire år og den ytterlegare nedgangen uroar oss. Me vil sjå på dette i samband med den komande ungdomssatsinga i bispedømmet, men dette er nok eit langt lerret å bleika. Dei nye stillingane som ungdomsprestar på sentrale stader kan vera ein start.

Analyse

Kyrkjelydane har i 2020 gjort eit imponerande arbeid med å finna nye flater for kommunikasjon i trusopplæringa. Samtidig har ein gjort ein solid jobb med å tilby gode tiltak

der ein har hatt høve til fysiske treffpunkt. Til dømes har Sunde kyrkjelyd hatt faste sendingar med babysong over ein lengre periode.

Undersøkinga frå Rambøll om kyrkja si verksemd på nett, viser at i første halvdel av året, hadde 58% av kyrkjelydane tilbod om trusopplæring på nett. I andre halvdel var det 33% av kyrkjelydane som hadde dette. Færre restriksjonar på hausten er ei naturleg forklaring på nedgangen i digitale tilbod frå vår til haust. Digitale tilbod er også mykje lettare å dela på tvers av kyrkjelyden, sjølv om personleg kjennskap også er ein plussfaktor på nett.

Samanlikna med andre tilbod til barn og unge og situasjonen før reforma er det eit godt resultat at mellom ein tredel og halvparten av alle døypte er med på tiltaka i dei to fyrste fasane. Det er viktig med ein saumlaus overgang frå dåpssamtalen til neste tiltak. I småbarnsåra er foreldra nøkkelen til deltaking for barna. Konfirmasjon er best etablert og når breiast ut, og 86 % av dei døypte fylgjer konfirmasjonsundervisninga. Alle som har tilbod til barn og unge veit at både personlege interesser, kva som passar tidsmessig, i kva grad barn likar å delta på nye aktivitetar og kven dei kjenner som tek del har mykje å seia for deltakinga. Her spelar kyrkjelydar på lag med engasjerte foreldre. Som for mykje anna kyrkjelydsarbeid er det lettare å få høg oppslutning i godt samanvevde lokalsamfunn.

Dei nasjonale konseptane, som Kyrkerådet har laga i samband med breiddetiltaka, har vore positive for kyrkjelydane. Slike felleskonsept har ført til at kyrkjelydane kan bruka ressursane på andre delar av verksemda enn tiltaksutvikling. At alle sokn har dei same tiltaka er positivt for felles marknadsføring og gjer det lettare å rekruttera. Dette ser ein til dømes i Stavanger kyrkjelege fellesråd, som har satsa på felles marknadsføring av Lys vaken.

Når det gjeld 4-årstiltaket, er det lenge sidan det har fått eit nasjonalt løft. I 2020 blei ei ny bok til 4-åringana lansert av IKO-forlaget, og me håpar denne vil ha positiv effekt.

Fylgjer av korona for oppfølging av trusopplæringa i kyrkjelydane

Fleire møtepunkt for trusopplærarar har blitt avlyst dette året. Utviklingssamtalar har blitt gjennomført digitalt. Desse har også handla om kva som har vore mogleg å gjera i pandemien. Me har også hatt digitalt drop-in-møte for trusopplærarar, med høve til å dela gode idear, lytta til og inspirera kvarandre. Ressursar har blitt sendt kyrkjelydane på e-post.

For å gje inspirasjon og tilbod om fagleg utvikling, blei Forum for trusopplæring og den planlagde dåpsfestivalen produsert som webinar i 2020. Me høyrer at tilbod om fagleg påfyll har vore viktige i denne tida. Fleire enn dei som til vanleg er med på Forum blei med på den digitale varianten og me har fått tilbakemeldingar om at dei faglege bidraga var nyttige og ga inspirasjon. Forum fekk også deltakarar frå andre delar av landet.



Gunn Heidi Dybdahl og Cecilie Bakkene Pedersen ønsker velkommen til digital dåpsfestival.

Vegen vidare

Medlemsundersøkinga seier at over halvparten av medlemmane meiner det er viktig at unge lærer de kristne forteljingane. Det tyder på at det er god oppslutning om ideen bak trusopplæring. Eigarskap, relasjon, kvalitet og kommunikasjon er viktige element for å auka oppslutning. Dette ligg til grunn for oppfylginga av kyrkjelydane.

Sju av prostia har nå gått gjennom ei planutviklingsfase med kurs det eine året og planutviklingssamtale det neste. Desse har nå ein oppdatert plan for trusopplæring. To prosti skal ha planutviklingssamtalar i 2021. Dei prostia som nå har oppdatert plan, får ulike faglege tema på deira utviklingssamtalar. Samtalane handlar også om tal og oppslutning. Me ser at oppfylginga bidrar til å heva kvaliteten slik at arbeidet blir målretta og kan veksa.

Me har også starta arbeid og med eit prosjekt om strategisk fornying av trusopplæringa, som blant anna har fokus på samanhengen i undervisninga og korleis barn og unge kan oppleve at det dei lærer på trusopplæringstiltak i kyrkja heng saman med livet deira. Innhaldet og pedagogikken i tiltaka er viktig for at trusopplæringa skal kunne vera ein ressurs for barn og unge slik me ønsker.

Dei nye arbeidsformene kyrkjelydane har brukt i koronatida vil gje eit nytt mangfald, til dømes med tanke på digital trusopplæring som kan nå born og unge som ikkje vel å koma til kyrkja.

Karmøy prosti har tatt eit aktivt initiativ for å få ikkje-medlemmar til å bli trusopplæringsabonnentar. Dette er ei ordning som er godt eigna for alle kyrkjelydar, så ideen om å gjera dette har me spreidd gjennom kommunikasjonsarbeidet vårt, i håp om at mange plukkar han opp.

Kyrkjelydane har nå arbeidd i mange år med breiddetiltaka. I periodar har me sett at det har vore krevjande å halda trykket og motet oppe. Det har og skjedd mykje i samfunnet på desse åra. Arbeidd med trusopplæring vil òg styrka den generelle kyrkjelydsutviklinga.

Me er spente på korleis den komande evalueringa og oppdateringa av rammene for trusopplæring vil leggja til rette for fortsett breiddesatsing, trykk på trusopplæring og gode rammer for å styrka og sikra kvaliteten på arbeidet i sokna. Mykje er godt etablert gjennom åra som har gått, men det er også mykje som framleis er sårbart og som ikkje ville vore det same utan fellesskapet og oppfylginga på bispedømmenivå. Prostar og kyrkjelydar melder at trusopplæringa er noko av det som styrkar kyrkjelydsarbeidet for tida.

Det har tidlegare vore spenningar i forholdet mellom trusopplæring og dei kontinuerlege aktivitetane for barn og unge. Vårt inntrykk er at ei slik spenning ikkje lenger finst i særleg grad. Me ser nå at det er mykje godt samarbeid mellom desse områda og at dei verkar godt saman; ulike tiltak styrkar kvarandre. Ein rekke kyrkjelydar har etablert gode synergjar mellom dei ulike aktivitetane, slik at mange barn tek del på både breiddetiltak og kontinuerlege tiltak. På fleire arenaar kan ein då oppmuntra til vidare deltaking i kyrkjelyden sine kontinuerlege tiltak.

Satsinga på trusopplæringa dei siste åra har auka mange born sin tilknytning til kyrkja, i ei tid der det er langt frå sjølvsagt. Dette kan vera ein av grunnane til at konfirmanntalet framleis held seg relativt stabilt.

2.3. Mål: Oppslutninga om konfirmasjon blir halden oppe

Nøkkelindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

Konfirmasjon						
	2010	2015	2017	2018	2019	2020
Konfirmasjonsprosent av døypte	92 %	87 %	87 %	85 %	86 % ⁵	84%
Konfirmasjonsprosent i heile årskullet	73 %	64 %	63 %	64 %	62 %	64%
Konfirmerte	4421	4005	3749	3727	3759	3623

Resultat og utvikling

Konfirmasjonsprosenten av døypte i bispedømmet har vore relativt stabil dei siste åra. Talet gjekk opp ein prosent frå 2018 til 2019 (frå 85% til 86%) og held seg på dette i 2020.

At konfirmasjonsprosenten held seg høg viser at kyrkjeleg konfirmasjon står sterkt. Det kan tyde på at konfirmasjonsundervisninga i bispedømmet har godt omdømme og god kvalitet og står seg godt i konkurransen med andre aktørar.

Tala er likevel alltid i spel. Tida me lever i utfordrar religion og tradisjon, inkludert kyrkjeleg konfirmasjon. Konfirmantane blir utsette for eit bombardement av tilbod, og det å velja er ikkje alltid like lett. Kva skal ein velja, og kva vel kameraten eller dei andre i klassen? Dette kan ha stor innverknad på avgjerda til kvar einskild om kor ein endar opp som konfirmant. Foreldre og besteforeldre har også stor innverknad på val om konfirmasjon. Det kan vere små ting som avgjer om det vippar eine eller andre vegen.

Den største endringa ser me i konfirmasjonsprosenten av alle i årskullet. Prosenten har gått i eit tiårsperspektiv, men går opp igjen frå 62 til 64 % i 2020. Talet har halde relativt stabilt frå 2015, då delen òg var på 64 %.

I medlemsundersøkinga frå 2019 svarer 27 % av medlemmane at dei har vore i kyrkja i samband med kyrkjeleg konfirmasjon. I 2020 er talet berre 14 %, og dette skuldest ganske sikkert restriksjonane i samband med korona. Det har vore færre gjestar med på konfirmasjonane, både i kyrkja og på festane. Når det gjeld kor mange av medlemmane som ville konfirmert seg kyrkjeleg om det hadde vore i dag, svarer 71 % ja til dette både i 2019 og i 2020.

I Rambøll si undersøking viser tala at frå mars til juni i 2020 hadde 39% av kyrkjelydane digitale aktivitetar og arrangement for konfirmantane. Frå 16.juni til 31.desember 2020 var talet 33 %. I haust var samfunnet meir ope, og det var fleire fysiske møtepunkt. Når det gjeld fysiske aktivitetar og arrangement, svarer 18 % av kyrkjelydane at dei hadde slike tilbod til konfirmantane i mars til juni. Frå 16.juni til 31.des, har me ikkje prosenttal på det same, men kyrkjelydane melder at dei hadde 48 arrangement med totalt 1568 konfirmantar.

Konfirmasjon i korona-tid

16.mars gjekk Kyrkjerådet ut med ei pressemelding om at alle vårens konfirmasjonar var utsette til hausten 2020.

Det kom mange spørsmål frå tilsette om kva ein skulle gjere når konfirmasjonane blei utsette. Me støtta kyrkjelydane med eit brev frå biskopen og informasjon frå bispedømmerådet med informasjon om situasjonen og ulike ressursar ein kunne bruke. Fleire valde å ringa til kvar konfirmant eller dei føresette, viss det var mogleg. Det var utvikla digitale ressursar som me kunne visa til, og me har høyrte om kreative kyrkjelydar som har kome på gode tiltak for å halda kontakten med konfirmantane.

Prostane melder inn at det har vore lettare for små sokn å gjennomføra tiltak for konfirmantane enn for større sokn. Det har å gjere med antalet konfirmantar og organiseringa av desse i korona-tid.

Sjømannskyrkja var raskt ute med å tilby kyrkjelydane sitt nettbaserte konfirmantopplegg for ein redusert sum, og etter kvart kom òg andre digitale opplegg på banen, blant anna Delta konfirmantopplegg frå IKO. Samtidig arbeidde Kyrkjerådet godt med Ressursbanken, noko som var nyttig for kyrkjelydane i denne tida.

Fleire hadde spørsmål om kyrkjelydane kunne krevja at konfirmantane deltok digitalt og om ein måtte fylle norma om 60 timar med konfirmasjonsundervisning. Saman med Kyrkjerådet fekk me avklara at «I denne spesielle situasjonen må det bli opp til kvart sokn å finna ut *korleis og i kva for eit omfang* ein kan ha kontakt og konfirmantopplegg med konfirmantane ut fra lokale ressursar og forutsetningar.» Det kom berre positive tilbakemeldingar på dette svaret.

Bispedømmet har vore ein serviceaktør og ein samtalepartner i denne tida. Nokon har trengt tips om praktiske opplegg eller gode rammer, andre har hatt behov for samtale. Me har samla inn ressursar frå sokna, og gode idear har blitt delt med alle. Det har vore mange korona-relaterte spørsmål og informasjon har vore viktig.

Dei tilsette har vore i ulike modusar. Av og til blir nokon ekstra kreative og får nye krefter til å gjera meir, mens andre gonger blir folk slitne og orkar ikkje finne på så mykje nytt i krisetid. Kyrkjelydane har samla sett vist stor evne til å omstilla seg, til telefonsamtalar, digitale møtepunkt og filmsnuttar, gruppesamlingar ute og inne, og utdeling av materiell og gåver til konfirmantane.

Rossabø kyrkjelyd i Haugesund skriv dette om kva dei gjorde for konfirmantane, våren 2020: «Me har hatt digital undervisning om fasteaksjonen og digital fasteaksjon. Konfirmantane har gått påskevandring rundt kyrkja som undervisning om påske. Dei får tilbod om å gå gudstenestevandringa og få henne godkjent som ei gudsteneste. Vidare er det fleire konfirmantar som har sendt inn små referat frå radio – og tv-gudstenester og fått dei godkjent.»

Prosten i Karmøy melder at det varierte frå sokn til sokn kor mange konfirmasjonsgudstenester som blei gjennomførte: «Nokon gav kvar konfirmant sjansen til å ha med mange frå familien, og måtte gjennomføre mange gudstenester. Andre sette strengare grenser for kor mange familiemedlemmar som kunne vere med, og gjennomførte færre konfirmasjonsgudstenester. Norheim sokn var det soknet som hadde flest konfirmasjonar. Dei gjennomførte ni konfirmasjonsgudstenester i løpet av ei helg.»

Prosten i Jæren prosti seier at «noko av det såraste for kyrkjelydane var å ikkje få feire konfirmasjonane slik ein hadde planlagt. Det er ei utruleg viktig tid for konfirmantane, og ei

stor glede og fest for kyrkjene å få vera vertskap for ei slik flott markering. Så greidde ein likevel om hausten å snu seg rundt og arrangera gode festgudstenester for årets kull, samtidig som ein var fullt opptatt med å ta imot nye konfirantar – under heilt nye og ukjende høve.»

Prostane er samla sett særst nógde med gjennomføringa av konfirmasjonane i sokna. Det har vore stor innsatsvilje frå dei tilsette, og det løyste seg fint med utsette konfirmasjonar.

Vegen vidare

Det ser ut til at 2021 blir nok eit år der korona i stor grad vil påverke konfirmasjonsundervisninga og konfirmasjonane. For bispedømmet blir det viktig å halde god kontakt med kyrkjelydane, slik at dei i størst mogleg grad kjenner seg trygge på kva regler og retningslinjer som gjeld til ei kvar tid. Sokna har vore igjennom dette ein gong før, så me trur dei vil ha betre føresetnadar for å handtere undervisninga og konfirmasjonane denne gongen. Samtidig registrerer me at mange tilsette er slitne, og det blir derfor viktig å gi motivasjon, omsorg og inspirasjon til kyrkjelydane.

Bispedømmet har dei siste åra arbeidd for at alle kyrkjelydane skulle ha sine eigne konfirmantplanar. Dette arbeidet er nå slutført. Målet med planarbeidet har vore at kyrkjelydane skal ha ein systematisk plan for konfirmantarbeidet, og at undervisninga skal bli meir aktuell og livsnær for konfirmantane. I tida framover vil me arbeide meir med det diakonale perspektivet inn i konfirmantundervisninga. Me trur det kan vere ein nøkkel til å nå inn til konfirmantane i ei viktig tid i livet.



Konfirantar i Tjensvoll kyrkje i september. Foto: Andreas Borge Håmsø

2.4. Mål: Kyrkja har trusopplæring for vaksne

Resultat

I medlemsundersøkinga 2020 finn me fleire tal som seier noko om vaksne sin relasjon til tru og kyrkje i bispedømmet. Undersøkinga viser at eit stort fleirtal av medlemmane (82 %) har vore med på noko kopla til kyrkja i løpet av det siste året, som deltaking på gudstenester, kulturarrangement, eller å fylgja barn og unge til tiltak i kyrkja.

I undersøkinga svarer 24 prosent at dei er heilt sikre på at Gud finst (same talet både i 2019 og 2020). Talet på dei som svarer at dei er sikre på at dei ikkje trur på Gud er det same i 2019 og 2020, altså 15%. I dei andre spørsmålsgruppene er det nokre svingingar i tala både opp og ned frå 2019 til 2020.

I undersøkinga i 2020 svarte 55 prosent at dei meiner det er viktig at unge lærer dei kristne fortellingane. Når det handlar om eige ønske om å lære meir om kristendommen, svarte 29 % at dei er einige i det, 25 % svarte verken eller i 2019. På papiret er det altså over 90 000 medlemmar i bispedømmet som kunne tenka seg å lære meir.

I Rambøll si undersøking i perioden mars til juni 2020 viser tala at 76 % av kyrkjelydane har publisert video av preiker, andakter eller bønner, og 48 % har publisert preiker, andakter og bønner i tekstform på nettet. Den andre undersøkinga frå Rambøll, i perioden 16.juni til 31.desember 2020, viser at 75 % av kyrkjelydane hadde publisert video av preiker, andakter og bønner. Det er om lag det same som før sommaren. Heile 51% svarer og at dei har hatt digitalt møte eller undervisning, utan at det seier noko meir om kva det inneber.

Vurdering og analyse

Tala frå medlemsundersøkingane er nokså stabile frå 2019 til 2020. Det same gjelder tala på kor mange som trur på Gud og kor mange som ikkje gjer det. På den eine sida er det positivt at så mange er positive til kyrkja og brukar henne i ulike samanhengar. På den andre sida er det mange av medlemmane som er nøytrale eller ikkje trur, og som ikkje har ein relasjon til kyrkja dei høyrer til og er medlem i. Det er alvorleg og noko me treng å arbeide meir med i tida framover.

Tala for kva kyrkjelydane har gjort i korona-tid er relativt høge. Mange har hatt digitale gudstenester, konsertar og publisert videoar av andaktar, preiker og bønner. Undersøkinga som Opinion gjorde for Borg, Hamar og Stavanger bispedømme i 2020, viser at tre av ti medlemmar har sett innhald frå Den norske kyrkja i sosiale medium i korona-tida. Sosiale medium prioriterer det folk er interesserte i frå før, og undersøkinga viser at det er lettast å nå dei som allereie er mest engasjerte.

Det store spørsmålet er korleis me skal nå breitt ut med opplæring til medlemmane. Det er viktig med eit variert tilbod innan kultur, blant anna med opne kyrkjer og konsertar, ulike typar gudstenester og diakonale tilbod. Det blir viktig framover å kommunisera med eit tydeleg budskap om den kristne trua, utan å stå fram som autoritære, belærande eller påtrengande. Kyrkja må våga å stilla spørsmål og vera relevant og livsnær.

Opinion si undersøking viser at nesten to av tre har fått informasjon frå Den norske kyrkja i løpet av det siste året. Av denne informasjonen når kyrkjebladet heilt klart lengst ut. Totalt 77 % av dei som har mottatt bladet frå kyrkjelyden det siste året svarer at dei har bladd eller lest i nokre av dei. Det er eit oppsiktsvekkande høgt tal, og viser at kyrkjebladet framleis har sin misjon og når inn til mange menneske i kyrkjelydane.

Vegen vidare

Kyrkja nasjonalt og lokalt har satsa mykje på det digitale i det siste. Det er behov for å nå lengre ut på digitale arenaer, særleg i møte med ungdom og unge vaksne. Samtidig ser me at mange framleis les i kyrkjebladet. Fleire sokn vurderer om dei skal fortsette med bladet eller satse meir på det digitale. Når undersøkingar viser at kyrkja når om lag 30% av medlemmane med sine digitale tilbod og 50-60% av medlemmane med kyrkjebladet, tyder det på at det å få noko konkret i hendene rett heim framleis når breiare ut enn digitale tilbod. Kyrkjebladet kan òg brukast til trusopplæring for vaksne.

Sidan 2019 har me arbeidd med eit nytt og spennande konsept for vaksne. Det handlar om å tolka erfaring i lys av trua, stadfesta tru og gje kunnskap om dei sentrale elementa i den kristne trua. Dette blir presentert gjennom ulike portalar eller innsteg til tru. I 2021 skal me arbeide meir med korleis me skal nå ut med konseptet og korleis det kan brukast i kyrkjelydane.



Digital trusopplæring for vaksne: Prestane Torstein Eidem Nordal (Bogaffell) og Vidar Mæland Bakke (Bymenigheten) lagar podcasten «Mangfoldig hverdag».

3. Kunst- og kultur

3.1 Mål: Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Nøkkelindikator: Talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

Også for kyrkjeleg kultur har 2020 vore eit år der evna til rask omstilling, nytenking og fleksibilitet har vore sentral. Korleis kan ein forvalta kyrkja som arena for kunst og kultur når dørene blir stengde?

Gjennom året har det vore ulike reglar for kor mykje publikum ein har kunne ha. På våren var det heilt stengt i fleire månader. På hausten var det ei luke kor det blei halde fleire konsertar i kyrkjene for inntil 200 personar. Norsk orgelfestival blei gjennomført som planlagt og blei ein viktig arena med fleire flotte konsertar og møteplassar for kyrkjemusikarar og andre interesserte.

Også i 2020 hadde me eit spennande samarbeid med litteraturfestivalen Kapittel. Her hadde bispedømmet ansvaret for eit program kor me besøkte fem middelalderkyrkjer med program som inneheldt litteratur, musikk og historie. Då det i månadene før jul blei ny grense på maks 50, blei mykje avlyst eller flytta til digitale flater.

Dei mange kora i kyrkjene har også merka pandemien godt. I lange periodar har det ikkje vore mogleg med korøvingar. Ein del konsertar har det derfor ikkje vore mogleg å gjennomføra, sjølv digitalt, fordi kora ikkje har kunne møtast til øving eller opptak.

I sokna har ein sett stor vilje og evne til å tenka nytt for å nå ut med musikk og kunst. Det har blitt produsert ulike arrangement via strøyming. Dei fleste har hatt kyrkjelyden som primærmålgruppe, men det har og blitt sendt større konsertar som me ser har nådd mange. Bispedømmet hadde for eksempel ein av dei nasjonale laurdagskonsertane, og på denne er det registeret me enn 12.500 visningar.

Fleire kyrkjelydar la ut mykje og fekk høge sjåartal. Til dømes har me høyrte om dette frå fleire kyrkjelydar på Karmøy, som har mange engasjerte kyrkjemusikarar. Dei har laga musikkvideoar, sendt «Godnatt fra flygelet» og i tillegg gjennomført nokre fysiske arrangement, til dømes Olavsdagane på Avaldsnes, som til saman hadde 1200 deltakarar på ulike arrangement. Mange kyrkjelyder laga digitale adventskalendrar og fleire av desse var små musikalske helsingar.

Stavanger kyrkjelege fellesråd fekk pengar å spela inn songar til bruk ved sjukeheimar. Innspelingar blei laga som ein støtte til allsongen. Ein får opp forsongarar og musikarar på skjerm med teksting, slik at det skal vera lett å synga med. Bispedømmerådet tok del i prosjektet. Det blei også spelt inn liturgiske samlingar og andaktar.

Kantorane ser at digitale innspelingar som blir delte digitalt får breitt nedslagsfelt og mange fleire visningar enn oppmøte på fysiske konsertar. Samtidig kan eit digitalt alternativ aldri konkurrera som heilskapsoppleving med ein fysisk konsert.

Dei store julekonsertane som fyller kyrkjene i desember blei ikkje arrangerte, på grunn av grensa i talet på publikum. Dei som blei haldne blei flytta til kinoar og konsertsalar med fastmonterte sete.

Kartlegging av digital aktivitet

Mykje av den digitale aktiviteten i bispedømmet er fanga opp i tala frå dei to kartleggingane som er gjort av Rambøll :

TIDSROM	Tal på aktivitet	Tal på deltakerar
13. juni – 15. juni	40	111 883
15. juni – 31. desember	261	155 157
SUM	301	267 040

42 av dei 261 aktivitetane som er rapportert for juni – desember er konsertar, mens 219 er publisering av salmar eller kortare musikalske innslag.

I kartlegginga på hausten har ein spurt etter kor mange som deltok på det største arrangementet ein hadde innan området kunst- og kulturliv. Her ser ein at ein når mange via digitale flatar. 31 % nådde mellom 1000 – 4999 deltakarar, og 9 % nådde 5000 – 9.999 deltakarar. Det er høge tal for kyrkjemusikk.

Resultat og refleksjon over den ordinære 2020-statistikken frå kyrkjelydane

Her er det kyrkjelydane har rapportert av aktivitet og deltaking dei siste åra. Me har spora opp noko misvisande feilrapportering i dei siste tala, slik at siste kolonne svarar betre til realitetane enn SSB-tala. Feilen skuldast digitale arrangement rapportert på feil stad.

Arrangement i kyrkjeleg regi	2016	2017	2018	2019	2020	korrigert
Konsertar i regi av kyrkjelyden	420	490	437	489	267	257
Publikumstal	54 725	61 480	58 788	53 756	30 331	14 870
Andre kulturarr. i regi av kyrkjelyden	191	194	161	208	140	108
Publikumstal	18 914	21 552	13 652	29 128	52 315	8 289
Arr. totalt	611	684	598	697	407	365
Publikum totalt	73 639	83 032	72 440	82 884	82 646	23 159

Arrangement i regi av andre	2016	2017	2018	2019	2020
Konsertar i regi av andre	304	267	295	346	204
Publikumstal	70 750	64 937	71 449	62 715	10 961
Andre kulturarr. i regi av andre	56	102	48	53	39
Publikumstal	7 241	5 739	10 471	8 208	2 663
Arrangement totalt	360	369	343	399	243
Publikumstal totalt	77 991	70 676	81 920	70 923	13 624

Totaloversikt	2016	2017	2018	2019	2020	korrigert
Kulturelle arrangement totalt	971	1053	941	1 096	650	608
Publikumstal totalt	151 630	153 708	154 360	153 807	96 270	36 783

Kommentarar

Resultata for 2020 viser ein tydeleg og forventta nedgang for kulturarrangement. Det er ein nedgang på 45 % i talet på kulturarrangement og ein nedgang på 76 % i talet på publikum totalt.

Tala frå kartlegging av digital aktivitet utfyller dette. Me veit ikkje kor lenge dei drygt 267 000 personane her har fylgt sendingane, men det høge talet viser at mange har stoppa opp ved innslag frå kyrkja. Kyrkjelydane har vist stor vilje og evne til å nytte ulike digitale plattformer for å nå ut med eit variert og godt tilbod i ein krevjande tid. Dette har mange fått med seg.

Det er gjort to medlemsundersøkingar i 2020: Ein om sommaren og ein i oktober. Begge syner ein nedgang i talet på medlemmar som har vore med på konsert- eller kulturarrangement i kyrkja siste året. I undersøkinga viser talet ein nedgang frå 27 % i 2019 til 19 % i 2020. På hausten er deltakinga nede i 18 %, også når digitale arrangement er inkludert. Kanskje har interessa for digitale sendingar etter kvart blitt lågare? På våren var nedstenginga også meir gjennomgripande. Snittet på deltakarar per aktivitet på våren var 2797, mens det på hausten var 594.

Vegen vidare

Me ser fram til at kyrkjene igjen skal opnast og til me igjen kan sitte i kyrkjerommet og oppleve det som skjer og blir formidla i rommet. Me er spente på kva som skjer og ser på kva tiltak som trengst for å invitere folk tilbake. Me planlegg møte på prosti og fellesrådnivå med kyrkjemusikarar og daglege leiarar, med fokus på kultur som kjerneområde i kyrkja sitt arbeid. Der vil me også sjå på om det trengs ekstra tiltak for at informasjon om kulturtilbod når ut.

Kor

Sidan kora i lange periodar har vore utan aktivitet, er det gledeleg å sjå at tala for korarbeid ikkje har endra seg mykje. Det er ein nedgang i talet på vaksne som syng i kor på rundt 200 personar, men dette er betre enn frykta ut frå pandemien. Noko kan også skuldast at konsertar som engasjerer korsongarar i prosjekt har blitt avlyste.

KOR	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Barnekor	136	130	125	116	112	111
Medl. barnekor	3 154	2 924	2 706	2 525	2 356	2 328
Vaksenkor	62	68	72	66	67	66
Medl. vaksenkor	1 464	1 567	1 646	1 578	1558	1369

Song har vore ein sentral del av gudstenestefeiringa til alle tider. Nå ser me at songen fleire stader er i ferd med å minka og nesten stilna, også i kyrkjeleg samanheng. Dette uroar oss. Kora har ei viktig rolle i å støtta kyrkjelydssongen i gudstenestene. Ved å syngja i kor i kyrkja deltek ein på gudstenester og lærer liturgi og salmar. Me vil derfor arbeida med å styrka kora i sokna, i samband med tankane me har om å styrka fellesskapssongen i kyrkja. I dette har me eit godt og tett samarbeid med Ung kyrkjesong og Kyrkjesongforbundet.

3.2 Mål: Fleire opne kyrkjer

Nøkkelindikator: Talet på opne kyrkjer

Opne kyrkjer				
	2017	2018	2019	2020
Opne kyrkjer	34	42	43	57
Tal på dagar	1265	1387	1558	1352

Dei siste åra er det sett søkelys på opne kyrkjer. Kyrkjebygga er ein viktig ressurs for oss som folkekyrkje. I bispedømmet er det 90 sokn og 120 kyrkjer. Nokre kyrkjer har normalt mykje turistar innom. Nokre ligg også langs pilegrimsledene lang kysten og til Røldal. Pilegrimsarbeidet har vore ei hjelp til å opna kyrkjene.

Me møter ulike haldingar til dette i sokna. I to fellesråd har kyrkja fått middel frå kommunen til å gje ungdom sommarjobb som vertskap i kyrkjene. Andre stader har me møtt tilsette og medlemmer av sokneråd som tenker opne kyrkjer ikkje er noko dei skal bruke ressursar på.

Også for dette feltet har pandemien hatt konsekvensar. Fleire sokn rapporterer at dei har hatt open kyrkje, mens talet på dagar er kyrkja er open er ein del lågare, truleg på grunn av nedstenging under pandemien. Då det var mogleg å opna kyrkjene og ein ikkje hadde høve til å ha gudstenester eller andre arrangement, valde nokre sokn å opna kyrkjene i staden.

Besøkstala i dei opne kyrkjene varierer og er til dels lågare enn ein kunne vente ut frå eit optimistisk anslag. Kanskje må tilbodet gjerast meir kjent og få tid til å gli inn i den lokale kulturen? Me har tru på denne arbeidsforma på sikt. Tilbodet har vore viktig for dei som har nytta det, og symbolverdien av ei open kyrkje skal heller ikkje undervurderast.

I sommar var det eit flott samarbeid mellom Utstein Pilegrimsgard, Rennesøy sokn og MUST (Museum Stavanger) om faste tidebøner i klosterkyrkja kvar dag kl 13. Det blei 61 dagar med 1050 besøkande. Dette er ikkje med i statistikken her, men er ført på pilegrimsfeltet.

Me har som mål å auka talet på opne kyrker i bispedømmet. Me arbeider med å gjera informasjon om kyrkjene tilgjengeleg, med tema som bygg, arkitektur, kunst og orgel. Me ser på kva plattform det er bra å nytta til dette og kva type informasjon ein skal gje. Kyrkjevevja i Stavanger har kjøpt inn «bukkar» for plakat til alle kyrkjene, så kyrkja kan opnast når det er folk på kontoret.

I løpet av våren vil me ha ein felles samling med alle kyrkjevevjer og prostar, under overskrifta opne kyrkjer. I møte med ein sommar der truleg mange nordmenn vil feriera i heimlandet, håpar me å bidra til at dei i år møter fleire opne dører i kyrkjene. På samlinga vil me reflektera over kvifor det er viktig å prioritera å halda kyrkjene opne og over ulike sider ved korleis ein gjer det, som sikring, vertskap, informasjon og innhaldstilbod. Me har eit håp om å kunne ha ein konferanse om opne kyrkjer i løpet av hausten 2021.

Framleis er tryggleik og tilgang på frivillige viktig for å ha opne kyrkjer. Nokre som kjem vil kalla seg turistar, andre besøkande eller pilegrimar. Her treng ikkje me som kyrkje å definera kva dei er, men håpa at dei som kjem inn i kyrkja vil gå ut som pilegrimar.

4. Kyrkje og samfunn

4.1. Mål: Fleire kyrkjelydar med diakonal betjening

Nøkkellindikator: Talet på kyrkjelydar med diakonal betjening.

Resultat og utvikling

I bispedømmet er det nå 74 kyrkjelydar med diakonal betjening. Det utgjer 80 prosent av kyrkjelydane og er ein oppgang på sju kyrkjelydar. Fleire av kyrkjelydane som enno manglar diakonal betjening er små.

Oppgangen heng saman med at me dei to siste åra har fått tildelt nye middel til diakoni, for å styrka kyrkja sitt bidrag til samfunnet. I 2020 fekk Stavanger bispedømme tilskot til 3,2 nye, delte diakonstillingar, der bispedømmet kunne stå for halvparten av finansieringa. I tråd med rammene frå Kyrkjerådet sikta bispedømmerådet seg inn mot prosjekt retta mot ungdom og flyktningar, og mot stader der det ikkje har vore diakon tidlegare.

Alle fellesråd kunne søkje, og det kom inn seks søknadar som bispedømmerådet drøfta og prioriterte. Det blei oppretta fire nye stillingar, i ulik storleik:

- Ungdomsdiakon i Tysvær kyrkjelege fellesråd: Ungdomsdiakoni 13-20 år, i samarbeid mellom kyrkjelyden, kommunen og KFUM/K.
- Diakoniarbeidar i Lund kyrkjelege fellesråd, retta mot flyktningar og nye i Noreg.
- Diakon i U-kyrkje, Stavanger kyrkjelege fellesråd, retta mot ungdom mellom 15-30 år.
- Barne og ungdomsdiakon i Time kyrkjelege fellesråd.

Fleire kyrkjelydar enn dei som fekk tildelt middel hadde gode søknadar. Me har i tillegg hatt samtalar med fleire sokn som ønsker å få på plass nye diakonstillingar, med fokus på frivillige, ungdom, eldre, flyktningar eller kyrkje-helse-samarbeid. Me merkar stor interesse for diakonale prosjekt i kyrkjelydane og lokalsamfunna.

Me vurderer ofte den diakonale ressursen i soknet på visitasar. Der det er grunnlag for det, kan dette bli eit samtaletema i møte med kommunen. Blant kommunane merkar me interesse for samarbeid om diakonale prosjekt, særleg når kyrkja òg kan bidra økonomisk til deler av ei stilling. Kommunane er til dømes opptekne av at dei treng meir frivillig innsats for å møte utfordringa med fleire eldre.

Som kyrkje er det evangeliet om Jesus som er grunnlaget for omsorgsarbeidet vårt. Kyrkja skal ikkje overta kommunale oppgåver, men samarbeida med alle som har felles interesse med oss i arbeidet for nestekjærleik og omsorg.

I tidlegare tider var både sjukeheimsdrift og fattigkasse kyrkja sitt ansvar. Når stat og kommune har overtatt desse oppgåvene, blir ikkje slike «alminnelege» omsorgsoppgåver «mindre kristne» av den grunn. Det er slik sett ingen grenser for kva typar omsorgsarbeid kyrkja kan engasjera seg i, men grunngevinga er bygd på at alle menneske er skapte av Gud og Jesu ord om å elska nesten sin som seg sjølv.

Stavanger kyrkjelege fellesråd ser òg for tida på korleis diakonane og kyrkjelydane i byen kan nå lengre med å arbeida saman. Det blir laga ein felles plan for kyrkja sitt omsorgsarbeid i Stavanger på vegne av kyrkjelydane, slik at ein kan få meir kraft, samarbeid og fokus i den diakonale satsinga på tvers av kyrkjelydane. Bispedømmerådet tek del i samtalanane.

Føremålet for prosjektet er:

- Å gjera kyrkjelydane sitt omsorgsarbeid kjent for innbyggjarane, på tvers av soknegrenser.
- Å invitera frivillige medarbeidarar til å engasjera seg i dei delane av omsorgsarbeidet dei særleg brenn for, uavhengig av adresse i kommunen, og slik bidra til auka frivillig innsats
- Å sørga for at fellesrådet sine ressursar blir nytta og prioriterast best mogleg.
- Å bidra til at dei enkelte kyrkjelydane sin særlege kompetanse og engasjement kjem flest mogleg til gode.
- Å leggja til rette for auka samskaping med andre samfunnsaktørar.

Arbeidet i Stavanger kan også bli til eksempel for andre område der samarbeid på tvers av sokn er naturleg, til dømes i dei andre byane.

4.2. Mål: Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar med tilbod innan integreringsarbeid

Resultat og utvikling

Talet på kyrkjelydar som har integreringstilbod har gått opp samanlikna med 2018 og 2019. I 2018 melde 29 kyrkjelydar at dei hadde tilbod. I 2019 var det 31, mens i 2020 var det 39. Det finst store grupper menneskje med bakgrunn frå andre deler av verda i bispedømmet. Mellom 7 og 19 prosent av befolkninga i dei ulike kommunane i Rogaland er fødte i utlandet, med flest som har kome til byane.

Kyrkjelydane tilbyr mange ulike møtestader: Språkkafear, kvinnegrupper, tolketenester på gudsteneste, norskkurs, ALPHA-kurs, leksehjelp, treningstilbod, hobbykveldar for innvandrar kvinner, turgrupper og samarbeid med NAV om integreringsprogram og religionsdialog.

Nokre kyrkjelydar, for eksempel Nærbø, har store mottak i soknet og held god kontakt med desse. I Sand kyrkjelyd i Ryfylke har dei gjort fylgjande tiltak:

- starta eit tilbod om leksehjelp, som kommunen nå har teke over
- omsetjing av liturgi til relevante språk
- Tilbod om kyrkjestyss for nye i Noreg til gudstenester
- Tilbod om heimebesøk og utdeling av norsk bibel til kvar familie.
- Praktisk hjelp ved behov.
- Besøk på Introsenteret med undervisning og informasjon om Den norske kyrkja og om kyrkjelege tilbod lokalt i Suldal.
- Lokal «ressursgruppe» for flyktningar.

På fleire stader er det samarbeid mellom diakonen og flyktningkonsulenten i kommunen. Fleire av aktivitetane i kyrkjelydane skjer også i samarbeid med KIA Rogaland.

Sandnes kyrkjelyd har ein språkverkstad som er ein møtestad der flyktningar kan koma for å trenast seg på å snakke norsk. Kyrkjelyden gjev også tilbod om ein-til-einsamtale når det er nok frivillige til å koma ønska i møte. Nokon får også leksehjelp. Kvar torsdag frå kl. 17-20 møtest ca 20-30 flyktningar og opp mot 10 nordmenn. Kyrkjelyden har også symjeundervisning ein dag i veka. Deltakarane kjem frå både Midt-Austen, Nord-Afrika, Aust-Europa, Asia og USA.

I haust delte ordføraren ut Sandnes kommune sin inkluderingspris til kyrkjelyden, for det flotte arbeidet dei har.

I årsplanen for 2021 har me sett opp at me skal ha ein fagdag saman med Sandnes kyrkjelyd og KIA med fokus på nye i Noreg.



Språkverkstad i Sandnes kyrkjelyd.

4.3. Mål: Styrka arbeidet med religionsdialog

Nøkkelindikator: Talet på fora for dialog der kyrkja er med

Arbeidet med religionsdialog på bispedømmenivå skjer fyrst og fremst gjennom Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger og Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn i Stavanger. Desse har igjen aktivitetar lokalt.

Dialogsenteret blei oppretta i 2012. Bispedømmerådet har to representantar i styret, inkludert biskopen. John Trygve Meyer blei ny dialogprest i 2020, og Odd Kristian Reme gjekk av med pensjon, etter stor og vellukka innsats gjennom mange år. Dialogsenteret har vore ein katalysator for religionsdialog sidan det blei oppretta.

I 2020 måtte mykje avlysast, men ein rakk å gjennomføra dialogmiddag og fleire dialogkveldar med interessante tema og god oppslutning, digitalt eller fysisk. Biskopen har vore med, og ein har tematisert feminisme i islam, tru og vitenskap, kommunen sitt mangfaldsråd og dialog i seg sjølv.

Dialogsenteret og STL samarbeider tett om ulike tiltak. STL er medarrangør på dialogkveldar, samarbeider med kommunen og tek initiativ til felles markeringar ved behov. I år har dette nettverket vore ein viktig arena for samarbeid om smittevern. Til dømes har moskeane gjort ein stor innsats for å omsetta informasjon om smittevern til ulike språk. Kyrkja har koordinert på vegne av trussamfunna opp mot fylkesberedskapsrådet. Det er ikkje usannsynleg at godt samarbeid og tillit mellom livssynssamfunn og styresmakter har vore viktig for å halda smitta nede og gjennomføra arrangement innan dei gjeldande rammene.

Dialogsenteret særleg nært samarbeid med Domkyrkja og St Petri sokn og St Johannes sokn. I tillegg er det til tider verksemd i Haugesund, Eigersund og nokre andre stader i bispedømmet.

Framover vurderer me nye satsingar, til dømes vennskap mellom kyrkjer og moskear. Me har tradisjon for at dialogprest og imam er med på samlingar i kyrkjelydar og presenterer presentert skilnadar og likskap mellom islam og kristendom. Prest og imam besøker òg flyktningar i mottak og orienterer om tru og religion i Noreg.

Dialogsenteret har òg jamt samarbeid og dialog med nyåndelege miljø, gjennom alternativmesser, seminar og kurs. For tida forskar ein av dialogprestane på aspekt ved dette miljøet.

Dei faste, opne aktivitetane i Dialogsenteret har festa seg som viktige tilbod for ei veksande gruppe menneske. Utviklinga frå 2012 har vist ein jamn vekst, både i forhold til økonomi, stillingsressurs og tiltak, men 2020 har vore eit unntaksår.

Vegen vidare

Me ser fram til å kunne starta med ny, konkret dialogaktivitet. Me vil halda fram med prosjekt for unge og med relasjonsbygging, fellesskap og samordning for ulike trus- og livssynssamfunn.

Det er ei god ordning at dialogarbeidet skjer gjennom dialogsenteret og at det finst ressursar dedikert til dette arbeidet. Me har styrka kontakten mellom dialogsenteret og bispedømmet i 2020, gjennom jamlege møtepunkt.

4.4. Mål: Kyrkja aukar det digitale nærværet

Nøkkellindikator: Talet på kanalar i sosiale medium, talet på fylgjarar pr. kanal og talet på postar pr. veke pr. kanal.

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Kyrkja sitt digitale nærvær auka betrakteleg i 2020, med pandemien som ei klar årsak. Også bispedømmet sine digitale flater hadde vekst.

Sosiale medium

På Facebook har fylgjarskaren til “Stavanger bispedømme”

(<https://www.facebook.com/stavangerbispedomme/>) gått frå 850 ved starten av året til 1115 ved utgangen. I 2020 blei det posta 229 innlegg, mot 143 i 2019, det vil seie i snitt 4,4 postar pr. veke (mot 2,7 i 2019). Våren 2020 blei det posta eit innlegg kvar dag med ein andakt frå ein prest eller annan kyrkjeleg tilsett. Denne andaktsstafetten gjekk i 9 veker, og har mykje å seie for auka i innlegg saman med adventskalenderen kvar dag i desember. Stafetten blei også brukt som ein ressurs for kyrkjelydane, som noko dei kunne dela og visa til.

Den viktigaste grunnen til veksten er at me inviterer dei som liker innlegga til å lika sida. Det skapar vekst å posta engasjerande innlegg som når lenger enn til dei aller næraste. Då får me “likes” frå folk som ikkje fylgjer sida frå før.

Den videoen som fekk mest respons og nådde lengst (5 000) var ein over sju minutt lang presentasjon av den nye prosten i Karmøy. Me har òg promotert fleire stillingsutlysingar på Facebook, desse har nådd langt og fått god respons. Ein humoristisk film som oppsummerte kyrkjas sin digitale innsats i løpet av koronavåren fekk òg god spreing (4 500). Joik frå Vår Frelzers kyrkje skilde seg ut som ein av videoane med best “publikumsbevaring”, det vil seia at dei fleste som såg filmen, såg den heilt frå start til slutt. Det vanlege er at størstedel av publikum berre ser nokre sekundar av ein film på Facebook før dei scollar vidare.

Nokre av adventskalender-innlegga, spesielt videoar, nådde også langt ut. Dette var ei god anledninga til å løfta fram godt kyrkjelydsarbeid, gjennom å visa til ting kyrkjelydane sjølv hadde lagt ut i advent.

På biskopen si Facebook-side, “Stavanger biskop, Anne Lise Ådnøy,” har systematisk arbeid gjeve gode resultat og ei auke frå 858 til 1093 fylgjarar. Talet på reaksjonar på innlegga ligg jamt høgt i forhold til talet på fylgjarar. Biskopen har ei engasjert fylgjarskare, som fylgjer ho tett. Dei set pris på personlege, tydelege innlegg, om alt frå bøn, Bibel og ettertanke til politikk og globalt ansvar og historier frå biskopens eige liv. Kvar onsdag legg ho ut ein post. Denne rytmen skapar aktivt nærvær og held på interessa.

Innlegga på biskopen si side når generelt to og tre gongar lengre enn innlegga på bispedømmesida, sjølv med om lag like mange fylgjarar. Postar som treff folk “heime” og snakkar inn i deira kvardag får god respons. Ein av tekst-postane som nådde lengst handla om feirefølelse og takksemd. Ein annan handla om å gå trøtt av korona-restriksjonar. Å setta ord på det som er viktig for folk er ei god oppskrift for bispesida. Ein tekstpost (utan bilde) om fastetid, bøn og krig i Syria nådde over 6 500. Video med påskeandakt frå Domkyrkja nådde rundt 7 000. Videoar når lengre enn tekstpostar.

Nettsider

I 2020 var det 77 000 økter på www.kirken.no/stavanger. Det er ei auke på 11 400 frå 2019 (65 600). Me hadde 43 400 brukarar, mot 32 600 brukarar i 2019. Det var 160 000 sidevisningar, samanlikna med 149 000 sidevisningar i 2019.

Unike sidevisningar:

- Startside Stavanger bispedømme: 18 700 (frå 27 000)
- Aktuelt: 7 700 (frå 7 200)
- Om bispedømmet: 5 000 (frå 3 500)
- Kontakt oss: 4 100 (frå 3650)
- Bispedømmerådet: 5 000 (frå 2 400)
- Biskopen: 700 (frå 2 300)

I tillegg:

- Korona-informasjonsside: 6 000
- Ord for dagen, våren 2020: 4 500
- Ledige stillingar: 3 200

Den tydelege auka i tala speglar behovet for korona-informasjon og stoff om dette, samt auka kontakt mellom bispedømmet og kyrkjelydane. Også bispedømmerådet har fått meir merksemd enn i 2019.

Startsida hadde eit kraftig fall i visningar frå 2019. Det kan kome av at mange har brukt lenker i e-postar og på Facebook til å komme inn på sida, noko som tyder på meir målretta bruk av nettstaden. Biskopen si side har òg hatt merkbart færre i visningar, det kan ha bakgrunn i at biskopen ikkje lenger hadde like stor nyheitsinteresse i 2020 og at sida har vore relativt uendra.

Aktuelt-sidene har hatt ei lita auke. Det er viktig for den generelle interessa for nettstaden at det skjer noko her. I 2020 la me ut to aktuelt-saker i veka for å halda sida oppdatert med friske nyheiter.

Kyrkjelydane sitt digitale nærvær

Nokre sokn var allereie godt skodde for eit tydeleg digitalt nærvær ved starten av pandemien. Mange tok kraftige skippertak i starten. Dei fleste har gjort noko, i større eller mindre skala.

Kyrkjelydane har også prioritert diakoni. I kommunikasjonen frå bispedømmet til sokna har me lagt vekt på at sjølv om det digitale er viktig, har me også ønska eit sterkt fokus på å vera til stades for dei som treng det, innan dei rammene som har vore moglege.

Me har sendt jamlege e-postar til sokna med tips og ressursar til digitalt nærvær og støtta og oppmuntra medarbeidarar som har sett seg inn i digitale arbeidsformer. Det har ikkje vore nødvendig at alle gjer alt likt. Kyrkjelydar har kunna lena seg på kvarandre og på gode nasjonale ressursar.

Nokre kyrkjelydar har etablert grupper der vaksne og ungdom har bygt opp stor kompetanse og gjeve eit godt digitalt tilbod, for eksempel med fast strøyming av gudstenester. Det finst eksempel på at dei har levert så høg kvalitet at dei har kunna gjera tenester, frivillig eller profesjonelt, for andre kyrkjelydar, bispedømmet og Kyrkjerådet. Mellom anna er kyrkjelydane på Nærbø, Hana, Bogafjell, Sunde og Vardeneset av dei som har hatt stor aktivitet og laga sendingar som har nådd ut over eige område. Også små kyrkjelydar har laga sendingar med høg kvalitet. I nokre kyrkjelydar står ungdom for mykje av det digitale arbeidet.

Sosiale media-webinar våren 2020 ga godt innblikk i kyrkjelydane sitt arbeid med å vera kyrkje på nett. Satsinga har ikkje vore utan hindringar. Deltakarane melde mellom anna at nokre av dei største utfordringane var uklare ansvarsforhold, lite struktur, låg kompetanse, utstyr, usikkerheit på digitale val og ei kjensle av at folk gjekk lei av digitale opplevingar. Likevel har mange fått til mykje.

Positive erfaringar har vore godt samarbeid med nabosokn, glede over meistring, kjensle av auka kompetanse, gode resultat (tusenvis som ser på digital gudsteneste) og tverrfagleg samarbeid.

Det har vore stor interesse og vilje i kyrkjelydane til å satsa vidare på kyrkje på nett. Bispedømmerådet sette av ein million til å støtta arbeidet med å vera kyrkje på nett i kyrkjelydane. Rådet fekk inn søknadar på rett over sju millionar kroner. I november blei det delt ut om lag 1,4 millionar, men me måtte likevel seia nei også til gode prosjekt. Det er framleis behov for nye ressursar på området, i form av tid, teknisk kompetanse og utstyr.

Me har fått mange takke e-postar og tilbakemeldingar om at dette blei opplevd som strategisk viktig for kyrkjelydane å få på plass i dette året. Støtta har gjort nye tiltak mogleg.

Dei fleste av sokna (76 %) posta videoar med andaktar, bønner, preike, o.l. Nesten like mange la ut digitale gudstenester (73 %) om våren, dette talet steig til 80 % hausten 2020 . Nesten 60 prosent av sokna dreiv trusopplæring på nett våren 2020. Om hausten halverte dette talet seg, i takt med at fysiske tiltak igjen var moglege. Ein fjerdedel publiserte konsertar digitalt om våren, men litt fleire gjorde det om hausten. I tillegg la rundt 40 % ut salmar og kortare musikalske innslag om hausten, truleg hovudsakeleg i advents- og juletida.

I påska var det spesielt høg digital aktivitet. Det var mykje kreativitet og god kvalitet på både trusopplæring og gudstenester. I mai var det høg deltaking på gudstenester, med både pinsefeiring og 17. mai som høgdepunkt. Då hadde òg mange fått dreisen på det digitale, og merksemda om kyrkja på nett var auka.

Alle sokna i undersøkinga i Stavanger bispedømme har aktive Facebook-sider. 45 har Youtube-kanalar, men berre halvparten av dei er aktive. 22 har aktive Instagram-kontoar. Nær 60 % av sokna tok i bruk 1-2 nye digitale kanalar i 2020, noko som tyder på mykje pågangsmot og ein stor vilje til å klatra bratte læringskurver for å nå ut til medlemmane. Nokon har til og med prøvd seg på TikTok.

Tala frå Rambøll viser og at dei aller fleste sokna har samarbeida tett med andre sokn om å laga digitale gudstenester og videoar med andaktar og bøn. Også trusopplæring har vore eit samarbeidsfelt for nær halvparten.

Berre to sokn melder at de ikkje har hatt nokre digitale tiltak.

Nær 90% av sokna seier at dei vil fortsetta med digitale aktivitetar i 2021, men berre halvparten melder at dei har det dei treng for å gjennomføra dette.



Prostiprest Einar Andreassen tok med seg barn på tur og laga film om advent i Vindafjord.

Kva syntest medlemmane?

Saman med bispedømmene i Borg og Hamar, gjorde Stavanger ei ekstra medlemsundersøking sommaren 2020. Målet var å innhenta ferske erfaringar frå koronatid og digital kyrkje.

Dei klaraste funna i undersøkinga var at tre av ti hadde sett innhald på nett frå kyrkja, dei fleste sjeldnare enn ein gong i veka. Det dei hadde sett mest av var gudstenester og konsertar, og dei fleste hadde sett innhald frå sin kyrkjelyd, med Facebook som den mest brukte kanalen. I snitt var 66 % av dei som hadde sett innhald frå kyrkja nøgde med det dei hadde sett. I den raude gruppa var berre 22% nøgde med innhaldet.

33 % av medlemmane synest kyrkja bør halda fram med digitale tilbod, mens berre 14% melde at dei såg meir innhald frå kyrkja i koronatida enn tidlegare.

Vegen vidare

Kva fylgjer får den digitale satsinga frå 2020 vidare? Prosten i Jæren skriv noko som truleg er representativt: *“Me har utan tvil lært utruleg mykje gjennom året. Digital kompetanse har stege hos dei aller fleste. Mykje vil me ta med oss vidare, som det å strøyma gudstenester eller å laga små videosnuttar til å legga ut.”*

Medlemsundersøkinga viser at de fleste av dei som treff kyrkja på nett, vil at ho skal fortsetta å vera til stades digitalt. Når over 60% av dei er nøgde med innhaldet dei har sett, er det eit tydeleg teikn og ei oppmuntring til kyrkjelydane om å utvikla arbeidet digitalt vidare.

Me håpar erfaringane frå å vere digital kyrkje ikkje blir pakka bort når samfunnet opnar igjen. Sjølv om kyrkja i stor grad nådde det grøne segmentet som likevel ville møtt opp i kyrkja, har me fått kompetanse til å gjera så mykje meir enn å strøyma gudstenester. Gjennom fortsett digital satsing, kan me nå ut til fleire. Me kan utvikla oss meir og satsa på det gule segmentet.

“Det å publisere noe på nett betyr ikke at man automatisk når langt ut med et budskap. De fleste sosiale medier tar utgangspunkt i etablerte brukermønstre og sprer ofte informasjon videre i allerede eksisterende nettverk. Derfor må kirken øve seg på å kommunisere til hele bredden av folkekirken også på nett.”

Sitatet frå årsrapporten frå Tungenes prosti er eit godt eksempel på læringsvegen mange av kyrkjelydane gjekk i 2020. Ei av dei viktigaste erfaringane var kanskje ei realitetsorientering i kva som er mogleg i sosiale media. Dei ivrigaste brukarane er dei som elles går ofte i kyrkja og seier at dei trur på Gud.

Me har også lært noko om innhald. Fleire seier det blir drygt å fylgja ei heil gudsteneste på nett. Andre set pris på dette. Me høyrde at TV-gudstenester på NRK rundt pinse, frå Madlamark kyrkje, gav store opplevingar for nokre av dei som såg på.

Elles oppmodar me til å fylgja det formatet ulike sosiale media legg til rette for. Korte filmar når ofte lengre enn dei lange, og det som har eit personleg tilsnitt når lengst.

10-12 tilsette, som har kommunikasjon som arbeidsområde i kyrkjelydar og fellesråd i bispedømmet, har gjennom året hatt eit fagleg fellesskap på nett. Målet er å gje kvarandre støtte og oppmuntring, råd og nyttig informasjon. Dette vil me halda fram med for å styrka kommunikasjonsarbeidet på alle nivå i bispedømmet.

Frå å bruke sosiale media som annonseplass for kyrkjeleg aktivitet, til å faktisk *vera* kyrkje på nett, går det ein lang veg med mykje omstillingsarbeid. Me veit av undersøkingar frå andre bispedømme at det dei tilsette ynskjer seg for å lykkast med å vere kyrkje på nett først og fremst er kompetanse, deretter inspirasjon og etter det økonomisk støtte. Rambøll-tala viser og at mange vurderer viljen større enn mogelegheitene til å vere kyrkje på nett. Når samfunnet opnar, må viktige prioriteringar gjerast. Dette set me på dagsorden våren 2021.

Bispedømmerådet vedtok ein kommunikasjonsstrategi for bispedømmet våren 2020. Strategien skal vere eit verktøy for å strukturera, målretta og heva kvaliteten på informasjon og kommunikasjon frå Stavanger bispedømme. Kommunikasjonsplanen er også tilpassakyrkjelydsbruk.



Prost Tomas Mjælde Røsbak leiar gudsteneste frå Randaberg kyrkje.

4.5. Mål: Kyrkja er synleg på fleire arenaar i det offentlege rommet

Nøkkelindikator: Talet på treff på artiklar om Den norske kyrkja i radio, fjernsyn, print og nettaviser. Talet på frukostseminar/anna.

Tal frå Infomedia viser at rundt 2.000 artiklar om kyrkjestoff frå Stavanger bispedømme sto på trykk og i nettaviser i 2020. Det er verdt å nemna at “kyrkjestoff” her er tolka nokså breitt. Alle saker med ein eller anna tilknytning til kyrkja, inkludert andaktsspaltar, er teke med.

Kildenavn	
Stavanger Aftenblad	356
Vårt Land	159
Bygdebladet	138
Solabladet	126
Dagen	115
Strandbuen	111
Dalane Tidende	76
Gjesdalbuen	74
Jærbladet	72
Haugesunds Avis	66
Sandnesposten	46
Rogalands Avis	40

Oversikt over avisene som hadde mest kyrkjestoff frå Stavanger bispedømme i 2020.

Å vere synleg i det offentlege rommet i 2020 handla mykje om å vere synleg i media og om digital kommunikasjon. Me planla frukostseminar som ikkje blei gjennomførte, og har av naturlege grunnar heller ikkje møtt opp på mange offentlege arenaer fysisk.

Desto kjekkare var det å kunne ha ei boklansering midt i Stavanger ved Bypaviljongen i juni. Der samla me mange på forsvarleg måte ute for å feira den nye boka om Kystpilegrimsleia.

Størstedelen av kyrkja sitt offentlege nærvær i 2020 var gjennom media, digitalt, i radio, tv og på trykk. Media har vore gode samarbeidspartnarar for å vera kyrkje på nett. Me har møtt redaksjonell interesse for kva kyrkja har gjort i pandemi-tida og ei openheit for å vera med å formidla vidare kyrkja sin budskap om fellesskap, trøyst og håp. Kyrkjestoff har vore godt stoff i media i 2020, dette indikerer og at kyrkja har klart å vere relevant for mange i eit krevjande år.

Biskopen har hatt fleire kronikkar på trykk, blant anna om pandemi og diakoni i Aftenbladet, om friviljug medarbeiarskap i Vårt Land saman med bispedømmerådsleiaren, og om jul i Aftenbladet og Rogalands Avis.

Analyse og vegen vidare

Me ser òg i år at kyrkje-stoff som har i seg konflikt lett får mykje spalteplass. Alt som handlar om likekjønna vigsel blir fort fanga opp av media. Det same gjeld personalstoff med negativt forteikn.

Medlemmane i kyrkja er svært opptekne av kyrkjebygg og gravplassar. Dette veit og media, og kombinasjonen konflikt/kyrkjebygg/gravplass kan fort skapa mykje mediemerksmd.

Ein stor del av dei 2.000 artiklane om kyrkja er positivt glad-stoff og nyheiter om ting som skjer i kyrkjelydane som er interessante for mange lesarar. Mange kyrkjelydar er gode på å spela på lag med lokale media. I 2020 opplevde mange at media var svært interesserte i kyrkjestoff. Det var lett å skapa interesse for alle dei kreative og nye måtane kyrkjelydane arbeidde på.

Framleis er for mykje av mediebildet av kyrkja prega av konfliktstoff. I media ser det ut til at kyrkja er prega av at ein er ueinige om saker internt. Dette kan vere ein utfordring for rekruttering til kyrkjelege stillingar. Mange negative oppslag kan svekka ønsket om å høyra til i kyrkja, blant dei av medlemmane som ser kyrkja oftare i media enn dei gjer direkte.

På same tid er det viktig for den største medlemsorganisasjonen i landet å samarbeida med media, vere opne om kva me jobbar med og ikkje vera redde for å formidla at kyrkjefolk ikkje er einsarta. Likevel er det er ein kommunikatív dimensjon i konfliktsaker som det er viktig å ta med i personal- og rådsarbeid. Kommunikasjonsutfordringar skal ikkje styra kva som skjer, men kommunikasjonsperspektivet høyrer med i vurderinga av kva som skjer og korleis det skal formidlast. Sidan media er eit viktig kontaktpunkt med mange medlemmar, styrker det verksemda å bruka ressursar på kommunikasjon, arbeida profesjonelt og integrera det kommunikative perspektivet i alle deler av verksemda.

RANDABERG

Hilde (30) er prest i kirken hun ble døpt, konfirmert og gift i: - Jeg har lyst å gi tilbake

Bjerkreimspresten blei inspirert av Lars Monsen



Vil gi tilbake: Hilde Sande er døpt, konfirmert, gift og ordinert i Randaberg Kirke. Nå vil hun gi tilbake til ungdommen. Foto: Sveinung Fjellvang Karlsen

Mykje av kyrkjestoffet i lokalavisane har vore positive forteljingar om ei kyrkje som er viktig for lokalmiljøet.

4.6. Mål: Styrking av samarbeidet mellom kyrkje og skule

Nøkkelindikator: Talet på barnehage- og skulegudstenester

Skule / barnehagegudstenester	2017	2018	2019	2020
Gudstenester for skuleelevar	261	278	279	64
Deltakarar på skulegudstenester	68226	70725	72350	3353
Gudstenester for barnehagebarn	113	111	94	62
Deltakarar av barnehagebarn	12342	11936	11272	2421

Før pandemien har talet på skulegudstenester vist ein klar oppgang dei siste åra. Talet på deltakarar har auka med heile 4124 elevar frå 2017 til 2019. Det har vore ei veldig positiv utvikling. Skulegudstenester er anbefalt frå politisk hald, men at det blir vekst er også uttrykk for reell interesse.

2020 blei annleis. Berre 64 skulegudstenester blei gjennomførte. Det er om lag 25 % av det som har vore vanleg dei siste åra. Prostar og kyrkjelydar begynte eit medvite arbeid tidleg i haust for å finna gode løysingar, men då det kom strengare nedstenging i november, blei det praktisk umogleg å samla elevar på tvers av kohortar slik skulegudstenester gjer.

Nokre kyrkjelydar fann alternative vegar til å møta elevar. Ålgård kyrkjelyd har til dømes laga ei digital sending som dei viste på skulane. I undersøkinga frå Rambøll svarer 10% av kyrkjelydane at dei har hatt digitale tilbod til skulane. Fleire av sokna me har snakke med i utviklingssamtalane fortel og om digitale ressursar dei har brukt i møte med skulane i 2020. Prostane rapporterer at fleire skular har meldt at dei kjem sterkare tilbake neste år.

Det er ikkje like stor nedgang når det gjeld gudstenester for barnehagebarn. Det har ikkje vore like komplisert å gjennomføra gudstenester for barnehagebarn i korona-tida, men som venta har det likevel blitt ein nedgang.

Kva ligg bak resultatet?

Dei fleste sokna i Stavanger bispedømme har godt samarbeid med skulane og barnehagane i soknet. Med ny overordna del av planverket og nye læreplanar for kvart fag blir det spennande å sjå om det vil påverka kyrkja sitt samarbeid med skulen.

Det er særleg på visitasane me har kontakt med skulane og barnehagane. Nokre gongar er det møte med rektor og leiarar, andre gonger er det med faglærarar, alle tilsette eller med elevar. Dette er viktige møtepunkt, som gjev oss eit godt bilde av situasjonen lokalt, motiverer til samarbeid, og støtter opp om ei god rolleforståing for skule og kyrkje. På visitasane høyrer me klart at skulane ønsker eit samarbeid med kyrkja, og frå kyrkja si side legg me vekt på at samarbeidet skal vere truverdig og ryddig.

Grunna korona har det berre vore ein visitas i 2020, og me har ikkje hatt så mange møte som vanleg med skular og barnehagar. Me gler oss til at dette kjem i gang igjen etter pandemien og trur kyrkjelydane vil vera merksame på å koma i kontakt med skulane når det igjen er mogleg. Skulegudstenester er viktige i folkekyrkja.

Framover vil me også arbeida med kva dei nye planane betyr for korleis kyrkja samarbeider med skulen. Me trur også det kan vera meir å henta når det gjeld skulegudstenester på ungdomsskuletrinnet.

4.7 Mål: Inkluderande kyrkjeliv

Nøkkelindikator: Talet på tiltak og arrangement for menneske i målgruppa

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

I årsstatistikken ser me at 54 av 92 sokn har tilbud retta mot menneske med funksjonshemming. 32 av desse seier tiltaka er samarbeid mellom fleire sokn. Faktisk er dette ei lita auke i tala frå i fjor, grunna nokre nysatsingar. Frå oversiktar me har kan eit realistisk anslag på deltakarar vera om lag 600, mens cirka 150 er med som leiarar (frivillige og tilsette). Kyrkja i bispedømmet har eit omfattande og flott tilbud til denne gruppa.

Trass i dei mange avgrensingane året gav, blei nytt klubbarbeid i Lund sokn (Dalane prosti) starta opp. Karmøy prosti, med ny prostidiakon, fekk etablert HEL-kor for målgruppa under 30 år, med god deltaking frå starten. Begge tiltaka har gjeve glede og inspirasjon i eit år som elles førte til mange avlysingar og store endringar, også i inkluderingsarbeidet.

Lokalt tilrettelagt konfirmasjonsundervisning og trusopplæring, speidararbeid, laurdagskaféar, klubbar, gudstenester og turar er framleis bærebjelkar i arbeidet. Her er det kjende grunnleggande for deltakarane. Fellesskap og sosialt samvær gjev glede og tilknytning.

Fram til midten av mars gjekk arbeidet som planlagt, mens tida fram mot sommaren var prega av utsetjingar, avlysingar og mange spørsmål om korleis me skulle planleggja vidare. Fyrste del av hausten fann dei fleste rom og rammer for samlingar, noko som ikkje minst var viktig for dei nye tiltaka. Mange kjende stor sorg då arbeidet igjen blei sett på pause.

Dette året har også minna oss på kor viktig det er at inkluderingsarbeidet heng saman med anna kyrkjelydsarbeid generelt, slik at deltakarar kan bevare fellesskap og nærleik til kyrkja på andre arenaer om noko (av det faste) skulle stoppa opp. Gudstenesta må framleis arbeidast med som den mest naturlege møtestaden for alle. Her kan vekselverknad mellom «tilrettelagt» og «ordinært» få rom slik at mangfaldet av trusuttrykk kan koma til syne. Også i 2020 såg me at «Bli kjend i kyrkja»-kursa kan gje konkret hjelp til dette arbeidet.

Regionale tiltak og fellesarrangement

Før den nasjonale nedstenginga 12.mars rakk me å gjennomføra ein weekend. Etter nedstenginga let korkje breie, tiltak i samarbeid med andre aktørar eller eigne storsamlingar seg arrangera. Råka av dette blei og weekend juni-20 og Solgården-tur juni-21. I ein liten periode med lette i restriksjonane blei det hausttakkefest i nordfylket. I år har arbeidet utan tvil tapt noko av inspirasjonen, styrken og fellesskapsopplevinga dei store arrangementa gjev, for deltakarar, leiarar og det lokale arbeidet.

Kontakt med leiarar, brukarar og bistandsytarar

Restriksjonar på fysiske møte råka og leiarsamlingar og fag-samlingar. Teams-møte, utvida bruk av telefon, e-post og nokre få, mindre fysiske treff innimellom blei verktøya me nytta for kontakt, rådgeving og oppfølging av leiarar. Me har lytta, sett av tid og høve til å sjå den einskilde og delt frustrasjon og uro.

Me ser at kvardagen til dei mange deltakarane har blitt merkbart endra og forverra denne tida. Lokale leiarar bekrefta inntrykk av meir isolasjon, einsemd, lange dagar og svært mykje

mindre sosialt liv hjå mange. Menneske med utviklingshemming har hatt det mykje vanskelegare enn ønskeleg i denne tida, og kyrkja sitt arbeid har blitt sterkt sakna

NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede) har oppsummert situasjonen slik: «NFU viser til at svært mange utviklingshemmede urettmessig opplevde å bli ilagt både besøksforbud, portforbud og andre inngripende, uhjemlede tiltak ved pandemiens begynnelse. Slike tiltak var til belastning og skade for de som ble utsatt for det. Dette viser at utviklingshemmedes rettssikkerhet er sårbar og har klare svakheter.» (frå NFU sin blogg)

Menneske med utviklingshemming er spesielt utsette i forhold til tap av relasjonar og stabile kontaktpunkt. Det er gjennom å skapa trygge og stabile arenaar me når fram, og det har vore svært utfordrande dette året, som har aktualisert tematikken om psykisk helse og utviklingshemming. Me veit at fleire har utfordringar med dette, og at arbeidet vårt motverkar psykiske helseproblem og møter behov. Dette er noko me kan fylgja meir opp framover.

Å sikra retten til åndeleg liv for menneske med utviklingshemming er eit felles ansvar for kyrkje og (kommunal) helseteneste. Me har møtestadar for samarbeid og arbeider jamt med å styrka relasjonar til tilsette i helse- og omsorgstenesta. Dette året gav oss mindre moglegheit for besøk og oppfylgning av brukarar der dei bur. Mange er knytte til bufellesskap der strengt smittevern stengde for kontakt med andre, og der også vår kontakt med tilsette gjennom oppfylgning, samtalar og kurs blei redusert.

Likevel fann fleire lokale leiarar vegar til å halda kontakt med brukarar. Telefonkontakt, helsingar i posten, turar med dei som kunne vera med på det, besøk «på døra» og utdeling av små oppmuntringsgåver har vore gode verktøy. Digital HEL-gudsteneste blei og produsert lokalt og gjort breitt tilgjengeleg.

Dei ulike restriksjonane kravde og grundig smittevernarbeid. Den nasjonale rådgjevargruppe medverka til utvikling av eigen smittevernvegleiar for tilrettelagte fellesskap. Denne blei ein del av kyrkja sin nasjonale vegleiar frå juni av.

Vegen vidare

I lys av dei utfordringane 2021 ser ut til å gje ser me dette som viktig vidare:

- Så langt som råd skapa nødvendig tryggleik og rammar til å starta opp igjen og vidareføra det lokale arbeidet: «Ta den normale kvardagen og vekerytmen tilbake». Behovet er stort for å starta det kjende på nytt.
- Ivaretaking av leiarar lokalt. Ha fokus på å sjå og oppmuntra dei også i periodar der dei sjølve må vera meir passive og ikkje kan bidra så mykje som dei ynskjer.
- Avtala og planleggja fellestiltak som bind saman arbeidet og gjev felles opplevingar. Dette gjeld weekendar, hausttakkefestar, juletreffest og sommeravslutning.
- Støtte godt opp om dei nyaste tiltaka. Bidra til at dei får fotfeste og kan få etablert seg som levedyktige.
- Realistisk planlegging av Solgården-22.
- Arbeida for å rekruttera nye deltakarar og etablere nye kontaktar med yngre. Me vil nytta erfaringar frå det nye koret til enno meir bevisst bruka song, musikk og kor. Dette gjev nye arenaar for samhandling, fellesskap og opplevingar, med sterk appell til dei yngre.

4.8. Mål: Andre diakonale mål og resultat

Årsstatistikken gjev også eit bilde av det breie diakonale arbeidet i bispedømmet, ut over det som er reflektert i nasjonale mål og indikatorar.

Kyrkja sitt største omsorgsarbeid finn stad i kyrkja sine kjerneoppgåver. Dette ble særleg tydeleg då kyrkja måtte stenga ned. Når gudstenester, gravferd, babysong, føremiddagstreff, ungdomsklubbar, sjukeheimsbesøk og alt anna blir borte, forsvinn viktige møtepunkt for menneske i alle livsfasar. Pandemien har vore ei påminning om kor viktig det er for mange at kyrkja er til stades, ikkje minst for sårbare grupper.

Det er vanskeleg å skilja ut enkeltarrangement i kyrkja og seia at noko er omsorgsarbeid og anna ikkje er det. Gudstenester, trusopplæring og kulturarbeid har også eit omsorgsperspektiv. Kyrkja er viktig for eldre, barn, unge og ulike grupper vaksne. Mange har kyrkja som sitt viktigaste fellesskap utanom heimen. Diakonen i Tysvær seier det slik «*I denne tida, der ein skal halda avstand og mange held seg isolerte fordi dei er i risikosona, opplever dei at dei blir ekstra aleine. Mange møter veldig få personar fysisk og har få samtalar ansikt til ansikt med andre menneske.*»

Tilbod om sjelesorg, samtalar og praktisk hjelp

Frå mars 2020 var det ikkje mogleg å treffe dei som trengte samtale innandørs. Fleire diakonar innførte då samtaleturar: "Walk and talk". Dette blei viktig for mange. I statistikken ser me det blei gjennomført nær 2000 samtalar, digitalt eller fysisk.

Ein god idé har også spreidd seg i denne tida. Ti kyrkjelydar samla inn pengar gjennom ein julegåveaksjon til låginntektsfamiliar. Desse pengane blei gjort om til gåvekort som NAV deler ut. Etter kvart fekk me sjå ein video der den ansvarlege hjå NAV delte gleda over å kunne formidle dette og sjå kva det betydde.

Fleire kyrkjelydar gjekk også saman om å arrangera «Godheitsveke». Frivillige gjekk rundt til menneske som hadde behov for hjelp. Alle oppdraga var i år utandørs av omsyn til smittevern, men det var mogleg å gjera både malararbeid, vedlikehald og hagearbeid. Til ei kvar tid i løpet av denne veka var det nokon frå ein kyrkjelyd i prostiet som bad.

Kyrkjelege tilsette i bispedømme var frå mars av tilgjengelege for samtale på telefon. Å oppretta ein samtaletelefon gjev ikkje utan vidare stor trafikk. Nokre stader viste det seg at det var få som ringte, mens andre fekk samtalar. Fleire kyrkjelydar har uansett gjennom dette fått ei teneste som kan brukast. Kyrkjelydar var ikkje berre passivt tilgjengelege, men mange oppfordra til og organiserte ringerundar. Mellom anna melder prostane at fleire kyrkjelydar har hatt kontakt på telefon med menneske i sårbare livssituasjonar og som støtte for barn og unge som har hatt det vanskeleg.

Andre la ut på sosiale media at diakonen kunne sitte i kyrkja, be og tenna lys for dei som ønska det. Ungdomsdiakonar har også halde kontakt med ungdom via Messenger, mellom anna med ungdom som har vore innlagte på institusjon. Strand, som har eit samtaletilbod for ungdom, melder at einsemd og utanforskap har vore ei større utfordring enn vanleg under pandemien. Andre kyrkjelydar, som Suldal, har kunna gjennomføra samtalegrupper for barn med to adresser. Mange unge har meldt at kvardagen gjekk godt, men samtidig har det vore vanskeleg for fleire.

Sorggrupper

Sørgande har hatt begrensa moglegheit til å møtast i fellesskap dette året, til felles trøyst og støtte. Mange har ikkje fått moglegheit til å delta fysisk i gravferd. Gjennom dette har mange mista ein viktig del av sorgprosessen. Nokre prøvde å ha sorggrupper digitalt, men fant fort ut at det ikkje var ei god løysing, sidan mange ikkje var fortrulege med det digitale rommet og ein mista mykje utan den fysiske nærleiken.

I bispedømmet er det ei viktig nettverksgruppe for sorgstøtte som består av

- Landsforeininga for etterlatne ved sjølv mord (LEVE),
- Landsforeininga - uventa barnedød (LUB),
- Pårørandesenteret i Stavanger
- «Vi som har et barn for lite»
- Prestetenesta ved Stavanger Universitetssjukehus,
- «Se meg-senteret» for barn som er pårørende
- Kreftomsorg Rogaland
- Sorggruppene i regi av diakonane i Stavanger bispedømme.

Samarbeidet gjer at dei ulike organisasjonane held god kontakt og kan styrka kvarandre sine tilbod.

I 2020 blei Rogaland fylkeskommune invitert til å samarbeide med denne gruppa. Fylkeskommunen inviterte støttenettverket til å gje innspel til ein “Handlingsplan for forebygging av sjølv mord”, som skal lanserast i 2021.

Institusjonsandaktar

Talet på institusjonsandaktar er halvert i 2020, til 1133. Sjølv om institusjonane har vore stengde mesteparten av året, så har stabane vore kreative i å formidla andakter til dei som bur på institusjonane. Kyrkjelydar har bidratt med videoandaktar til tv-visning på sjukeheimar, hatt andakt ute ved sjukeheimen og gjennomført heimebesøk og soknebud med nattverd, innafor smittevernreglane.

Me ser også fram til at dei innspelte musikalske ressursane til bruk på sjukeheimar blir tekne meir i bruk og har alt fått positive tilbakemeldingar på dette (sjå pkt. 3.1.)

Grøne kyrkjelydar

I 2020 blei det tre nye grønne kyrkjelydar i bispedømmet, slik at det nå er 47 grønne kyrkjelydar til saman. Framleis er det eit utfordring for nokre kyrkjelydar som ønsker å bli grønne at det ikkje let seg gjera med dei tenesteavtalane dei har med kommunen. Andre saknar nokon som har engasjement nok til å arbeida systematisk i denne ramma.

Ungdomsarbeidet GreenHouse i Bogafjell kyrkjelyd har blitt sertifisert som grøn ungdomskyrkjelyd. Dei har fokusert på lokale miljøtiltak: Kjøkkenhage, kompostering, resirkulering, klesbyttemarknad, reduksjon i papirbruk, matlaging frå botn og miljøvennlege reiser. Me arbeider for at dette konseptet kan bli brukt fleire stader. I september 2020 feira me at dette arbeidet fekk ECEN (European Christian Environmental Network) sin miljøpris.

Samarbeid mellom kyrkja og helsevesenet

Me ser også at helse-kyrkjesamarbeidet skapar gode relasjonar mellom kyrkje og kommune, fordi det møter reelle og viktige behov. Ei samlinga i 2020 skulle fokusera på sorg og nyare sorgforskning, men blir omgjort til eit webinar i mars 2021.

Bærekraftsmåla



Bærekraftmåla er fellesnemnarar for både kyrkje og kommune. Dei er med på å gje eit språk som konkretiserer kyrkja sitt omsorgsarbeid og kan samla ulike aktørar på ein felles plattform. Som kyrkja sin diakoni, skil dei ikkje mellom medlemmar og ikkje-medlemmar, nasjonalitetar eller religionar, men har eit engasjementet retta mot alle mennesker. Dei minner også om kyrkja sitt globale perspektiv.

I kyrkja sin reviderte plan for diakoni står omgrepa «Vern om skaparverket» og «Kamp for rettferd» sentralt». Bærekraftsmålene er inne i planen. Kyrkjelydane har blitt oppfordra til å sjå kva av bærekraftsmåla dei kan integrera i det diakonale arbeidet. Dei har også blitt oppfordra til samarbeid med kommunar og andre aktørar som er opptekne av klima og rettferdig fordeling og ønsker å nå bærekraftsmåla.

4.9. Mål: Fleire tek del i pilegrimsarbeidet

Nøkkelindikator: Tal på arrangement og deltaking.

Pilegrimsarbeid 2016-2020					
Arrangement	2016	2017	2018	2019	2020
Lokale pilegrimsvandringar	14	19	17	24	17
Deltakarar	514	446	368	714	297
Pilegrimsgudstenester	6	5	4	1	1
Deltakarar	510	319	289	180	100
Andre pilegrimsarrangement	3	4	5	12	146
Deltakarar	70	240	220	278	3216
Pilegrimsarrangement totalt	23	29	26	37	164
Deltakarar på pilegrimsarr. totalt	1094	1005	877	1172	3613
Tal på prosti med pilegrimsarrangement	8	8	8	7	7

Mykje av pilegrimsaktiviteten i 2020 kunne ikkje gjennomførast eller måtte flyttast fram. Samtidig fann me kreativitet og utvikla nye idear. Det blei populært å laga vandringar utandørs, til påske og jul, ruter i lokalmiljøet med ulike postar, som folk kunne gå aleine eller i lag med andre, når det passa for dei. Pilegrimsutvalet laga opplegg for to ulike vandringar som kunne gjennomførast kor som helst, for dei som ville gjera ein vanleg tur til ei pilegrimsvandring. Eit av opplegga blei laga for barn og familiar.

Sidan dette er vandringar det ikkje er ført statistikk for, har det vore fleire pilegrimar i fjor enn det tala for deltakarar på organiserte vandringar viser.

I 2020 auka talet på *andre pilegrimsarrangement* og deltakarar på desse. Regionalt pilegrimssenter på Avaldsnes var ope på kvardagar i sommar og registrerte 660 besøkande. I tillegg var Avaldsnes kyrkje open 8 gongar, med 571 registrerte besøkande. Utstein pilegrimsgard tok initiativ til eit samarbeid med Utstein kloster (via MUST – musea i Stavanger) og Rennesøy sokn om å tilby tidebøn i klosterkyrkja. Gjennom heile sommaren var det open kyrkje med middagsbøn kvar dag. Mange av dei besøkande i klosteret valde å delta på dette, i tillegg til andre som kom til bøna. Det blei registrert 61 dagar og 1050 deltakarar på desse.

Gjennom heile sommaren var også Utstein pilegrimsgard open for pilegrimar, med frivillige som vertskap. Det var 60 dagar med 600 besøkande.

Pilegrimsturane Egersund – Stavanger og Stavanger-Røldal blei gjennomførte etter tradisjonen. Begge turane var fullteikna og fekk gode tilbakemeldingar. Planlagt tur med båt frå Stavanger til Bergen måtte avlysast pga. koronaepidemien.

Me kunne gjennomføra ein forankringstur langs riksveg 13 mellom Stavanger og Røldal, der me hadde møter med representantar frå kommunane, næringslivet, kultur og kyrkje. Prosjektet «*Røldalsleden*» blei presentert. Me drøfta korleis kyrkjene kan haldast meir opne og om dei er tilrettelagde for rullestolbrukarar.

Me har samarbeid med Bjørgvin bispedømme og med dei to nyoppretta regionale kystpilegrimssentra på Avaldsnes og i Bergen. Me har kunna arbeida med godkjenning av trasé gjennom verneområde og merking av leia.

To nye bøker om Kystpilegrimsleia kom dette året. I juni lanserte me boka «Kystpilegrimsleia frå Egersund til Trondheim.» Margun Pettersen har skriva ei reisehandbok som tek folk frå nøkkelstad til nøkkelstad, for dei som vil reise Kystpilegrimsleia på eiga hand. I november presenterte me boka «Kystpilegrimsleia. Sjøveien til Nidaros» av Rune Nylund Larsen. Dette er ei flott «coffee-table»-bok, som ein kan sitte heime og «reise» heile kystleia i, med flotte bilde og tekst. Me håpar bøkene vil auka lysten til å oppleve denne flotte pilegrimsleia.

Vegen vidare

Me held kontakt med det lokale engasjementet i kyrkjelydane, mellom anna gjennom eit årleg pilegrimsforum. Me ønsker å auka kompetanse og inspirera fleire til å nytta pilegrimsmotivet i arbeidet.

Me vil samarbeida vidare med Regionalt kystpilegrimssenter Avaldsnes for å leggja til rette for bruk av leia i bispedømmet vårt. Kyrkja kan særleg bidra med godt innhald på nøkkelstadane, men også gje innspel til merking av leia og lokal bruk av ho.

Me planlegg å arrangera pilegrimstur frå Stavanger til Røldal i samband med Røldalsstevnet også i 2021 og vil fortsetta å arbeida med prosjektet «Riksveg 13». Dette er eit prosjekt kommunane har interesse av. Prosjektet tek utgangspunkt i riksveg 13, frå Stavanger/Sandnes til Røldal, og alle kyrkjene som ligg langs vegen. Ei «bilgrimslinje» langs denne vegen kan gjera det mogleg å vera pilegrim også utan å kunna gå langt. Universell utforming er ein del av perspektivet. Me arbeidar også med ein mal for informasjon om kyrkjene langs leia.

Planen er å arrangera prøveturar sommaren 2021. Då vil me hausta erfaringar og starta arbeidet med ei guidebok for *Røldalsleden*. Dette arbeidet heng også saman med arbeidet rundt opne kyrkjer. Dei malane som blir utvikla kan nyttast vidare av sokn i hele bispedømmet.

Gjennom pilegrimsarbeidet kan me utvikla nye former for kyrkjeleg deltaking og la historie, kyrkjebygg og natur spela saman. Pilegrimsarbeid er ein open, fleksibel og inkluderande form som kan gje opplevingar folk tek med seg i minnet heile livet. Ro, refleksjon og ytre og indre vandring kan ha stor personleg betydning.



I juni blei boka «Kystpilegrimsleia frå Egersund til Trondheim» lansert. Fv. Margun Pettersen, Hans Morten Løvrød og Eirik Moe.

4.10. Mål: Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale

Resultat og utvikling

I motsetning til 2019, kor me registrerte ein total nedgang på 12 avtalar, har me i 2020 ein oppgang frå 119 til 120 avtalar for heile bispedømmet. Av 90 kyrkjelydar er det 86 som har ein eller fleire misjonsavtalar.

Talet på avtalar med organisasjonar i «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM) har auka frå 105 til 107.

Desse avtalane har gitt ei total inntekt på 3,7 millionar. Det er ein reduksjon på 350 000 kroner frå året før og gjev ei gjennomsnittsinntekt på 34 580 kroner per avtale. Til trass for ein reduksjon i inntekt i 2019 kan ein sjå at resultatata for 2020 er 90 000 kroner høgare enn i 2018.

Dette resultatet er mykje betre enn det ein kunne sjå føre seg i eit år prega av stengde dører i kyrkjene, avlyste arrangement og permittering av tilsette i misjonsorganisasjonar i SMM. Trass at tradisjonelle innsamlingsmetodar ikkje kunne la seg gjennomføra i same grad, klarte mange å finne kreative løysningar for å samla inn pengar, som til dømes digitale basarar, folkefinansiering (f.eks. Spleis) og liknande. Kombinasjonen av desse har gjeve gode resultat.

Bispedømmet tok del i solidaritetsaksjonen «Saman som kyrkje i heile verda», som varte frå pinse til jonsok. Gjennom kampanjen ville kyrkja visa solidaritet og støtte til SMM-organisasjonane i Noreg og søsterkyrkjene våre, i ei tid som har vore svært vanskeleg globalt. Trass kort tid til førebuing og mobilisering, blei 1/3 av kyrkjelydane i bispedømmet med på aksjonen. Aksjonen registrerte likevel ikkje så mykje inntekt. Kanskje ville resultatet vore annleis med betre tid til forarbeid og oppfylging. Dette vil me kunna sjå tydelegare i år.

At talet på misjonsavtalar har auka viser trygg og stabil interesse for misjonsavtalar i kyrkjelydane. Det fortel om engasjement for misjon og godt etablerte strukturar for samarbeid.

SMM blei evaluert i 2019. I 2020 har me arbeidd med oppfylging av dette. Me håpar endringane som kjem vil effektivisera og gjera struktur og ansvarsforhold enno betre. Dette vil me arbeida vidare med i 2021. SMM er viktig å halda oppe som struktur, fordi ordninga fører kyrkjelydar og organisasjonar saman. SMM-utvalet i bispedømmet fungerer godt og vil halda fram som møtepunkt mellom organisasjonar og kyrkje regionalt, med fokus på å vidareutvikla samarbeidet. Resultata frå 2020 viser tydeleg kor viktig misjon er for kyrkjelydane.

I 2021 vil me gjenta solidaritetsaksjonen «Saman som kyrkje i heile verda». I år kan me bygga på erfaringa frå 2020, mellom anna om kva digitale løysningar som fungerer best. Elles vil me fylgja opp misjonsavtalar i kyrkjelydane og halda kontakt med organisasjonane.

Me reknar med å kunne løysa oppgåvene innafor misjon med 50 prosent stilling dedikert til dette. Innafor dette vil me også ha fokus på samarbeid med vennskapsbispedømme i Carlisle i England og Fianarantsoa på Madagaskar og anna internasjonalt og interkulturelt arbeid.

5. Rekruttering og frivillig innsats

5.1. Mål: Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka

Nøkkelindikator: Talet på vigslingar

Resultat

Her er oversikt over vigslingar dei siste åra:

Vigslingar	2016	2017	2018	2019	2020
Vigsling av prestar	0	7	1	2	1
Vigsling av kantor, diakon og kateket	0	0	1	5	2

Talet på vigslingar er framleis lågt i forhold til kva me ønsker. 2019 var eit godt år, men 2020 har ikkje gitt stor tilvekst. Det er framleis stort behov for å satsa på rekruttering, og dette er jamleg tema i prostemøta og i bispedømmeadministrasjonen.

Me ser nokre teikn på auka medvit i kyrkjelydane, men i samtalar høyrer me også om hindringar. Terese Bue Kessel ved VID har intervjuet prestar og funne lågt medvit om rekruttering. I samtalar med prestane i prostia høyrer me også om fleire som opplever arbeidssituasjonen eller den kyrkjelege situasjonen som så krevjande at dei ikkje synest det er lett å bidra til rekruttering. Godt personalarbeid er godt rekrutteringsarbeid.

Biletet er ikkje eintydig. Me får også mykje god respons på arbeidsmiljøundersøkingar. Trusopplæringa er ei kontaktflate som også gjev moglegheiter til rekrutteringsarbeid, men dette er nok ikkje integrert som eit systematisk perspektiv. Me trur også at prestar i mindre grad enn for nokre tiår sidan arbeider slik at dei byggjer relasjonar til ungdom.

Me høyrer i møte med ungdom at kyrkjelege stillingar ikkje er godt kjende og at mange ikkje veit at kyrkja er ein stor, profesjonell og verdsett arbeidsplass. Kanskje har dette med at mange stort sett har møtt kyrkja i fritida, utan å sjå heile biletet. At mange er usikre på eiga tru spelar også inn i kva grad dei tør å nærma seg kyrkjeleg utdanning. Nokon enkeltpersonar er spørjande til om kyrkja er for konservativ, andre til om ho er for open. Dette kan me møta gjennom å skapa forståing for at me kan vera ei brei folkekyrkje og ha ein trygg og inspirerende kristen identitet på same tid.

I 2020 har me arbeidd med ein film og eit undervisningsopplegg, «Kven gjer kva i kyrkja», som kan brukast til å presentera kyrkjelege stillingar i konfirmantarbeid. Kyrkjerådet har gjort eit godt arbeid med www.jobbikyrkja.no, som me har nytte av å kunne visa til. Me har fått organisert oss betre internt på kontoret i forhold til rekrutteringssatsing, slik at me nå har meir dedikert kapasitet til dette. Det blir arbeidd godt med VTV og kontakt med teologistudentar, og rådgjevarane er aktive i å oppmuntra tilsette utan ferdig utdanningsløp til å gå vegen mot vigsling. Nokre kyrkjelydar har opplevd denne vegen som tungvint i praksis, men situasjonen er i betring.

I 2020 var me for fyrste gong på ei stund med på store utdanningsmesser i Haugesund og Stavanger. Begge stadene var dette vellukka, og kyrkja sine standar fekk mykje merksemd, takka vere god utforming av utstillingsstaden, med sakrale veggar, orgel (!), liturgiske klede, vaflar, lykkehjul med kjekke spørsmål og ikkje minst levande representantar for at det er underkommunisert kor fint det er å arbeida i kyrkja.

Vegen til presteteneste (VTP) og Vegen til vigsla teneste (VTV) blei arrangert lokalt i Stavanger bispedømme for dei kandidatane som er knytt til bispedømmet, på grunn av koronasituasjonen. Fire personar deltok på ordinasjonssamling 1 og seks personar på ordinasjonssamling 2.

Rekruttering av kantorar

Det har i fleire år vore låg rekruttering til kyrkjemusikkutdanninga. Søkartalet har tatt seg noko opp etter at kantorar i fleire år har satsa på orgelklubbar og orgelundervisning gjennom kulturskulane.

Det er i dag for få studieplassar på kyrkjemusikk i Norge. Me har saman med Kyrkjerådet hatt fleire møte med Universitetet i Stavanger (UiS) og oppmoda dei til å opne utdanninga for kyrkjemusikarar igjen. Rekruttering og oppretting av kyrkjemusikkstudiet var også tema på fagdag for kyrkjemusikarane i haust, som blei arrangert saman med Norsk orgelfestival. Her deltok mellom anna representantar frå UiS og Norges musikkhøgskule. Her kom det fram eit ønske om at kyrkja bør be departementet oppretta fleire studieplassar til. Me vil halda fram med dialogen med UiS, i håp om å snart få denne utdanninga i gang.

Det finst kyrkjemusikarar i bispedømmet som ønsker å ta vidareutdanning for å kvalifisera seg til vigsling og kantortittel. Det er i dag ikkje lagt opp til gode ordningar for å kunne ta vidareutdanning mens ein er i arbeid. Eit studium ved UiS ville også kunne tilby deltidstudium som vidareutdanning.

Rekruttering av kateketar

Det har blitt utdanna få kateketar dei siste åra. Fleire fellelsråd i bispedømmet har hatt problem med å få kvalifiserte søkarar til kateketstillingane sine.

Yrket er relativt ukjent, og det gjer at få søker til utdanninga. Det har òg vore komplisert å fullføre utdanninga for dei som saknar ulike komponentar. Det er positivt at Kyrkjerådet, KA og MF nå har tatt tak i dette, både med tilskot og betre tilpassa kateketutdanning.

Bispedømmerådet held fast på at viss ein tilset folk i kateketstillingar (med tilskot frå bispedømmerådet) utan godkjend kateketutdanning, blir tilskotet mindre. Dei som blir tilsette må forplikta seg til å ta den utdanninga som trengst for å bli vigsla til kateketteneste. Me ser at dei som blir vigsla til kateketteneste blir ståande lengre i stillinga enn dei som ikkje er vigsla. Det skapar kontinuitet i arbeidet, og sikrar utvikling og kvalitet.

Sidan det ikkje finst så mange kateketar, er det fint å bruka vigslingar til å gjera yrket kjent i lokale og sosiale medium. Me treng òg at kateketar gjer yrket sitt kjent gjennom eiga teneste.

I 2020 blei to personar vigsla til kateketteneste i Stavanger bispedømme. Begge desse har starta i stillingar og tatt utdanning undervegs, etter å ha sett at dette er ei teneste å satsa på.

Rekruttering av diakonar

Det er framleis stor stabilitet i diakongruppa, med tilstrekkeleg tal på søkarar når stillingar blir ledige. Me utfordrar diakoniarbeidarar til å ta utdanning som diakon. I år er det 7 diakoniarbeidarar som tar diakonutdanning ved VID, så her kan det bli fleire vigslingar framover.

Rekruttering av prestar

Ei kvinne blei ordinert til presteneste i 2020.

Det er framleis få teologistudentar ved VID Stavanger. Dette er ei utfordring for rekrutteringa til presteneste i bispedømmet, saman med den felles mangelen nasjonalt på nok studentar til å erstatta prestar som sluttar.

Praksis er viktig for rekruttering til og fullføring av teologistudiet. I Haugaland prosti har dei gjort positive erfaringar med prosjektet “Ung stab”. Tre 17-åringar har blitt tilsette i eit sokn i Haugesund. Dei fylgjer dei tilsette i deira arbeid, er med på gudstenester, konfirmasjonsarbeid og startar ny ungdomsklubb. Me håper nokre av desse får interesse for kyrkjeleg teneste på lengre sikt.

Ukirke er også viktig for å halda oppe motivasjonen for teologistudentar i Stavanger.

Dei to siste åra har bispedømmerådet sett av midlar til ferievikarar, delvis for å kunne gje teologistudentar ein smak på prestelivet og lyst til å bli prestar.

Vegen vidare

Me håpar at nye stillingar som ungdomsprestar vil bidra til nye ungdomsmiljø, som også kan bety noko for rekruttering. Me vil også arbeida tettare saman med nettverk av ungdomsarbeidarar, noko som kan gje ein betre plattform for rekruttering. Ungdomsting og ungdomsråd er ein viktig rekrutteringsarena, og me håpar å bygga ei større ungdomssatsing saman med ungdomsrådet.

I dag er det organisasjonane som tilbyr eittåringar til kyrkjelydane. Mange av dei blir verande i organisasjonen etter året er slutt. Bispedømmerådet, VID Stavanger og Bogafjell kyrkjelyd arbeider nå med eit studieprogram for ungdommar som gjer at eittåringar kan ta studiepoeng og ha praksis i sin lokale kyrkjelyd. Kanskje kan dei få lyst til vidare utdanning og arbeid i kyrkja etter dette? Den lokale kyrkjelyden kan gje tryggleik og vera ei støtte på vegen gjennom utdanninga.

Fleire eksisterande tiltak held fram, som forum for teologistudentar. Her samlar me 20-45 studentar og nokre tilsette og får kontakt med studentar undervegs i kyrkja. Me har også eit møte med førsteårsstudentar som ein del av undervisninga. Gjennom desse tiltaka får me kjennskap til studentane, slik at me kan fylgja dei opp og etablere relasjonar.

I 2020 har me hatt fleire digitale forum. Dette har vore ein nyttig arena for studentane i ei krevjande tid. Undervisning om VTV har også blitt ein del av studieplanen for teologistudentane, slik at me sikrar at dei kjem tidleg med på samlingar.

Prostane peikar på at god tilrettelegging for prestenesta, satsing på ungdom, leiartrening, praksis for studentar, arbeidsveker i kyrkja og kyrkjelege medarbeidarar som trivst er nøklar til god rekruttering.

5.2. Mål: Fleire blir engasjert i frivillig teneste i kyrkja

Nøkkelindikator: Tal på frivillige

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Frivillige 2017-2020										
År	Medl + tilhøyrende	Totalt	Gudst.	Barn	Unge	Diak.	Kult.	Utv.	Anna	% av medl.
2020	322 527	11 156	4571	2390	1772	1950	1049	2310	1778	3,5 %
2019	333 178	13 646	5187	3565	2319	2343	1623	2513	2330	4,1 %
2018	335 566	14 037	5250	3674	2429	2236	1451	2425	2586	4,2 %
2017	336 924	13 928	5703	3600	2340	2217	1665	2481	2587	4,1 %

Ut frå tala har ein av fem som var frivillige i 2019 har ikkje vore aktive i 2020. I lys av kor mykje som har vore stengt ned er dette ikkje verre enn venta. Nedgangen gjeld alle felt, men er størst innan barne- og ungdomsarbeid og kultur. Avlyste trusopplæringstiltak og kontinuerleg arbeid på pause er ein del av dette biletet.

Ein påfallande stor del av dei frivillige er aktive innan gudstenesta. Dette viser at gudstenesta er sentral og at mange er involverte i gudstenestearbeidet. Det betyr også at kyrkja brukar mykje ressursar på gudstenester. «Kvardagskyrkja» med barne- og ungdomsarbeid, diakoni, kulturarbeid og annan frivillig innsats er likevel større.

I Sandnes gjorde dei i 2019 eit arbeid for å kartlegga omfanget av den frivillige innsatsen. Resultatet var at dei frivillige i kyrkjelydane står for ein årleg innsats på 91 146 timer dugnadsarbeid, det samme timetalet som 46,7 heiltidsstillingar. Dette svarer igjen til ein verdi på 30 millionar kroner. I tillegg samla kyrkjelydane sjølv inn 11,7 millionar kroner i 2020 til kyrkjeleg arbeid. Kyrkjeleg frivilligheit skapar altså store verdiar.

2022 er frivillighetsår i Noreg. Det er eit godt høve til å styrka kyrkjeleg frivillig teneste. I 2020 bidrog bispedømmerådet til ei høyring før det planlagde Kyrkjemøtet, og høyringa gav innsikt og engasjement. Korleis kan me setta meir av det engasjementet som finst i spel? Korleis fungerer tilsette og frivillige best saman? Kven bør ha ansvaret for ulike grupper av frivillige?

Det siste trur me det finst klare svar på. Alle tilsette bør ha ein relasjon til frivillige på sitt ansvarsområde og ha fokus på oppfølging av desse. Samtidig treng dei tilsette også å kommunisera klokt rundt at det er stort behov for frivillig innsats for å kunna tilby det ein ønsker og at kyrkja ikkje let seg driva gjennom dei tilsette sin kapasitet aleine. Frivillig teneste er i det heile ein nøkkel for kyrkja framover. Ut frå det me høyrer er det behov for fornya fokus på dette, i både rekruttering, organisering og oppfølging.

Prosten i Karmøy seier det slik: «Jeg tror mentalitetsendringer er viktige for å få til endring i adferd. Jeg vil foreslå at ansatte i kirken bygger en sterk identitet rundt følgende påstand: «Som ansatt er jeg først og fremst ansvarlig for å rekruttere frivillige og legge til rette for at de kan gjennomføre menighetens oppdrag, og at de blir gjort i stand til selv å rekruttere nye

frivillige». Dette vil medføre en forskyvning av fokus fra gjennomføring av aktivitet til støtte til frivillige som gjennomfører aktivitet.»

Prosten i Ytre Stavanger har fem refleksjonar om korleis den frivillige innsatsen kan styrkast:

- «-Større synliggjøring av eksisterende frivillighet
- -Styrke «den organiske frivilligheten»; tilrettelegge for korttidsengasjement
- -Større eierskap blant frivillige utenfor den «indre kjernen» til frivillighetsarbeid i kirkens regi bl.a. gjennom felles satsing på tvers av menighetsgrensene.
- -Større fokus på at stab er tilrettelegger for frivillige, og ikke omvendt.
- -Synliggjøre menigheten som relevant «omsorgsoperatør» slik at frivillige vil delta.»

Kyrkjelydane er ulike og har ulike startpunkt i satsinga på frivillighet. Dei frivillige er også ulike, frå dei som har eit sterkt kyrkjeleg engasjement som berre treng ein arena å spela på, til dei som ikkje har tenkt tanken på at kyrkja er ein plass dei kan trivast og utvikla seg. I dette spennet treng me tilsette og frivillige leiarar som kan bygga ein kultur det blir eit pluss å høyra til i.

Me hadde frivillighet som tema på rådsleiarsamling i januar. Det relasjonelle aspektet kan ikkje undervurderast. Folk har begrensa tid og ønsker seg meningsfulle oppgaver, så personleg kjennskap, god organisering og eit klima som skapar og tek vare på indre motivasjon er viktig for at kyrkjelyden kan trivast. Det går an å styrka det relasjonelle fokuset i kyrkjelyden sitt frivillighetsarbeid utan å bli eit smalt og ekskluderande fellesskap. Tvert imot er frivillig engasjement ein god måte å anerkjenna og inkludera fleire på.

Dette blir også viktig når kyrkjelydane etter kvart skal arbeida med heilskapleg kyrkjelydsplan. Her er kartlegging av menneskelege ressursar eit integrert perspektiv. I dette trur med et ligg eit potensiale for kyrkjelydane til å fornya seg. Me trur også mange kyrkjelydar kan ha nytte av eit realistisk fokus på at ein ikkje kan vera ein idealkyrkjelyd på alle område, men må finna ut kva ein skal setta kreftene inn på her og no. På visitasar og i faglege forum ser me at også dei store kyrkjelydane i bispedømmet lukkast best når dei kan bygga kvalitet på dei områda soknerådet ser det er strategisk å prioritera.

Diakonane har i 2020 arbeidd med modellar der også frivillige får leiaransvar for ulike område av verksemda i kyrkjelyden. På Ålgård, Veia, Suldal, Jørpeland og i Madlamark har dei utvikla ein slik struktur. Særleg i store og aktive kyrkjelydar kan arbeidet vera så omfattande at tenestegrupper med frivillige leiarar kan vera ein god arbeidsform. Slike modellar gjev fellesskap, plasserer ansvar og styrker rekruttering, men må organiserast ryddig i forhold til tenesteordningar, sokneråd og tilsette.



Leiarar frå Dalane prosti på rådsleiarsamling i januar.

5.3. Mål: Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben

Nøkkellindikatorar: Medarbeidarundersøkingar
Sjukefråvær

Omtale av desse indikatorane er plassert i del IV-A.

5.4. Mål: Tilbodet til unge i kyrkjelydane blir styrka

Indikator: Talet på ungdomstiltak og deltakarar

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Ungdomsarbeid 2018 – 2020, 13-17 år						
	Tilbod			Deltakarar		
	2018	2019	2020	2018	2019	2020
Kontinuerlege tilbod	138	125	149	2392	2361	2373
Einskildtilbod	46	47	45	1221	1166	697
Leiarkurs	71	67	61	599	597	479

I året som gjekk måtte kyrkjelydane avlysa mykje planlagt aktivitet. Det ramma også ungdommar. Det har vore færre leirar og kurs for ungdommar å bli kjende med kvarandre og kyrkja på. Kontakten med ungdom gjennom året har vore ujamn. Likevel har fleire sokn kunne samla ungdommar digitalt eller i kohortar.

Ut frå dette er det interessant å sjå at det har vore ei auke i både kontinuerlege tilbod og deltaking for ungdom mellom 13-17 år. Slik me har sett før, er det interesse for å delta på kyrkjeleg ungdomsarbeid når tilbodet er der.

For enkelttilbod er det ein liten reduksjon i talet på tilbod, mens det på deltakarar er meir signifikant nedgang, truleg ut frå smittesituasjonen. Det er også ei klar nedgang på både tilbod og deltakarar på leiarkurs, på grunn av avlysingar.

I rapporteringsverktøyet for trusopplæring ser me at det òg har blitt gjennomført færre breiddetiltak etter konfirmasjon frå i 2020, sjølv om variasjonen mellom 16 og 11 prosent er ganske normal for dei siste fem åra. Kyrkjelydane har framleis ikkje funne konsept som fangar breitt her.

Blant dei unge vaksne har tilboda vore nesten uendra, men med svakare deltaking, frå 487 deltakarar i 2019 til 343 i 2020.

Kva ligg bak resultatet?

Digitale verktøy og sosiale media har vore viktige i ungdomsarbeid i år. Desse kanalane har gjeve ungdom eit alternativt tilbod til avlyste arrangement og samlingspunkt. Til dømes har plattformer som «Discord» blitt brukt til digitale «ungdomsklubbar», spelekveldar og ungdomsmøte. I tillegg har kyrkjelydane engasjert ungdommar i å ta i bruk den digitale arenaar, som strøyming av gudsteneste og basarar.

Terskelen for å ta i bruk digitale verktøy og vera meir aktive på sosiale medium har nok vore større for fleire av dei tilsette enn for ungdommane sjølv. For mange tilsette har vegen inn på nye plattformer vore bratt, mens for ungdom har det digitale vore ein arena som dei allereie har vore kjende med.

Året har gjeve gode erfaringar i å nytta seg av ungdommane sin kompetanse. Nokre av dei positive erfaringane ved den auka bruken av digitale verktøy er sterkare engasjement frå deltakarane, oppdaging av nye talent og rekruttering av nye til ansvarsoppgåver.

Fleire rapporterer at foreldre har uttrykt stor takksemd for at kyrkja har oppretthalde gode tilbod til ungdommane i ei tid kor mykje anna har vore avlyst eller utsett.

Det digitale tilbodet ser ut til å ha vore størst på våren i fjor, i den fyste fasen av Covid-19. På hausten kunne ein opna opp for meir fysiske samlingar. I siste del av året var det ny nedstenging, usikkerheit om kor lenge tiltak ville vara og meir digital trøttheit, blant ungdommane og dei tilsette. Dei siste åra har me sett at relasjonsbasert ungdomsarbeid gjev gode resultat, så me ser fram til at dette igjen blir mogleg, supplert av digitale plattformer. I 2020 fekk me oppleve at digitale verktøy er ein ressurs i å mobilisera og å nå ut med informasjon.

At fysiske samlingar er best, blei også tydeleg for mange kyrkjelydar når det blei mogleg å samlast fleire ungdommar, som til dømes i Nærbø kyrkje. Før restriksjonane blei innførte, kom det gjerne 70-80 ungdommar på ungdomsklubben, mens det etter at det blei mogleg å samlast fysisk igjen kom opp mot 160 ungdommar.

Kyrkjelydar som har stillingar retta mot ungdom ser ut til å ha klart seg best i denne tida. Fleire av dei har hatt god kompetanse på digitale verktøy. Store omstillingar har vore nødvendige, og det har kravd ressursar.

Bispedømmerådet har som nemnt gjort vedtak om å retta nye prestestillingar inn mot ungdom. Dette skjer i sentrale delar av bispedømmet, delvis i kombinasjon med lokale ressursar. I Haugesund blir det løyst ved at ei ny prostipreststilling gjer at dei eksisterande prestestillingane får frigjort tid til å fokusera på ungdom.

Vegen vidare

Mange er spente på kva endringane det siste året vil føra med seg. Vil ungdommane søka tilbake til fellesskap og aktivitet dei var vane med tidlegare? Vil dei frivillige medarbeidarane koma tilbake? Kva ønsker ungdommane sjølv?

Forsking og ungdomsundersøkingar viser at ungdomstida i 2020 er prega av høgt aktivitetsnivå. Fleire tilsette snakkar derfor om «kvilepuls», om å tilby ungdommane møteplassar utan organisert aktivitet. Ein sentral dimensjon i dette er å kunne vera tilgjengelege for samtaler og prioritera “å sjå” den einskilde deltakaren. I Hillevåg i Stavanger blir det arbeidd for å få til eit nytt «forandringshus», i samarbeid med KFUK-KFUM.

Arbeidet med å skapa gode nettverk for ungdomsarbeidarar er også eit sentralt moment i tida som kjem. I ulike deler av bispedømmet trengst det stader for erfaringsutveksling, fagleg påfyll og fellesskap for tilsette som arbeidar med ungdom. Dette er etterspurt.

Me vil òg vidareføra kontakten med organisasjonane på Kirkens Unge-plattform og gje tilbod om fagsamlingar for leiarar i ungdomsarbeid.

Me har også planar om ei satsing for unge vaksne. Her er det første steget å tenka ut og planlegga eit prosjekt. Det er behov for konkrete aktivitetstilbod og fellesskap for denne målgruppa. Kyrkja har god tradisjon for familiarbeid og tilbod til barn, men står svakare på tilbod til dei som bur aleine, og mange unge vaksne finn i dag ikkje sin plass i dei tilboda kyrkjelydane har.

Noko ressurs som blir frigjort når bispedømmet tek over heile ansvaret for stillinga som misjonsrådgevar vil bli brukt på ungdom.

Ungdomsdemokratiet i 2020

Ungdomstinget var planlagt arrangert 7.-9. november. Det var 36 påmelde deltakarar frå 16 forskjellige sokn. Tinget skulle arbeida med «Ung frivilligheit», «Konfirmasjon» og «Digital kyrkje/kyrkja på nett».

Saman med tinget var det planlagt ein fagsamling for tilsette om «Klima og kirkens forvalteransvar – grønt skifte i ungdomsarbeid». Denne samlinga var eit konkret resultat av at Ungdomstinget 2019 behandla saka «Klima og kyrkjens forvaltaransvar». Ungdomsrådet har arbeidd vidare med tematikken og fleire kyrkjelydar har integrert eit grønt fokus i sitt arbeid.

Desverre måtte både ungdomstinget og fagsamlinga avlysast tre dagar før start, grunna nye smittevernreglar. Det blir nytt ungdomsting i november 2021. Viss smittevernsituasjonen tillét det, kan det bli eit arrangement for ungdom på våren i tillegg, men pr. nå ser dette svært usikkert ut.

Ungdomsrådet hadde 4 møte og behandla 20 saker i 2020. Nokre av møta blei halde digitalt. Ungdomsrådet deltok med ein delegat på Ungdommens kyrkjemøte, i tillegg til ein representant frå bispedømmerådet, som tidlegare har vore medlem av Ungdomsrådet.

Dei siste åra har me sett resultat av eit strategisk arbeid for å informera og engasjera ungdommar til aktivt å ta del i kyrkjedemokratiet. Til dømes har fleire av deltakarane på Ungdomstinget dei siste åra blitt medlemmar av ungdomsråd, sokneråd, bispedømmerådet og Kyrkjerådet. Fleire sokneråd har også hatt resolusjonane frå Ungdomstinget til behandling. I kyrkjelydar kor ein ser kombinasjonen av unge medlemmar i rådsorgan og fokus på saker som opptek ungdom, får ung deltaking konkret betydning for kyrkjelydane sine satsingar.

Til trass for god påmelding, er det framleis ikkje så høg deltaking på ungdomstinget som me ønsker. Me vil vurdera kva form arrangementet kan få for å få breiare oppslutning og større effekt. Ungdomsrådet vil ha ein sentral rolle i utviklinga av konseptet, mens bispedømmerådet skal vedta det oppdaterte mandatet for ungdomstinget.

6. Bemanning – presteskap og administrasjon

Bemannings situasjonen i presteskapet og administrasjonen

I nøkkeltala er det 111,1 årsverk i Stavanger bispedømme. Desse er fordelte på 97,4 i presteskapet og 13,7 i administrasjonen. Statistikkheftet har 114,2 årsverk totalt, med 99,95 i presteteneste og 14,24 i administrasjonen, bygt på bispedømmet si eiga oversikt i etatsstatistikken. Etatsstatistikken reknar også med den eksternt finansierte delen av nokre stillingane.

Etter bispedømmet har fått tilført nye prestestillingar ut frå fordelingsnøkkelen, er talet på medlemmar per prest er ikkje lenger det høgaste i landet. Prestane har likevel tydeleg fleire dåp, konfirmantar og vigslar enn elles i landet. Når det gjeld gravferder, ligg prestane i bispedømmet framleis rett over gjennomsnittet. Forhaldet mellom stillingar i presteskapet og i administrasjonen er uendra.

Auka i administrasjonen skuldast at me nå har kommunikasjonsrådgjevar i 100 prosent, ein funksjon som viste seg å bli heilt nødvendig i året som gjekk.

På grunn av koronarestriksjonar har aktiviteten vore lågare og med dette også behovet for vikarar. Tydelegast er dette for vikarbruk til gudstenester.

Det har dei siste åra vore ein auke i bruk av pensjonistar. Desse blir brukt både til enkelttenester og til å dekkja opp kortare vikariat i samband med vakansar og permisjonar. Det er svært godt å ha erfarne og gode prestar som kan bidra inn i arbeidet.

Det var 19 utlyste stillingar i 2020 og 17 av dei enda i tilsetting. For dei to som det ikkje enda med tilsetting for, valte ein å forlenga søkefristen og å utsetta tilsettinga. Me kan likevel ikkje seiast å ha vakante stillingar, då desse stillingane er nyoppretta og skal finansierast med nye middel.

Talet på søkarar per stilling har gått tilbake dei siste åra. I 2019 var det 4,7 søkarar per stilling, mens det i 2020 var 2,8 søkarar per stilling. Bispedømmet er på andre plass i nedgang i søkarar per stilling.

20 % av prestane er under 40 år og 28 % er 60 år eller eldre. Samanlikna med tidlegare år ser me at presteskapet samla sett blir litt yngre for kvart år.

I bispedømmet er 70,65 % av prestane sokneprestar. Det er nokså gjennomsnittleg på landsbasis. Elles er det generelt nokre færre kapellanar og nokre fleire prostiprestar enn for gjennomsnittet.

I administrasjonen er det 7,75 fagstillingar og 4,49 stillingar knytt til administrative og merkantile oppgåver.

Rekrutteringssituasjonen og rekrutteringstiltak er drøfta i punkt 5.1.

C: Biskopen si verksemd

I 2020 var det visitas etter normalt skjema i Bjerkreim i januar. På visitasen fekk me sjå ein kyrkjelyd med god kontakt med lokalsamfunnet, kreativitet og mykje frivillig innsats. Tidleg i januar samla me rådsleiarar til inspirasjon og opplæring, med god oppslutning og positive tilbakemeldingar.

I august var det mogleg å gjennomføra visitas i Bymenigheten Sandnes. Andre planlagde visitasar er utsette. Før nedstenginga var det ei vigsling til prest i Vår Frelzers kirke i Haugesund. Tre vigslingar, ein diakon og to kateketar, har funne stad i “lommene” mellom dei strengaste restriksjonane.

Biskopen har ivra for at leiargruppa ved kontoret og prostane får delta på leiarutvikling, i regi av Nordnorsk Lederutvikling. Me kom i gang i januar, men har ikkje hatt fleire samlingar. Me har ei ung prostegruppe nå og ser fram til leiarutvikling neste halvår.

Korona-situasjonen har ført til tettare teamarbeid i leiinga. Prostane har oftare hatt møte, om enn på nett. Desse møta har vore viktige for å sikra smittevern, vera oppdaterte på situasjonen for prestar og kyrkjelydar og samordna innsatsen i løpet av pandemien. Me trur at det å ha nettmøte er noko me vil ta med oss vidare.

I 2020 har me arbeidd med innføringa av justert hovudgudsteneste. Me har engasjert ein pensjonert prest til å behandla søknadar. Biskopen hadde studiepermisjon i vår, for å lesa om liturgisk teologi. Samlingar med prestane i prostia for å planlegga innføring av justert grunnordning blei erstatta med foredrag på film og møte på nett. Innføringa av den vedtekne liturgien har fått forlenga fristar, og det er venta fleire søknadar om dispensasjon.

Det har vore eit ønske frå fleire om å få feira nattverd i heimar, anten med lek liturg eller med liturg på skjerm. Biskopen har ikkje sett det som ønskeleg å flytta nattverden ut av det fysiske fellesskapet i gudstenesta. Nokon har også stilt spørsmål om me burde ha halda kyrkjene meir opne og utfordra smitteverntiltaka. Biskopen har styrt ut frå at smittevern har prioritet og dannar ei ramme for kva som kan gjerast. Innafor dette kan ein utnytta det moglege.

I juni la biskopen ned grunnstein for ny kyrkje på Tau, og i oktober blei Sola kyrkje innvia. Det er vist stor omtanke og kreativitet i arbeidet med nye kyrkjer. Ein har brukt god estetisk sans og har likevel halde kostnadane nede.

Biskopen leia ei pilegrimsvandring frå Domkyrkja til Røldal i månadsskiftet juni-juli. “Vandringa” gjekk både til sjøs og over land. 4.juli gjekk vandringa over eit fjellskar i tett snøvær. Tema for vandringa var “Helhet, helse og hellighet”. Heile vandringa var godt sikra med smittevern.

Biskopen har blitt invitert til å spela inn podcast i ulike settingar og har takka ja til det. Ho har også vore med på fleire opptak av gudstenester, helsingar og andaktar. I formidling til kyrkjelydane har ho lagt vekt på at diakoni er sentralt i løpet av pandemien, mellom anna i ein kronikk i Aftenbladet.

Kontakt med ungdom blir prioritert, og biskopen har besøkt Ukirke i Stavanger fleire gongar dette året.

IV. Styring og kontroll i verksemda

A: Helse, miljø og tryggleik/Arbeidsmiljø

Sjukefråvær

Resultat og utvikling

Grupper	Totalt 2019	Totalt 2020	>8 veker 2019	>8 veker 2020
Stavanger BD menn prestar	2,77 %	3,39 %	0,65 %	1,57 %
Stavanger BD kvinner prestar	9,27 %	7,24 %	6,22 %	4,22 %
Stavanger BD prester + kontor	4,00 %	4,45 %	1,50 %	2,30 %

Vurdering av resultatet og vegen vidare

Hovudfunnet er at sjukefråværet i 2020 har auka. Gledeleg er det at sjukefråværet hos kvinner i presteskapet har gått ned. Sidan gruppa med kvinner i presteskapet er forholdsvis lita gjev einiskildsjukemeldingar prosentvis stort utslag. Hos menn har sjukefråværet over åtte veker auka i 2020. Stavanger bispedømme har lågare sjukefråvær enn gjennomsnittet i Den norske kyrkja.

2020 har vore eit spesielt år. Me veit ikkje om det er dette som er grunnen til at fråværet har auka, men me kan sjå føre oss at smitteverntiltak har gjort at fråværet har auka. For heile Den norske kyrkja har sjukefråværet auka dette året. Det er viktig at arbeidsgjevar har fokus på sjukefråværet som er lengre enn 8 veker for at arbeidstakarar ikkje skal gå over i lengre sjukefråvær.

Stavanger biskop arbeider med generelle tiltak for heile gruppa av tilsette. Dette året har det vore arbeid med smitterettleiarar for å hindre smitte i gudstenester og på kyrkjelege handlingar. Stavanger biskop arbeider aktivt for å skapa eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette, fylgjer opp med nødvendige tiltak for å forhindra sjukdom og har fokus på oppfylgning av sjukemelde arbeidstakarar.

Medarbeidarundersøkinga – COVID 19-undersøking

Den norske kyrkja hadde i 2020 medarbeidarundersøking om Covid-19. Svarprosenten var på 75 %. Her blei det kartlagt korleis dei tilsette trivest og meistarar arbeidet sitt i denne spesielle situasjonen. Undersøkinga viste at mange finn det krevjande med heimekontor og dei nye måtane som arbeidet må gjerast på. Undersøkinga har blitt tatt opp i RAMU og presentert på HMS-dag for vernetenesta, fagforeining og arbeidsgjevar. Prostemøtet og prostane har tatt opp utfordringane og fylgjer opp medarbeidarane.

Rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold

Rutinane for intern varsling om kritikkverdige forhold som gjeld for rettssubjektet Den norske kyrkja er gjort tilgjengelege og kjende for dei tilsette i verksemda. Stavanger biskop, fellestråd og institusjonar har inngått samordningsavtale om HMS-arbeidet, kor også rutinar for varsling av avvik og kritikkverdige forhold er ein del av avtalen. Rutinane var tema på HMS-dag i november og vil også bli gått gjennom på same arena i 2021.

B: Likestilling

Bispedøkkerådet har ein likestillingsplan som bygger på statlege og kyrkjelege styringsdokument. Han set opp ei rekke konkrete tiltak, og inneheld eit mål om å auka talet på kvinner i presteteneste. Mellom anna oppmodar ein kvinner om å søka stillingar i utlysingsteksten i alle prosti der det er færre enn 40 % kvinner.

Talet på tilsette og sjukemeldingar såg slik ut i 2020:

Likestilling 2020					
	Kjønnsbalanse			Legemeldt fråvær ²	
	Menn	Kvinner	K %	Menn	Kvinner
Presteskapet					
Biskop og prostar	8	2	20 %	3,43 %	6,25 %
Prestar	72,85	28,6	28,19 %		
Administrasjonen					
Leiarar	2	1	33,33 %		
Tilsette	4	7,24	64,41 %		

Kvinnedelen i presteskapet har gått jamt opp dei siste åra. Med to av ti kvinner i gruppa biskop og prostar og ei av tre i leiinga på bispedøkkkontoret, blir kvinnedelen blant leiarar for låg. Situasjonen har vore nokså lik i presteskapet og i leiarstillingane. Nå har me klart å auka delen kvinner i presteskapet, utan at me har fått til det same på leiarnivå.

Ved bispedøkkkontoret er det ein høgare del kvinner i leiinga enn i presteskapet, og mellom dei andre tilsette på kontoret er det eit fleirtal av kvinner.

I 2018 såg me ein sterk auke i talet på kvinnelege søkarar. For fyrste gong var det fleire kvinner enn menn som søkte på prestestillingar. I 2019 og 2020 har dette talet gått noko tilbake. I 2020 var 26 % av søkarane kvinner, mot 29 % året før.

Prosenten kvinnelege søkarar har søkke, og delen av kvinner som har blitt tilsett har gått tilbake. I rekordåret 2018 var 60 % av dei bispedøkkerådet tilsette kvinner, mens i 2020 var talet nede på 18 %.

Me ser at hovudutfordringa vår er å auka kvinnedelen i presteskapet og talet på kvinner i leiarstillingar. Dette skjer stort sett gjennom rekrutteringsprosessane. Her er det tilfanget av søkarar som er avgjerande, og me arbeider for å auka talet på kvinnelege søkarar.

² Her samlar me både kontor og presteskap, fordi nokre av gruppene er så små at dei når terskelen for kva som vil bli personleg informasjon.

Sjukefråværet er lågt for både kvinner og menn, men det er noko høgare blant kvinner enn blant menn.

I presteskapet tener kvinner i stillingane kapellan, sokneprest, prost og domprost 99 % eller meir av det menn i dei same stillingane tener. I kategorien spesialprest tener kvinner 91,4 % av det menn tener. Grappa spesialprestar er liten i bispedømmet og årsaka til skilnaden i løn er knytt til ansiennitet.

C. Vurdering av risikoen for misleghald

Det kan vera risiko for misleghald på fleire område av økonomiforvaltninga i bispedømmet. Det er ikkje mogleg å laga rutinar, retningslinjer og kontrollar som heilt tek bort misleghaldsrisikoen. Me meiner at med dei tiltaka me har, er risikoen for misleghald moderat og redusert til eit akseptabelt nivå.

Stavanger bispedømmeråd har eit eige dokument som meir utfyllande vurderer risiko for misleghald. Me vurderer ingen av risikofaktorane som alvorlege eller svært alvorlege.



*Stavanger bispedømmeråd på sitt fyrste Kyrkjemøte saman i oktober.
Bak frå venstre: Thor Magne Seland, Magne Hersvik, Gyrid Espeland, Jostein Ådna, Helene Breivik Hellerdal, Anne Lise Ådnøy, Liv Heidrun Skaar Heskestad, Dag Tormod Milje, Magne Bjåstad og Therese Egebakken.*

V. Vurdering av framtidsutsikter

2020 har vore prega av at mykje me har ønska ikkje har kunne finna stad.

Samtidig har 2020 vist stor styrke i kyrkja som organisasjon. Når noko ikkje har vore mogleg, har prestar, diakonar, trusopplærarar, kyrkjemusikarar og administrativt tilsette funne nye vegar. Tilsette har stått i krevjande periodar utan å bukka under, sjølv om det har vore slitsamt. Til trass for at mykje er usikkert i oppstarten etter pandemien, veit me at me er eit fellesskap av engasjerte medarbeidarar som har sterkt eigarskap til kyrkja.

I positive resultat og i sakn har me sett at kyrkja er viktig. Sjølv i tider der smittevern må prioriterast er det nødvendig med gode gravferder. Me oppdagar dåp som høgdepunkt og glede også når dåpsgudstenestene får nye former. Me ser at menneske har behov for dei fellesskapa kyrkja kan tilby. Det finst kraft til praktisk omsorg og nestekjærleik i lokale kyrkjelydar. Me kan feira mange gode erfaringar med å vera kyrkje på nett og har lært mykje som vil vera verdifullt vidare.

Den store spenninga ligg i om dei som ikkje treng koma tilbake til kyrkjene gjer det. Deltaking på gudstenester er frivillig. Noko er knytt til store livshendingar og trusopplæringstiltak, men mykje av gudstenedeltakinga handlar også om tilknytning til eit fellesskap og ei oppleving av at gudstenesta gjev meining. Har folk lagt seg til nye vanar som gjer at dei nå vil gjera andre ting søndag føremiddag?

Det same gjeld frivillig medarbeidarskap. Viss nokon har hatt oppgåver dei kjem ut i minus med når ytre og indre gevinst blir vurdert opp mot innsats, har dei nå fått ein pause som gjev høve til å endra praksis.

Kanskje er det sunt for både deltakarar og ansvarlege i kyrkja å kjenna etter kva me eigentleg vil, kva som fungerer og kva som faktisk er viktig? Tida etter korona kan bli ei tid for glede over fellesskap og samlingsformer som betyr noko og ei tid for nyttig omstilling i møte med ting som kan ha blitt annleis. Fagleg tilsette, sokneråd, frivillige og tilsette leiarar, bispedømmeråd, biskop og Kyrkjemøtet vil få nye, viktige leiingsutfordringar som ikkje handlar om smittevern. Treng alt vera som før eller kan endring også skapa fornying?

Når samfunnet opnar, skal me feira og planlegga for ein ny situasjon. Det samhaldet me har opplevd gjennom korona-tida vil vera ein ressurs i dette. Me har etablert ein tettare kontakt som me håpar å halda på mellom ulike deler av organisasjonen. Me treng å stå saman i meir enn krise, for å styrka lokalsamfunn, tilby tru og fellesskap og vera til stades for folk med evangeliet, i ord og handling.

Me er innstilte på å prioritera når hausten kjem. Ikkje alt kan starta samtidig og medarbeidarar skal kunne arbeida på ein berekraftig måte. Nokre prioriteringar gjev seg sjølv: Dei store kyrkjelege handlingane er hjarteslag i kyrkja sin kontakt med breidda av medlemmane. Det kjem ei tid då folk igjen kan samlast mange i gravferd, der dei som ønsker det kan ha dåp i lag med heile kyrkjelyden og brurepar kan gå inn i framtida med fullt orgelbrus og festkledde gjestar, så mange som dei ønsker. Konfirmantar skal kunne reisa på leir, barn og ungdom skal samlast på tvers av kohortar og overnatta i kyrkja, utan tanke på smittevern. Diakonien treng ikkje halda avstand.

Diakoni blir stadig viktigare i kyrkja. Det er ikkje nytt at trua søker handling til beste for menneske og verda, men fleire er i større grad opptekne av samanhengen mellom tru og handling. Fleire ser også potensialet i kyrkja som viktig bidragsytar i lokalsamfunnet. Kommunen har ei oppgåve i å sikra innbyggjarane gode tenester frå den lokale kyrkjelyden. På visitasar og i samtalar ser me også auka samarbeid mellom kyrkje og kommune om tiltak for ulike grupper som eit viktig fokusområde. Kommunane treng sterke frivillige organisasjonar for å koma lengre med sine oppgåver, og kyrkja kan i samarbeid med kommunale ressursar utretta mykje for flyktningar, eldre, barn og unge, menneske med utviklingshemming og andre grupper som treng fellesskap der nokon tilbyr nettverk og tek dei på alvor.

Dette står i kontrast til at nokre kommunar i bispedømmet har skore ned på løyvingar til kyrkja. Kyrkja sin relasjon til kommunen står fram som noko meir sårbar enn tidlegare, sjølv om me har erfaringar med at nye politikarar kan få opna augo for kyrkja etter kvart som dei får betre kjennskap til verksemda. Kyrkjevevjerene arbeider godt med dette. Me ser at me må opplysa om at kommunen framleis har ansvar med ny trus- og livssynslov og visa korleis å bruka ressursar på kyrkja kjem mange til gode.

Me kan oftare invitera politikarar til kyrkja for å sjå kva som skjer, og me kan styrka diakonal tenking, satsa på diakonale arbeidsformer og setja ressursar i tid, personell og pengar inn på det me ser møter behov lokalt. Ny felles plan for «Omsorgskirken» for kyrkjene i Stavanger kyrkjelege fellesråd er eit godt tiltak.

Det er framleis viktig å understreka rikdommen i å vera eit livssynsøpe samfunn. Me har gode relasjonar til andre trus- og livssynssamfunn og felles interesser av å verka til beste for staden me høyrer til. Den kristne trua er ei livstolking som set kjærleik og teneste i sentrum. Ho motiverer til innsats for andre. Nær halvparten av medlemmane opplever eksplisitt kyrkja som viktig i lokalsamfunnet alt no, og me ser at dei kyrkjelydane som har gode relasjonar til breidda av livet elles i nærmiljøet står sterkt.

Kyrkjelydane har lært mykje i 2020. Når samfunnet opnar, vil mykje av dei tradisjonelle oppgåvene venda tilbake, samtidig som me har etablert nye digitale tiltak. I februar var me innom Varden kyrkjelyd i Stavanger. Dei hadde høgare deltaking på digitale gudstenester enn dei plar ha fysisk, og vurderer no kva dette skal bety for tilbodet framover. Slike vurderingar vil dukka opp lokalt, regionalt og sentralt, og fyrste steg er å setta desse vala på dagsorden og sjå kva som trengst og er mogleg. Me skal gå frå spontan kreativitet til stabil og målretta satsing.

Året har vist at det digitale er ein viktig arena, men at det konkrete har kvalitetar det digitale ikkje kan konkurrera med. Informasjon og einvegs-opplevingar kan formidlast digitalt, men fysiske møte er sterkare og har fleire dimensjonar. Nattverden er ei fysisk hending. Relasjonar trivst mykje betre ansikt til ansikt. Jesus, ordet, blei ikkje bilete, men kom til oss og rørte ved menneske.

Fleire prostar har tru på at trusopplæringa er godt etablert og vil kunne starta omtrent som før. Me begynner å bli vane med å ha trusopplæring og kan gløyma at det er langt frå sjølv sagt at mange i kvart årskull jamleg tek del i noko som skjer i kyrkja. Trusopplæringa er ikkje mindre viktig for folkekyrkja framover, og me vil arbeida for at ho framleis skal stå sterkt, ha breiddefokus og gje tru og ressursar til livsmeistring.

Ungdom utfordrar kyrkja. Samfunnsendringar blir synlege i denne gruppa først. Me ser nokre positive trekk, at ungdom under 30 år er meir positive til kyrkja enn generasjonen mellom 30 og 50 år, kanskje som følgje av ein mangfaldig kvardagskontekst, ei anna KRLE-undervisning i skulen og fleire år med trusopplæring. Kyrkjelydar som brukar ressursar på ungdom og tilbyr fellesskap lukkast også med satsingar over tid, sjølv om det ikkje alltid blir stort. Ungdomsråd og ungdomsting understrekar behov for stader ungdom kan møtast.

På same tid ser me også at gudstenestefellesskapet ikkje utan vidare trekk til seg ungdom, at ungdom har mindre organisasjonslojalitet og i mindre grad definerer seg innafor ein klart definert livssynstradisjon, men hentar impulsar frå fleire. Denne konteksten gjev nye rammer for forkynning og arbeidsformer. Sjølv om nesten alle i samfunnet er på digitale flater, lever tenåringar og unge vaksne ein større del av livet på nettet, på TikTok, Snapchat og YouTube. Populærkulturen endrar seg, influensarar, dataspel og «vanlege folk» som strøymer kvardagsliv eller underhaldning betyr meir for ungdom enn tradisjonelle medium.

Kyrkja har tatt store steg i strøyming av gudstenester og på Facebook, men me har berre glimtvis etablert oss på dei flatene ungdom er mest. «Kva tid kjem biskopane på TikTok?» spurte ein kommunikasjonssjef i eit selskap som har lukkast mykje med kommunikasjon, på eit kyrkjeleg arrangement han fylgde barna til. Ein ung kyrkjetenar fekk tusenvis av treff, berre med å visa fram kyrkja og jobben sin i denne kanalen.

Målet må vera å få det digitale og det konkrete til å gå godt saman. Slik er det i ungdommane si verd også, venene er både på nett og In Real Life. Kyrkja sine trumfkort er konkrete: heilage handlingar, levande møte og livsnær kommunikasjon. Det er framleis kompetansen til å finna språk, kunst og praktiske uttrykk for tru, håp og kjærleik me treng, og den har me mykje av. Kulturverksemd, opne kyrkjer og satsing på pilegrimsarbeid gjev også viktige arenaar for nye å møte kyrkja på.

I pandemien har stabane vore ryggrada i dei lokale kyrkjelydane, i større grad enn til vanleg. Kyrkja si organisering står på to bein i dag, og i pandemien har me sett styrken i begge. Utan sjølvgåande og engasjerte kyrkjelydar som har kort veg frå tanke til handling hadde me ikkje klart den raske omstillinga til nye former for aktivitet pandemien kravde. Å vera ein kompetansebedrift med tilsette som er sterke på organisering, relasjonar og formidling har gjort det mogleg å vera til stades under nye vilkår.

Samtidig har også det kyrkjelege fellesskapet nasjonalt og regionalt vore til stor nytte for kyrkjelydane lokalt. Kyrkjelydane har ønska seg leiarstøtte, koordinering overfor styresmaktene og tydeleg smittevernvegledning. Fellesløysingar har hatt stor verdi og spart mykje lokalt arbeid. Profesjonalitet i HMS-arbeid og risikoanalysar har trygga både ansvarlege og deltakarar frå uønska hendingar. Signal om kva det er viktig å prioritera har fungert godt i kyrkjelydane sin kvardag.

Me håpar samspelet mellom kyrkja lokalt, regionalt og sentralt kjem styrka ut av pandemien. Noko i kyrkja kan berre gjerast lokalt, mens andre ting blir mykje enklare og betre om ein gjer ting i fellesskap. Tettare kontakt mellom dei ulike ledda og organa i kyrkja er ein stor gevinst, og når kyrkjeleg organisering skal meislast ut framover, håpar me å ha lært noko av verdien av å spela saman.

Dei siste åra har me sett fleire eksempel på at det er godt for mindre einingar å ha fagleg støtte. Ein kan klara seg sjølv i godvêr, men når krisa kjem er det behov for støtte frå andre ledd i organisasjonen. Dette har me også sett under pandemien, der nokre lokale einingar har hatt behov for meir støtte og samarbeid enn til vanleg. Nokre gongar kan dagens organisering gjera dette unødvendig tungvint og vanskeleg. Lokalt ansvar for lokal verksemd er viktig, men digitalisering, profesjonalisering og moglegheitene for å koma lengre saman gjer at ein verken bør reindyrka det sentrale eller det lokale.

Kyrkja er til vanleg ein stor aktør innan kulturarbeid, barne- og ungdomsarbeid, diakoni, oppfølging av menneske i sorg, tilbod om samtalar, fellesskap for menneske med utviklingshemming og i å skapa arenaar der etablerte og nye i Noreg kan møtast. Verksemda som trussamfunn gjennom gudstenester og kyrkjelege handlingar har også eit diakonalt aspekt. Det er dette prostane peiker på når dei blir spurte om korleis kyrkja kan bidra når samfunnet opnar. Kyrkja treng ikkje bli noko anna for å bety mykje for menneske, men har allereie mykje å spela på av relasjonar, verdiar og arbeidsformer. Dette blir ikkje mindre av at behova også er store og at løpet vårt er langt frå ferdig.

I framtidsutsiktene frå siste årsrapport sa me at verda er for komplisert til at me kan vera sikre på at utviklinga alltid fylgjer ei rett linje. Det trefte betre enn me hadde tenkt. 2020 har kasta oss rundt og snudd opp ned på ting. Me er framleis midt i krisehandtering, men ser fram mot at samfunnet opnar seg igjen, til nye møte, til å vera mange saman, til å få vera kyrkje med heile det repertoaret me kan spela på.

Strategiprosessen som starta hausten 2020 gav oss tydelege tilbakemeldingar frå kyrkjelydane. Det som ber kyrkja er trua, eller rettare: Den treeine Gud som gjev oss livet og verda, kjem til oss i urolege tider og gjev oss kraft til å vera eit fellesskap som uttrykker det gode. Me lever i ei sårbar verd, i skjøre fellesskap. Året har vist oss mykje som kallar oss til handling, ikkje minst for dei som har blitt ståande aleine i ei vanskeleg tid. Åra framover inviterer oss til å be og arbeida for meir himmel på jorda. Det er ein visjon som gjer det meiningsfullt å vera kyrkje.



Krosshaugen i Haugesund påska 2020.

VI Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2020

Innleiing

Stavanger bispedømmeråd sin rekneskap er ein del av Den norske kyrkja sin rekneskap. Bispedømmerådet fører rekneskap etter rekneskapsprinsippet.

Hovudoppgåva for bispedømmerådet er regulert i kyrkjelova § 23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjerest for å vekke og nærme det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.»

Bispedømmerådets mynde- og ansvarsområde fylgjer av kyrkjelova og gravferdslova, og av delegasjon av mynde frå Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet. Viktige oppgåver for bispedømmerådet er knytte til prestetenesta og forvaltning av statlege tilskot. Bispedømmerådet skal leggja til rette for at mål og strategiar frå Kyrkjemøtet blir implementerte i kyrkjelydane.

Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen for 2020 er gjort opp med eit samla meirforbruk på kr. 843 000.

Tildelinga på drift var på kr 1 000 499 knytte til drift. Bokførte kostnadar var kr 230 025 lågare.

Meirforbruket er rekneskapsført på budsjett gruppe 1B tilskot.

Tildelinga i 1B på 50,2 mill. kr er øyremerka middel til trusopplæring, diakoni, undervisning kyrkjemusikk og tilskot frå OVF. I tillegg til å bruka desse midlane til desse formåla gjorde bispedømmerådet eit vedtak om å bruka ubrukte driftsmiddel til å støtta prosjekt i kyrkjelydane, mellom anna innan digital kommunikasjon i koronatida.

Meirforbruket på 1B er gjort opp mot 1A i balansepostering 2020.

På gruppe 1A – drift står det att kr 5 887 000 som akkumulert saldo pr. 31.12.2020 i balansepost.

I 2020 fekk bispedømmerådet auka tildeling til presteteneste, i tråd med ny nasjonal fordelingsnøkkel. I tråd med strategien si satsing på barn/unge og rekruttering er det oppretta fleire nye stillingar. Nokre stillingar er oppretta i samarbeid med andre, som stiller med 50% av midla til stillingane. Me har nytta ressursfordelingsmodellen til å fastlegga kor stillingane skal plasserast, og bispedømmerådet har gjort vedtak om at midla så langt som mogleg skal brukast til å styrka kyrkjeleg arbeid i møte med ungdom.

I Haugaland oppretta me ei ny prostipreststilling (med 50% nye midlar), som kan ta ansvar for fleire av dei mange gravferdene i området, slik at sokneprestane har meir tid til å møte barn og unge i si teneste. I Hå og Bryne oppretta me ei stilling som ungdomsprest på tvers av fleire sokn. I Stavanger har me inngått eit samarbeid med VID om ein studentprest/prostiprest (50/50). Me har eit samarbeid med NMSU og sokna i Stavanger om prest i Ukirke (opp til 50/50) og ein ungdomspreststilling i Hafsfjord og Sunde (50/50). I Klepp og

Gaddalen auka me prestestillingar som har vore stillingar i 50% til 100%, ut frå behov fordelingsnøkkelen har vist. Me har tilsett folk i nokre av stillingane og håpar å få dei to siste på plass i løpet av våren.

Rekneskapen for Stavanger bispedømme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og blir revidert av revisjonsfirmaet Ernst & Young AS.

Spesifikt om budsjettgruppe 1A

Etter endeleg vedtatt statsbudsjett for 2020 fekk Stavanger bispedømme ved starten av året ei tildeling til budsjettgruppe 1A på kr 100 447 000. Etter eit ekstraordinært år er årets rekneskap blir avslutta med eit meirforbruk på 843 000.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1A - Driftsregnskapet	31.12.2020	31.12.2020	
Inntekter	-534	-849	-315
Tilskudd/varekjøp	1 647	-	-1 647
Lønnskostnader	89 136	88 944	-192
Andre driftskostn	9 968	12 352	2 384
Sum budsjettgruppe 1A	100 217	100 447	230

Budsjettgruppe 1B og andre tilskot

Tildelinga til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk blir i 2020 auka/prisjustert med 2,7% i forhold til tildelinga for 2019. Utbetalinga av tilskot blei auka i forhold til tildelinga.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *	31.12.2020	31.12.2020	
Trosopplæring	33 394	33 242	-152
Diakoni	7 560	7 419	-141
Undervisning	8 873	8 864	-9
Kirkemusikk	1 020	150	-870
Annet (inkl OVF)	458	557	99
Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.	51 305	50 232	-1 073

Summen av budsjettgruppe 1A og B blir ut frå dette:

Sum 2020	151 522	150 679	-843
-----------------	----------------	----------------	-------------

Særskilt om OVF-tilskotet

Tilskot frå Opplysningsvesenets fond (OVF) blei fordelt på bakgrunn av søknadar frå sokneråd, organisasjonar og andre nært knytte til Stavanger bispedømme. Det blir henta inn rapportering på korleis midlane blir nytta, og ein søker i størst mogleg grad å tildela middel til å setta i gang nye tiltak. For 2020 blei midla fordelte slik:

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2020		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
OVF			
Administrasjon - 491			-
Diakoni - 492	150		-150
Barn og unge - 493			-
Gudstjenesteliv - 494	308		-308
Kirkemusikk og kultur -495			-
Samisk kirkeliv -496			-
Andre fellestiltak (inkl SMM) - 497			-
Internasjonale og økumeniske organisasjoner -498			-
			-
Ovf total (for rapportering til Ovf)	458	-	-458

Risikovurdering økonomi

Stavanger bispedømme får sine middel frå Kyrkjerådet, basert på tildelingsbrev som skildrar mål, regelverk og retningslinjer som gjeld for rettssubjektet Den norske kyrkja som heile, under dette «Kirkemøtets budsjettreglement», fastsett av Kyrkjemøtet 12.april 2016 (KM 05/16), samt «Økonomireglement for rettssubjektet Den norske kirke frå 01.01.2017».

Det er for Den norske kyrkja inngått avtale om kjøp av økonomitenester frå firmaet TET AS. Avtalen inkluderer behandling av inngående/utgåande fakturaar, rekneskapsføring, lønskøyring, kontroll, rapportering, logging og oppfylgning. Dette gjer at tilsette i kyrkja ikkje aleine kan utbetala eller bokføra beløp i verksemda.

I økonomisystema som er utarbeida av Felles Økonomienhet (FØ) er det innarbeidd interne rutinar og kontrollar. Alle transaksjonar skjer elektronisk, med godkjenning frå minimum to ulike personar.

Bruken av tildelte middel blir stadig vurdert opp mot vedtatt budsjett for året. Jamleg økonomirapport blir lagt fram til behandling i bispedømmerådet.

Dei mest vesentlege risikoane på økonomiområdet er til vanlig knytte til mogleg manglande oppfylgning av fastsette mål, på bakgrunn av dei tildelingane/ressursane som blir stilte til disposisjon, tilgangen på søkjarar til utlyste stillingar, høg gjennomsnittsalder blant prestane, samt mogleg manglande kompensasjon for den årlege lønnsutviklinga. I dette året har også situasjonen med pandemi vore ein vesentleg risikofaktor.

Sluttord

Bispedømme har dei siste åra bidrege til ei meir effektiv økonomiforvaltning gjennom opprettinga av FØ. Me er glade for FØ og arbeidet der, og arbeidar stadig med å betra samarbeid og rutinar i den nye organiseringa. Me er glade for dei nye diakonstillingane som me nå har kunne oppretta for midlane som er sparte.

Me gler oss over dei moglegheitene dei nye prestestillingane me har fått etter ny fordelingsnøkkel gir oss til å møta fleire unge. Samarbeid med andre gjer at me med desse midla kan nå langt.

2020 har vore eit spesielt år, der me våga å gå nye vegar i møte med ekstraordinære utfordringar. Me ønsker å stadig vera på jakt etter nye måtar å oppfylle mandatet for verksemda på.

Stavanger, 12. mars 2020,



Liv Heidrun Skaar Heskestad
leiar, Stavanger bispedømmeråd



Jorunn Kraft Vistnes
stiftsdirektør

Vedlegg

Årsplan 2020 og 2021

Strategi for Stavanger bispedømme 2019-2021

Mer himmel på jord

Strategi for Stavanger bispedømme 2019-2021

Vi vil være en kirke som

TROR

Vi vil inspirere til å søke kilder til tro ved å

- ❖ Snakke sant om livet og forkynne at Jesus lever
- ❖ La Bibelen bli brukt aktivt
- ❖ Invitere til gudstjenester, dåp og hellige handlinger som åpner for erfaringer av Guds nærvær
- ❖ Møte åndelig lengsel ved å skape rom for bønn, refleksjon, stillhet og estetikk

BRYR SEG

Vi vil se, engasjere oss og vise omsorg ved å

- ❖ Være til stede for mennesker i krevende livssituasjoner og for dem som opplever utenforskap
- ❖ Være til stede lokalt, bl.a. gjennom samarbeid med organisasjoner og det offentlige
- ❖ Skape endring i møte med klimatrusselen
- ❖ Tilby flere møteplasser for ungdom og unge voksne

ÅPNER

Vi vil være en kirke med rom for alle ved å

- ❖ Åpne kirkene
- ❖ Styrke medlemmenes tilknytning til kirken
- ❖ Satse på kirkelig kulturvirksomhet
- ❖ Styrke kirkens nærvær i sosiale medier og i det offentlige rommet



DEN NORSKE KIRKE
Stavanger bispedømme

DELER

Vi vil være engasjerte, livsnære og tydelige formidlere ved å

- ❖ La barn og unge vokse i tro, få ressurser til livsmestring og utfordres til engasjement
- ❖ Skape engasjement for misjon, religionsdialog og globalt fellesskap
- ❖ Bruke et mangfold av uttrykk
- ❖ Ta menneskers liv, spørsmål, lengsel og erfaringer på alvor.

INVITERER

Vi vil skape gode fellesskap ved å

- ❖ Inspirere til frivillig medarbeiderskap
- ❖ Fremme god samarbeidskultur
- ❖ Legge grunnlag for rekruttering, trivsel og vekst
- ❖ Bidra til gode prosesser i arbeidet med ny organisering



DEN NORSKE KYRKJA
Stavanger biskop og bispedømmeråd

Årsplan 2020

Meir himmel på jorda



Innhold

A: VISJON, STRATEGI OG FOKUS

2	OM ÅRSPLANEN
3	KYRKJEMØTET SIN VISJON
5	MÅL- OG RESULTATINDIKATORAR
6	BISPEDØMMET SIN STRATEGI
7	RESULTAT I 2018.
8	OVERORDNA RISIKOVURDERING

9: TILTAK I 2020.

9 1: GUDSTENESTELIV

GUDSTENESTEDELTAKING

10 2: KYRKJELEGE HANDLINGAR

10	DÅP
11	KONFIRMASJON
12	VIGSEL
13	GRAVFERD

14 3: UTVIKLING I KYRKJELYDANE

14	3.1. DIAKONI (AFI)
14	Diakoni i kyrkjelydane og samfunnet
15	Frivillig medarbeidarskap
16	Nye diakonstillingerar
17	Nye i Noreg

18	3.2. KYRKJE FOR BARN OG UNGE
18	Trusopplæringstilbod
19	Oppslutning om trusopplæring
20	Ungdom og unge vaksne
21	3.3. TRUSOPPLÆRING FOR VAKSNE
22	3.4. INKLUDERANDE KYRKJELIV
23	3.5. SAMISK KYRKJELIV

24 4: KULTUR OG SAMFUNNSENNGASJEMENT

24	KYRKJELEG KULTURVERKSEMD
25	OPNE KYRKJER
26	PILEGRIM
27	KYRKJA ER SYNLEG I DET OFFENTLEGE ROMMET
28	KYRKJE I SOSIALE MEDIUM
29	KYRKJE-SKULE-SAMARBEID
30	RELIGIONSIALOG

31 5: ORGANISASJON

31	PERSONALARBEID
32	REKRUTTERING
33	REDUKSJON I ADMINISTRATIV RESSURSBRUK

Om årsplanen

I årsplanen beskriv Stavanger biskop og bispedømmeråd korleis ein vil nå viktige mål for kyrkja si verksemd i 2020.

Desse måla kjem frå to hovudkjelder.

Kyrkjerådet fastset mål og nøkkelindikatorar for kyrkja. Desse måla følgjer Kyrkjemøtet sitt visjonsdokument, om meir himmel på jord.

Kyrkjemøtet vedtok eit oppdatert visjonsdokument i 2018, og Kyrkjerådet har vedteke oppdaterte mål og resultatindikatorar i tråd med dette. Den reviderte årsplanen for 2020 følgjer desse.

Årsplanen inneheld også nokre eigne, regionale satsingar ut frå bispedømmerådet sin tradisjon og strategi.

Ei utfordring i planarbeidet er at fleire mål og indikatorar krev tiltak det er den lokale kyrkja som har mynde over. I møte med slike mål kan biskop og bispedømmeråd motivera tilsette, tillitsvalde og frivillige, halda kurs, driva fagutvikling og nytta ressursane i prestetenesta. Samtidig fastset sokna eigne mål, strategiar og tiltak lokalt.

Til grunn for arbeidet ligg statlege og kyrkjelege rammer for mål- og risikostyring, tilpassa det som er hensiktsmessig for bispedømmet.

Avsnitta følgjer denne disposisjonen:

STRATEGISKE MÅL OG INDIKATORAR

Nasjonale og regionale mål og indikatorar for arbeidet, henta frå Kyrkjemøtet sin visjon, mål- og resultatindikatorar og bispedømmet sin strategi.

✓ SITUASJONSANALYSE

Punktvis oppsummering av kor me står i forhold til måla og kva som er viktig for å komma vidare.

✓ TILTAK

Konkrete tiltak som er planlagt i 2020

✓ RISIKOVURDERING

Korleis er risikobiletet på området?
I kva grad vil tiltaka kunne påverka situasjonen?

✓ KONSEKVENSN AV RISIKOVURDERING

Kva tyder risikovurderinga for framtidig arbeid?

Bispedømmerådet har også anna verksemd, som følgjer av andre plikter og behov enn dei spesifikke satsingsområda. Desse kan også vera lovpålagte, viktige og strategiske, men har anna forankring enn årsplanen og blir derfor ikkje ein del av denne. Årsplanen fokuserer på korleis biskop og bispedømmeråd vil arbeida for å nå mål fastsett nasjonalt eller regionalt, gjennom rammeverket for årsplanlegging, årsrapportering og risikostyring.

Risikovurderinga brukar me slik:

- **Svært alvorleg risiko: Kyrkja vil bli alvorleg svekka utan endring**
- **Alvorleg: Målet vil i stor grad ikkje bli nådd utan endring**
- **Middels: Målet vil bare delvis bli nådd utan endring**
- **Låg: Resultata vil i nokon grad bli svekka utan tiltak**
- **Svært låg: Situasjonen vil truleg vera stabil og akseptabel, uavhengig av tiltak.**

KYRKJEMØTET SIN VISJON

Meir himmel på jorda

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere

- *vedkjennande*: Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.
- *open*: Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.
- *tenande*: Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.
- *misjonerande*: Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

I perioden 2019–2021 skal vi arbeide for at:

1 - Gudstenestelivet blomstrar.

2 - Fleire søker dåp og trusopplæring.

3 - Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv.

4 - Kyrkja engasjerer seg i samfunnet.

5 - Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid.

6 - Kyrkja skaper trygge rom.

7 - Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon.

1 - Gudstenestelivet blomstrar:

- Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
- Gudstenesta er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap.

- Gudstenesta knyter oss til den verdsvide kyrkja.
- Kyrkja har vigslar der vi feirar kjærleiken, og ber om Guds signing over ekteskapet.
- Kyrkja lar etterlatne møte omsorg og få oppleve ei verdig gravferd.
- Kyrkja varetar og fornyar kyrkjemusikken.

2 - Fleire søker dåp og trusopplæring:

- Medlemmer i Den norske kyrkja ber barna sine til dåpen.
- Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0–18 år blir inviterte til trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og som gir kunnskap om kristen tru.
- Fleire barn og unge deltar i barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden og i dei frivillige organisasjonane som er knytte til kyrkja.
- Konfirmasjonstida gir fellesskap og næring til tru og liv.
- Kyrkja legg til rette for menneske med funksjonsnedsetting.
- Aldersgruppa 18–30 år erfarer at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg.
- Kyrkja har trusopplæring for vaksne.
- Kyrkja deler evangeliet gjennom ord, nærvær og handling, lokalt og globalt.
- Samisk kyrkjeliv er livskraftig og likeverdig og i stadig fornying og utvikling. Samisk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.
- Kvensk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.
- Teiknspråket og døve sin kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.

3 - Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv:

- Kyrkja skaper rom for ulike uttrykk gjennom kunst og kultur, særleg for unge.
- Kyrkja arbeider målretta med rekruttering innan kyrkjemusikk.
- Kyrkja er ein relevant samarbeidspartner for kulturlivet elles.
- Kyrkja som kulturarena er ein berebjelke i folkekyrkja sin plass i samfunnet.
- Kyrkja er ein aktiv forvaltar av salmeskatten.

4 - Kyrkja engasjerer seg i samfunnet:

- Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket.
- I samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjonar fremjar kyrkja omsorg, rettferd og respekt.
- Kyrkja stimulerer menneske til aktivt samfunnsengasjement.
- Kyrkja samarbeider med styresmakter, livssynssamfunn og ulike organisasjonar i sitt samfunnsoppdrag.
- Kyrkja er aktiv og synleg i media.
- Kyrkja styrkjer samarbeidet med skolar og barnehagar.
- Kyrkja oppsøker og tilbyr fellesskap til dei som er nye i Noreg.
- Kyrkja fremjar religionsdialog lokalt, regionalt og nasjonalt.

5 - Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid:

- Kyrkja inspirerer til deltaking i frivillig teneste.
- Kyrkja sikrar gode arbeidsforhold for sine frivillige og tilsette.
- Kyrkja styrkjer rekruttering til kyrkjeleg utdanning.
- Kyrkja medverkar til at fleire søker kyrkjelege stillingar.

6 - Kyrkja skaper trygge rom:

- Alle menneske har ukrenkeleg verdi.
- Kyrkja deltek i arbeid mot undertrykking og alle former for vald og overgrep.
- Kyrkja fremjar språk for, og samtale om, grenser, makt og seksualitet.
- Kyrkja deltek i #metoo-bevegelsen, #torsdagerisvart og tilsvarande.

7 - Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon:

- Kyrkja har demokratiske ordningar som sikrar at ho blir styrt i samsvar med grunnlaget sitt og ønska til kyrkjemedlemmene.
- Kyrkja styrkjer ungdomsdemokratiet, særleg lokalt og regionalt.
- Kyrkja arbeider fram ei kyrkjeordning som varetar både lokal tilknytning og heilskapleg styring.

MÅL- OG RESULTATINDIKATORAR

Mer himmel på jord - resultatmål og nøkkelindikatorer for BDR og KR 2019-2021		Datagrunnlag:
Strategiske mål:	Resultatmål:	Nøkkelindikator:
	Vekst i antall deltakere pr gudsjeneste	Gudsjenestedeltakelse / gudsjenestefrekvens
	Flere velger kirkelig vigsel	Antall vigslar
1. Gudsjenestelivet blomstrer	Oppslutningen om kirkelig gravferd holdes oppe. Flere menigheter inkluderer samisk språk i gudsjenestelivet. Oppslutningen om dåp holdes oppe. Oppslutningen om trosopplæringsstiltakene er stabil. Oppslutningen om konfirmasjon holdes oppe. Vekst i antall deltakere på konsertar og kulturarrangement i kirke	Antall kirkelige gravferder Antall menigheter som inkluderer samisk språk i lokal gudsjenesteordning Antall doppte barn Deltakerandel i utvalgte, landsomfattende tiltak Konfirmererte av doppte 15-åringar Antall deltakere på konsertar/kulturarrangement i kirke Antall åpne kirker
2. Flere søker dåp og trosopplæring	Flere menigheter med diakonal betjening	Andel menigheter med diakonal betjening
3. Kunst- og kulturuttrykk er en del av kirkelivet	Flere menigheter tilbyr fellesskap til nye i Norge	Antall menigheter med tilbud ifm integreringsarbeid
4. Kirken engasjerer seg i samfunnet	Arbeid med religionsdialog styrkes. Kirkens digitale nærvær øker. Kirken er synlig på flere arenaer i det offentlige rom. Samarbeidet kirke/skole styrkes. Rekruttering til vigselstiltak styrkes. Flere engasjerer til frivillig tjeneste i kirken. Kirkelige medarbeidere trives i jobben. Tilbud for unge i menighetene styrkes. Oppslutning om kirkevalg opprettholdes. Reduksjon i administrative kostnader.	Antall fora for religionsdialog Antall SoMe-kanalar. Antall følgere pr kanal og poster pr uke pr kanal Antall artiklertreff på 'Dnk' i radio, TV, print, nettviser. Antall frokostseminar/annet Antall barnehage- og skolegudsjenester Antall vigslar Antall frivillige Medarbeiderundersøkelser / sykefravær Antall deltakere på tilbud for 13-17år/18-30år Valgdeltakelse Administrative kostnader
5. Flere finner sin plass i kirkelig arbeid		Antall deltakere på BDR/fellesråd/ Google analytics eller tilsvarende
6. Kirken har en demokratisk og vel-fungerende organisasjon		Medieovervaking/ rapportering fra BDR/fellesråd/menigheter Medlemsregisteret Rapportering fra bispedømmeråd Menighetenes årsstatistikk Rapportering fra Kirkerådet Menighetenes årsstatistikk /rapporteringssystem Medlemsregisteret Regnskap for rettssubjektet

BISPEDØMMET SIN STRATEGI

Mer himmel på jord

Strategi for Stavanger bispedømme 2019-2021

Vi vil være en kirke som

TROR

Vi vil inspirere til å søke kilder til tro og møte lengsel

- ❖ Skape rom for bønn, refleksjon, stillhet og estetikk som setter oss i forbindelse med noe større enn oss selv
- ❖ La Bibelen bli brukt aktivt
- ❖ Invitere til gudstjenester, dåp og hellige handlinger som åpner for erfaringer av Guds nærvær i menneskers liv.

BRYR SEG

Vi vil se, engasjere oss og vise omsorg gjennom å

- ❖ Være til stede for mennesker i krevende livssituasjoner og de som opplever utenforskap
- ❖ Være til stede lokalt, bl.a. gjennom samarbeid med organisasjoner og det offentlige
- ❖ Skape endring i møte med klimatrusselen
- ❖ Tilby flere møteplasser for ungdom og unge voksne

ÅPNER

Vi vil være en kirke med rom for alle gjennom å

- ❖ Åpne kirkene
- ❖ Styrke medlemmenes tilknytning til kirken
- ❖ Satse på kirkelig kulturvirksomhet
- ❖ Styrke kirkens nærvær i sosiale medier og i det offentlige rommet

DELER

Vi vil være engasjerte, livsnære og tydelige formidlere gjennom å

- ❖ La barn og unge vokse i tro, få ressurser til livsmestring og utfordres til engasjement
- ❖ Bruke et mangfold av uttrykk
- ❖ Ta menneskers liv, spørsmål, lengsel og erfaringer på alvor.
- ❖ Skape engasjement for misjon, religionsdialog og globalt fellesskap

INVITERER

Vi vil skape gode fellesskap gjennom å

- ❖ Fremme god samarbeidskultur
- ❖ Legge grunnlag for rekruttering, trivsel og vekst
- ❖ Bidra til gode prosesser i arbeidet med ny organisering
- ❖ Inspirere til frivillig medarbeiderskap



DEN NORSKE KIRKE
Stavanger bispedømme

RESULTAT I 2018

I «Vurdering av framtidssutsikter» i årsrapport for 2018 peika me særleg på desse utfordringane:

Kyrkjeleg verksemd:

- ungdom og ungdomsdiakoni
- å skapa nyrekruttering til gudstenestefelleskap
- å gjera kvardagskyrkja synleg
- fellesskapsarenaar og frivilligheit for eldre
- å vera kyrkje for nye i Noreg.
- dåp

Samfunnsengasjement

- å styrka kyrkjeleg kommunikasjon
- ha kyrkjelydar som er synlege i lokalsamfunnet
- godt samarbeid med kommunane og arbeid for eit livsynssope samfunn.

Organisasjonsutvikling

- satsing på kyrkjeleg eigenfinansiering
- rekruttering
- styrka heilskapleg og felles satsing på felles utfordringar i kyrkja.

Me kommenterte også:

Nokre målgrupper viser mindre spontan interesse for kyrkjelege tilbod. Det kan sjå ut som kyrkjelydane lettare rettar arbeidet inn mot familiar enn einslege vaksne, lettare mot barn enn eldre ungdom, lettare inn mot menneske med norsk kulturbakgrunn enn nye i Norge, lettare inn mot folk med gjennomsnittleg inntekt enn dei som ligg høgt og lågt, lettare inn mot dei som trivst med ord enn dei som heller vil ha ei verktøykasse.

Me treng derfor å utvida kva språk og arbeidsformer me har i kyrkja.

OVERORDNA RISIKOVURDERING

Det er nytt i denne årsplanen at me vurderer risiko samla for kvart mål og ikkje for kvart einskild tiltak. Dette gjev eit samla bilete av risikosituasjonen. Me har også presisert korleis me tolkar dei ulike nivåa av risiko.

Dette kan hjelpa oss å prioritera. Når me ser på dei ulike områda i årsplanen, så har desse svært høg risiko:

- Dåp
- Trusopplæring for vaksne
- Rekruttering

Dette vil seia at om ein når desse målet eller ikkje vil ha stor innverknad på korleis situasjonen for kyrkja vil vera framover. Trusopplæring for vaksne og vaksne si tilknytning til kyrkja slår inn på mange andre område.

Desse områda har høg risiko, noko som vil seia at med mindre ein set inn tiltak vil ein truleg ikkje nå viktige mål.

- Gudsteneste
- Konfirmasjon, trusopplæring og ungdom
- Gravferd
- Nye i Noreg
- Kyrkje i sosiale medium

Her er risikovurderinga middels, det vil seia at me vurderer situasjonen som relativt stabil, men likevel slik at tiltak er nødvendig.

- Vigsel
- Diakoniplanar og diakonal betjening
- Frivillig medarbeidarskap
- Inkluderande kyrkjeliv, samisk kyrkjeliv, religionsdialog og pilgrim
- Kyrkje-skule-samarbeid
- Kyrkjeleg kulturverksemd, opne kyrkjer og kyrkje i det offentlege
- Personalarbeidet og administrativ ressursbruk

Ein kan merka seg at det ikkje alltid er samsvar mellom kyrkjelege tradisjonar og kor risikoen er størst her og nå. Ein av årsakene til høg risiko kan nettopp vera at tradisjonen ikkje tilseier klar satsing på eit område, slik at det tek tid for organisasjonen å snu seg rundt. Der risikoen er høgast er det sett i gang prosessar, men ein har enno ikkje fått resultat som tilseier at risikosituasjonen er betra.

1. GUDSTENESTELIV

GUDSTENESTEDELTAING				
NASJONALT MÅL		VEKST I TALET PÅ GUDSTENESTEDELTAINGARAR		
INDIKATOR		GUDSTENESTEDELTAING OG GUDSTENESTEFREKVENS		
BISPEDØMMETS STRATEGI		Invitera til gudstenester som opnar for erfaring av Guds nærvær og bruka eit mangfald av uttrykk		
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Gudstenestene har svekka opplutning, særleg blant unge. Det finst sprikande ønske for korleis gudstenester skal vera Det er vanskeleg å rekruttera nye, faste gudstenedeltakarar 		<ul style="list-style-type: none"> God kvalitet på gudstenester Invitasjonar til nye, inn i inkluderande gudstenedefelleskap Tilbod til barn i samband med gudstenedesta 		
TILTAK		ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Kurs om gudstenester for små og store	Kreativ og målgruppeorientert formidling i gudstenedesta.	2019	Februar 2020
2	Innføring av revidert ordning for hovudgudstenedesta	Gode rammer for lokal gudstenedefeiring	2019	Desember 2020
3	Ta opp gudstenester retta mot ungdom og konfirmantar i prostemøte	Betre opplutning blant unge	2020	
4	Nye prestestillingar retta mot ungdom	Fleire ungdomsmiljø og tydelegare ungdomsfokus	2020	
RISIKOVURDERING				
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Me vil ikkje setja sannsynlegheita for å ikkje nå målet ned til middels før me ser teikn på vekst og måloppnåing. Me trur desse tiltaka er ein god måte å jobba med dette på i 2020.
Høg	Høg	Høg	Høg	

2. KYRKJELEGE HANDLINGAR

DÅP				
NASJONALT MÅL		Å HALDA OPPE OPPSLUTNINGA OM DÅP		
INDIKATOR		TALET PÅ DØYPTE		
BISPEDØMMETS STRATEGI		Invitera til gudsteneste, dåp og heilage handlingar som opnar for erfaringar av Guds nærvær.		
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFATORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Mange tenkjer at dei ikkje vil gjera val av tru på vegne av barna, særleg i familiar med foreldre med ulik tru. Ikkje alle kyrkjelydar prioriterer dåpsarbeid høgt nok Større grupper har svekka tilknytning til kyrkja 		<ul style="list-style-type: none"> møte folk på ei reflektert og inkluderande måte i dei møtepunkta me har Kommunikasjonsarbeid som gjer at folk blir motiverte til å døypa Kyrkjelydane kjenner eiga dåpsopplutning og er motiverte for dåpsarbeid 		
TILTAK		ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Kommunikasjonsarbeid med fokus på dåp	Fleire vel dåp	2020	
2	Dåpskort – eit nytt verktøy for dåpssamtalen	Høgare kvalitet på dåpssamtalen.	2019	2020
3	Fokus på dåp i utviklingssamtalar i trusopplæringa	Eit strategisk møtepunkt med alle sokn.	2020	
4	Fokus på dåp i møtepunkt med kyrkjelydane	Dåp skal så ofte som mogleg vere tema på samlingar i regi av BDR.	2020	
5	«Håpsfestival – eit håp som varer.» Konferanse med fokus på dåp i august 2020.	Inspirasjon og mobilisering til sterkare fokus og betre kvalitet på arbeidet i kyrkjelydane kring dåp.	2020	2020
RISIKOVURDERING				
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	
Svært høg	Svært høg	Høg	Svært høg	
Risikovurderinga viser at dette er eit område som er svært viktig og må prioriterast høgt.				

KONFIRMASJON

NASJONALT MÅL		Å HALDA OPPSLUTNINGA OM KONFIRMASJON OPPE			
INDIKATOR		KONFIRMERTE AV DØYPTE 15-ÅRINGAR			
BISPEDØMMETS STRATEGI		La unge voksa i tru, få ressursar til livsmeistring og utfordrast til engasjement			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?			KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
Oppslutninga om konfirmasjon er ikkje sjølvst. Me ser tendensar til at fleire av medlemmene vel bort konfirmasjon i kyrkja.			<ul style="list-style-type: none"> • konfirmantopplegg med god kvalitet i alle ledd. • god og aktuell informasjon om konfirmasjon til 14-åringane. 		
TILTAK			ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Konfirmanthefta til alle døypte 14-åringar i bispedømmet i samarbeid med Kyrkerådet		Nå ut til alle 14-åringar med tilbod og informasjon om kyrkjeleg konfirmasjon	2020	2020
2	Gjera rapporten frå arbeidet med konfirmantplanane kjend i ulike samanhengar, til dømes MUV, bispedømmerådet, på rådgevarsamling og i Kyrkerådet.		Me trur at arbeidet med konfirmantplanane har gitt oss verdifull kunnskap om korleis kyrkjelydane arbeider med konfirmasjon. Dette trur me andre og kan ha glede av å kjenne til.	2020	2020
3	Kurs om å skapa gode rammer i undervisninga		Økt tryggleik og betre kvalitet	2020	2020
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Her er bispedømmet sitt arbeid ein del av eit større bilete, men viss me arbeider godt med dette vil me bidra til så god oppslutning som mogleg.	
Høg	Høg	Høg	Middels		

VIGSEL

NASJONALT MÅL		FLEIRE VEL KYRKJELEG VIGSEL			
INDIKATOR		TALET PÅ VIGSLAR			
BISPEDØMMETS STRATEGI		Heilage handlingar som opnar for erfaring av Guds nærvære.			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?			KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Mange vel noko anna enn kyrkjeleg vigsel 			<ul style="list-style-type: none"> God kvalitet på vigslar God tilrettelegging for ønska frå brudepar God kyrkjeleg kommunikasjon om verdien av kjærleik og gode parforhold 		
TILTAK			ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Ta opp og drøfte utfordringar i møte med individuelle ønske frå brurepar		God organisering og gode løysingar for både kyrkja og brurepara.	2020	
2	Kommunikasjonsarbeid		Gjera vigsel i kyrkja kjent så fleire vil koma.	2020	
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Det trengst tiltak for å auka oppslutninga om kyrkjeleg vigsel. Kyrkja anerkjenner også andre former for vigsel, men ønsker at fleire brukar kyrkja.	
Høg	Middels	Middels	Middels		

GRAVFERD

NASJONALT MÅL	Å HALDA OPPE OPPSLUTNINGA OM KYRKJELEG GRAVFERD			
INDIKATOR	TALET PÅ GRAVFERDER I KYRKJA			
BISPEDØMMETS STRATEGI	Heilage handlingar som opnar for erfaring av Guds nærvære. Vera til stades for menneske i krevjande livssituasjonar.			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Svak tilknytning til kyrkja hjå deler av befolkinga Potensiell konkurranse frå gravferdsbyrå 		<ul style="list-style-type: none"> Kvalitet på kyrkjelege gravferder Tilrettelegging for ønske frå pårørande Godt samarbeid med gravferdsbyrå 		
TILTAK		ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Ta opp utfordringar i møte med ønske frå pårørande i møte med prestar og kyrkjemusikarar	Gode rammer for gjennomføring og tilrettelegging	2020	
2	Møte med gravferdsbyrå	Godt samarbeid med gravferdsbyrå	2020	
RISIKOVURDERING				
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Me har ikkje sett dramatiske endringar i oppslutninga om gravferd i bispedømmet, men veit at dette er ein tydeleg risiko. Ønske om alternativ musikk er ein faktor som påverkar dette. Medlemsundersøkinga viser at gruppa som ikkje synest det er viktig med kyrkjeleg gravferd er større enn kyrkja sin del av gravferdene i dag.
Høg	Høg	Middels	Høg	

3. UTVIKLING I KYRKJELYDANE

3.1. DIAKONI

DIAKONI I KYRKJELYDANE OG SAMFUNNET				
NASJONALT MÅL		FLEIRE KYRKJELYDAR UTVIKLAR PLAN FOR DIAKONI		
INDIKATOR		TALET PÅ KYRKJELYDAR MED GODKJENT PLAN		
BISPEDØMMETS STRATEGI		Vera til stades i krevjande livssituasjonar, skapa endring i møte med klimatrusselen, fokus på livsmestring		
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFaktorAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Ny plan for diakoni skal opp på Kyrkjemøtet i 2020 		<ul style="list-style-type: none"> Innføring i diakoniplan i kyrkjelydane 		
TILTAK		ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Innføring i planen for diakonar/diakoniarbeidarar	Fagleg oppdatering for diakonar og diakoniarbeidarar	Haust 2020	2020
2	Prostivis innføring i revidert plan for sokneråd, frivillige og diakoniutval	Satsing på dei nye, diakonale utfordringane frå planen	Haust 2020	2021
3	Innføring i planen for prostar og kyrkjevevjerer	Fokus på nye, diakonale utfordringar	Vår / haust 2020	2020
RISIKOVURDERING				
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Det er svært viktig at kyrkjelydane har eit godt diakonalt arbeid. Mange har alt planar for diakoni, men nå får dei impulsar til nye fokus og oppdateringar.
Middels	Middels	Låg	Middels	

FRIVILLIG MEDARBEIDARSKAP

NASJONALT MÅL		FLEIRE BLIR ENGASJERTE I FRIVILLIG TENESTE I KYRKJA			
INDIKATOR		TALET PÅ FRIVILLIGE			
BISPEDØMMETS STRATEGI		Inspirera til frivillig medarbeidarskap og fremma god samarbeidskultur.			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?			KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Manglande motivasjon for frivillig teneste i kyrkjelydane Frivillige sit med ubrukte ressursar Utfordringar med organisering verkar demotiverande 			<ul style="list-style-type: none"> Skapa motivasjon til frivillig teneste Gje medarbeidarar meningsfulle og viktige oppgåver, gjerne i fellesskap God organisering og klare ansvarslinjer for rekruttering og oppfølging av frivillige 		
TILTAK			ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Fokus på medarbeidarskap i trusopplæringsreforma, m.a. gjennom utviklingssamtalar/minikurs i planutvikling .		Fleire frivillige	2020	
2	Tematisera frivillig teneste i visitasar og på andre faste møtepunkt i bispedømmet.		Fleire frivillige	2020	
3	Gjera forskning på kyrkjeleg frivilligheit kjent for leiarar		Betre kvalitet på tilrettelegging for frivillig arbeid.	2020	
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Det viktigaste arbeidet med dette skjer i kyrkjelydane. Me hadde ein større konferanse om frivillig teneste for nokre år sidan, slik at me nå fokuserer på meir generelle støttetiltak.	
Middels	Høg	Middels	Høg		

DIAKONAL BETJENING

NASJONALT MÅL		FLEIRE KYRKJELYDAR MED DIAKONAL BETJENING			
INDIKATOR		PROSENTDEL KYRKJELYDAR MED DIAKONAL BETJENING			
BISPEDØMMETS STRATEGI					
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?			KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Mange kyrkjelydar har ikkje diakonstillingar Diakonale prosjekt manglar nokon som kan ta ansvar 			<ul style="list-style-type: none"> Tildeling til diakoni frå Kyrkjerådet Tildeling til diakoni frå kommunane Innsamla ressursar til diakoni 		
TILTAK			ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Utfordra diakoniarbeidarar til å gå inn i eit utdanningsløp for å bli vigsla til diakon		Fleire kyrkjelydar får diakonal betjening	2020	
2	Gjera behovet for fleire diakonar synleg		Fleire diakonstillingar	2020	
3	Støtta opp om arbeid med å tilby diakonutdanning i Stavanger		Kortare veg til å bli diakon for folk frå denne regionen	2020	
4	Fokus på samarbeid med kommunar på visitasar		Fleire diakonstillingar		
5	Følgja opp nye ressursar til diakonistillingar		Vidareutvikling av diakonien	2019	
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Det finst vilje til å satsa meir på diakoni og mange potensielle prosjekt. Det gjer at risikovurderinga blir middels. Alvorsgrada er høg, sidan dette er viktig og behova store.	
Middels	Høg	Middels	Høg		

NYE I NOREG

NASJONALT MÅL	FLEIRE KYRKJELYDAR TILBYR FELLESSKAP TIL NYE I NOREG			
INDIKATOR	TALET PÅ KYRKJELYDAR MED TILBOD OM INTEGRERINGSARBEID			
BISPEDØMMETS STRATEGI	Vera til stades for menneske i krevjande livssituasjonar og dei som opplever utanforskap. Skapa globalt fellesskap.			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> • Det er for svak kontakt mellom Den norske kyrkja og nye i Noreg • Mange nye hører til andre kyrkjesamfunn eller andre trussamfunn. 		<ul style="list-style-type: none"> • God kontakt med flyktingetenesta i kommunen • frivillige som vil engasjera seg • Kjennskap til moglege, gode arbeidsformer 		
TILTAK		ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Fagdag med fokus på nye i Norge	Fleire tiltak og god kvalitet	2020	
2	Samarbeid med KIA – Kristent Interkulturelt Arbeid	Betre kontakt med nye i Noreg	2020	
RISIKOVURDERING				
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	
Høg	Høg	Middels	Høg	Dette er ei stor utfordring, der me håpar på positiv utvikling over tid.

3.2. KYRKJE FOR BARN OG UNGE

TRUSOPPLÆRINGSTILBOD				
NASJONALT MÅL		Å AUKA OMFANGET AV TRUSOPPLÆRINGSTILBOD		
INDIKATOR		GJENNOMSNI TTLEG TIMETILBOD I KYRKJELYDANE		
BISPEDØMMETS STRATEGI		La barn og unge veksa i tru, få ressursar til livsmeistring og bli utfordra til engasjement.		
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFAKTORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge får ikkje tilstrekkelege tilbod om trusopplæring. Kyrkjelydane har ikkje nok kompetanse, erfaring og ressursar til å etablera tiltak som svarar til det anbefalte omfanget. Låg oppslutning på tiltak kan føra til at ein ikkje har mot til å setta i gang nye tiltak. 		<ul style="list-style-type: none"> Lokalt eigarskap og stadeigen utforming av trusopplæringsarbeidet. God kompetanse og ressurstilgang i trusopplæringa lokalt. Nasjonale breiddetiltak som gjer det enkelt å starta tiltak og skapar felles marknadsføring som når breiare ut. 		
TILTAK		ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Motivera til tverrfagleg eigarskap i trusopplæringa.	Meir trivsel, god ressursbruk og større effekt og kvalitet	2020	2020
2	Kurs i planutvikling i Ryfylke og Karmøy. Vurdera planar i Dalane, Jæren og Domprostiet.	Kontinuerleg utvikling av tilbodet	2020	2020
3	Kurs i bibelverssongar ved Hilde Sveta	Når du syng, sit læringa fast i kroppen og vil kunne vere med den einskilde heile livet.	2020	2020
RISIKOVURDERING				
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Sjølv om trusopplæringa har etablert seg som eit breitt, velfungerande og viktig arbeidsfelt, er det framleis mykje igjen før me har tilbod som når alle døypte.
Høg	Høg	Middels	Høg	

OPPSLUTNING OM TRUSOPPLÆRING

NASJONALT MÅL		STABIL OPPSLUTNING OM TRUSOPPLÆRINGSTILTAK			
INDIKATOR		DELTAKARDEL I UTVALDE, LANDSOMFATTANDE TILTAK			
BISPEDØMMETS STRATEGI		La born og unge vokse i tru, få ressursar til livsmeistring, og utfordrast til engasjement			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?			KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFATORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> • Konkurransen om barn og unge si tid • Manglande interesse for trusopplæring hjå nokre grupper 			<ul style="list-style-type: none"> • Meningsfulle tilboda der deltakarane kjenner seg velkomne • God kvalitet på tilboda • God kommunikasjon 		
TILTAK			ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Utviklingssamtalar med alle kyrkjelydane, med fokus på oppslutninga og trusopplæring som kyrkjelydsutvikling.		Kyrkjelydane blir medvitne om oppslutninga om tiltaka og reflekterer rundt dette.	2020	2020
2	Minikurs i planutvikling/revisjon og plangjennomgang. Fokus på bibelforteljingar, kristne praksisar og kopling til livet.		Skapa utvikling og fornying	2020	2020
3	Prosjekt om innovasjon i breiddetiltaka. Sikre betre kvalitet i det einaskilde tiltaket og samanheng mellom tiltaka.		Betre læring og samanheng i undervisninga gir betre utbytte for deltakarane.	2020	2021
4	Fokus på kommunikasjon i utviklingssamtalar og på samlingar		Betre kommunikasjon og større oppslutning.	2020	2020
5	Arrangera medarbeidardag for kontaktpersonar med fokus på kvalitet i trusopplæringstiltaka.		Bidra til større samanheng i formidlinga av den kristne trua i tiltaka.	2020	2020
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Oppslutning om trusopplæring er svært viktig for kyrkja. Dei siste åra har oppslutninga gått forsiktig ned.	
Høg	Svært høg	Middels	Svært høg		

UNGDOM OG UNGE VAKSNE

NASJONALT MÅL		STYRKA TILBOD TIL UNGE I KYRKJELYDANE			
INDIKATOR		TALET PÅ DELTAKARAR PÅ TILBOD FOR 13-17 ÅR OG 18-30 ÅR			
BISPEDØMMETS STRATEGI					
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?		KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFaktorAR)			
<ul style="list-style-type: none"> Ikkje alle kyrkjelydar eller område har tilbod til ungdom Ikkje alle har gode lenker til organisasjonane sitt arbeid For få deltakarar på tilbod. Me har låg oppslutning blant unge vaksne 		<ul style="list-style-type: none"> At kyrkjelydane set av ressursar til ungdomsarbeid At kyrkjelydane finn tiltak som appellerer til ungdom Samarbeid mellom kyrkjelydar og organisasjonar Frivillige leiingar 			
TILTAK		ØNSKA EFFEKT		OPPSTART	AVSLUTNING
1	Ungdomsting og ungdomsråd	Motivasjon, rekruttering og gode råd til kyrkjelydane		Årleg	Årleg
2	Fagdag ungdom	Auka kvalitet på ungdomsarbeid		2020	2020
3	Nettverk for ungdomsleiarar	Etablera fellesskap for å dela idear og gje motivasjon		2020	
4	Drøfta ressursbruk i leiarforum i bispedømmet	Styrka ungdomsarbeid		2020	
5	Møtepunkt med organisasjonane	Auka kvalitet og kraft i satsinga		2020	
6	Ladestasjon for ungdomsleiarar	Fagleg og personleg påfyll til dei som har ansvar		2020	2020
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Sjølvsagt om det finst ungdomsarbeid som fungerer godt i einiske kyrkjelydar, har me samla sett for svak oppslutning blant ungdom og unge vaksne. Det gjer dette til eit område som er viktig i seg sjølv og for kyrkja si framtid. Bispedømmet si rolle er å utfordra, utrusta og leggja til rette for satsing i kyrkjelydane.	
Høg	Svært høg	Middels	Svært høg		

TRUSOPPLÆRING FOR VAKSNE

REGIONALT MÅL		STØRRE IDENTIFIKASJON MED KRISTEN TRU OG PRAKSIS BLANT MEDLEMMANE			
INDIKATOR		TAL FRÅ MEDLEMSUNDERSØKING			
BISPEDØMMETS STRATEGI		Ta på folk sine spørsmål, lengt og erfaringar på alvor Møte åndeleg lengt ved å skapa rom for bøn, refleksjon, stillheit og estetikk			
KVA ER UTFORDRINGANE PÅ DETTE OMRÅDET I DAG?			KVA ER VIKTIG FOR Å LUKKAST (KRITISKE SUKSESSFATORAR)		
<ul style="list-style-type: none"> Ein stor del av medlemmene har liten kontakt med kyrkja, og saknar kunnskap om kva kyrkja står for og kva den kristne trua betyr. 			Det er viktig for kyrkja å gi medlemmene kunnskap om kristen tru og praksis, stadfeste og visa vegar til tru på ein måte mange kan gripa.		
TILTAK			ØNSKA EFFEKT	OPPSTART	AVSLUTNING
1	Utarbeida ressursmaterieil om ulike portalar til Gud og tru i eit folkekyrkjeformat.		Gjera kunnskap om kristen tru tilgjengeleg i eit format med potensial til å nå mange.	2019	2021
2	Utarbeida kursopplegg på basis av ressursmateriellet		Gje kyrkjelydane ein reiskap til å møta dei som har lyst til å læra meir om kristen tru	2020	2021
3	Stimulera til bruk av «Gudsteneste steg for steg» på samlingar		Auka kunnskapen om gudstenesta, og visa korleis livet kan koplast til gudstenesta.		
RISIKOVURDERING					
FØR TILTAK		ETTER TILTAK		KOMMENTAR TIL RISIKOVURDERING	
SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	SANNSYNLEGHEIT	ALVORSGRAD	Målet er ei av kyrkja sine hovudutfordringar. Tiltaket vil derfor kunne treffa mange, men dette er ei utfordring det må arbeidast breitt med for å skapa endring.	
Svært høg	Svært høg	Svært høg	Svært høg		

INKLUDERANDE KYRKJELIV

REGIONALT MÅL	SIKRE AT MENNESKE MED UTVIKLINGSHEMMING FÅR REELL MOGELEGHEIT TIL Å TA DEL I SIN LOKALE KYRKJELYD. (KM2012)			
INDIKATOR	TALET PÅ TILTAK FOR MÅLGRUPPA OG TALET PÅ DELTAKARAR I DESSE.			
